

John Bjarne Jordal og Geir Gaarder

# Biologiske undersøkingar i kulturlandskapet i Møre og Romsdal i 1994.

Planter og sopp i naturbeitemarker og naturenger.



Rapport nr. 2 - 95



Fylkesmannen i Møre og Romsdal  
Landbruksavdelinga

**John Bjarne Jordal og Geir Gaarder**

**Biologiske undersøkingar  
i kulturlandskapet  
i Møre og Romsdal i 1994.**

**Planter og sopp  
i naturbeitemarker og naturenger.**

**Rapport nr. 2 - 95**

**Fylkesmannen i Møre og Romsdal  
Landbruksavdelinga**

Adresse/telefon til forfattarane:

John Bjarne Jordal  
6610 Øksendal  
Telefon 71 69 54 45

Geir Gaarder  
Miljøfaglig Utredning ans  
6630 Tingvoll  
Telefon 71 53 17 50

Rapporten kan tingast frå:  
Fylkesmannen i Møre og Romsdal  
Landbruksavdelinga  
Fylkeshuset, 6400 Molde  
Telefon 71 25 80 00

John Bjarne Jordal og Geir Gaarder:  
Biologiske undersøkingar i kulturlandskapet i Møre og Romsdal i 1994. Planter og sopp i naturbeitemarker og naturenger. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Landbruksavdelinga, rapport nr. 2 - 95. ISSN 0906-0363. ISBN 82-91585-01-6.

**Framsidefoto:**

*Til venstre: Eit hundreals soppartar er knytt til lite gjødselpåverka beite- og slåtteenger i fylket vårt. Bildet viser ein av dei sjeldnaste beitemarkssoppene, slimjordtunge (*Geoglossum difforme*), i mager eng, Skutholmen, Fræna, 30. sept. 1994.*

*Til høgre: Nærare 80 planteartar er i denne rapporten førebels definert som "naturengplanter" i Møre og Romsdal, dvs. artar som toler relativt lite gjødsling og lite attgroing. Planten på biletet, svartknoppurt, er ein av desse. Den er ei kystplante som sjeldan er funnen nord for Molde. Haukebø, Molde, 22. sept. 1994.*

*Alle foto i denne rapporten: John Bjarne Jordal.*

# FORORD

(Frå landbruksavdelinga)

Denne rapporten omhandlar planteliv og sopplflora i gamle beite- og slåttemarker i Møre og Romsdal, hovudsakleg innafor område som tidlegare er oppførte som verdfulle kulturlandskap i samband med den nasjonale registreringa. Undersøkinga er eit framhald av arbeid utført i 1992 og 1993, og siktet målet er å få eit betre oversyn over kva område som har eit særleg verdfullt biologisk mangfald.

Dette mangfaldet er resultat av driftsmåtar i landbruket gjennom mange generasjoner. Husdyrhald med beiting og bruk av slåttemark i eit småskalajordbruk var det vanlegaste i mange område. Rasjonaliseringa i landbruket og nye driftsmåtar har ført til at artsmangfaldet minkar. Nedlegging av bruk og attgroing er ein del av denne utviklinga.

Undersøkinga som no er gjort i 3 år i vårt fylke, er eit viktig bidrag i arbeidet med "Bevaring og bruk av biologisk mangfald". Sjølv om det enno står att område i Møre og Romsdal som ikkje er godt nok registrert, vil resultata i rapporten vera verdfullt i det vidare arbeidet både i kommunane og i heile fylket.

Vurderingar og synspunkt står for forfattarane si rekning.

Molde 27.04.95

Olav Mork  
Landbruksdirektør

  
Ole Syltebø  
Fylkesjordsjef

(Frå forfattarane)

Vi takkar grunneigarar og andre som har gjeve oss opplysningar eller hjelpt oss på anna vis. Vidare takkar vi Gunilla A. Olsson, Gunnar Austrheim og Sigmund Sivertsen, Universitetet i Trondheim, for synspunkt på utvalet av "naturengplanter", og Sigmund Sivertsen for hjelp med bestemming av eit par soppartar.

Jordalsgrend/Tingvoll 28.04.95

  
John Bjarne Jordal

Geir Gaarder

# INNHOLD

Samandrag .....	3
Innleining .....	5
Bakgrunn .....	5
Formål.....	6
Materiale og metodar .....	7
Registrering og innsamling .....	7
Artsbestemming, dokumentasjon .....	7
Verdsetting .....	7
Litteraturstudiar .....	10
Presentasjon av undersøkte område .....	10
Resultat.....	11
Planter på kulturmark, "naturengplanter" og "seterplanter" .....	11
Beitemarkssopp funne i fylket.....	21
Truga og sårbare artar (raudlisteartar) i kulturlandskapet i Møre og Romsdal .....	24
Oversiktstabellar for lokalitetar undersøkt i 1994.....	27
Averøy-Fräna, Atlanterhavsvegen, Hustadvika .....	30
Gjemnes, Gagnat .....	32
Haram, Skuløy og Haramsøy .....	33
Hareid, Kvines.....	36
Herøy, Nerlandsøy og Skorpa .....	38
Molde.....	42
Rauma, Romsdalen.....	45
Sande, Sandsøya.....	49
Stranda og Norddal, Geiranger og Eidsvatnet.....	52
Sunndal, Jordalsgrenda.....	55
Sunndal, øvre deler m. Grøvvassdraget.....	58
Surnadal, Nordmarka.....	67
Sykkylven, Velledalen.....	70
Tingvoll, Tingvoll Gard og Tingvoll-lia .....	71
Ørsta/Stranda, Norangsdalen.....	73
Diskusjon.....	79
Spesielle problem med undersøkingar av sopp .....	79
Verdsetting av lokalitetane .....	79
Skjøtsel: ordinær drift eller kunstig anding? .....	80
Kartlegging og skjøtsel i Sverige .....	81
Kommentarar til særleg verdfulle lokalitetar .....	82
Behov for vidare undersøkingar .....	84
Litteratur.....	85
Vedlegg .....	88
Andre sopp enn beitemarkssopp.....	88
Mesar og lav .....	95

# SAMANDRAG

Formålet med denne undersøkinga er å skaffa meir biologisk kunnskap om dei områda som er prioriterte i den nasjonale registreringa av verdfulle kulturlandskap, og å finna fram til eventuelle andre område som også kan ha stor biologisk verdi. Det har også vore viktig å peike tiltak for å bevara kvalitetane i desse områda. Vi har også hatt som formål å vidareutvikla metodar for verdsetting av område på grunnlag av det biologiske mangfaldet.

*Naturbeitemarker* og *naturenger* er gamle kulturmarkstypar som har få inngrep ut over beiting eller slått, i motsetnad til kulturbete og kultureng der ein gjødslar og pløyer som ein del av drifta. Desse kulturmarkstypene er i tilbakegang. Naturbeitemarker og naturenger har ei rekkje spesielle artar av planter og sopp. Desse artane er truleg opphavleg tilpassa eit landskap med opne sletter beita av ville grasetarar.

*Beitemarkssopp* er soppartar som tåler lite gjødsling og lite attgroing, og som derfor er sterkt knytt til naturbeitemarker og naturenger. Av rundt 140 slike artar som er kjent frå Noreg, er til no 96 artar funne i Møre og Romsdal. Fleire artar nye for Noreg vart funne i 1994. Vi har fokuser mykje på beitemarkssopp i feltarbeidet.

Rapporten inneholder ei førebels oversikt over *planter som har viktig førekomst på kulturmark* i fylket basert på litteraturstudiar og eigne erfaringar. Formålet med dette er mellom anna å sortera ut dei artane som er særleg utsette som følgje av dagens driftsformer. Dette gjeld særleg engplanter som toler lite gjødsling og lite attgroing. Desse kallar vi i denne rapporten "*naturengplanter*". Grasmarker i seterdalane manglar nokre av låglandsartane, men har i staden ein del fjellplanter som synest å ha fordel av beiting og slått, og desse kallar vi "*seterplanter*". Av dei rundt 980 planteartane som er kjent frå fylket vårt, synest det som om 500-550 artar har meir eller mindre viktig førekomst i kulturlandskapet ut frå ei skjønsmessig vurdering. Av desse er 79 førebels definert som "*naturengplanter*" og 43 som "*seterplanter*"

Vi har for første gong laga eit oversyn over kjente artar i kulturlandskapet i fylket som er truga av endringane i det moderne jordbruket, og som derfor står på den norske "raudlista". Ei raudliste er ei liste over artar som blir rekna som truga av menneskelege aktivitetar, eller endringar i slike aktivitetar. Dette oversynet omfattar 4 planter, 54 soppartar, 2 lavartar, 2 amfibiar, 5 fugleartar og 4 pattedyrartar. Andre grupper, som insekt, er lite kjent. Dei største trugsmåla er gjødsling eller attgroing i naturbeitemarker og naturenger og fjerning av artsrike kantområde.

Dei 55 lokalitetane som er undersøkt i 1994, er for det meste valt ut blant dei områda som er prioriterte som verdfulle kulturlandskap i fylket i samband med den nasjonale registreringa. Det er også omtala nokre lokalitetar som er undersøkte i samband med andre oppdrag (Tingvoll Gard i Tingvoll, Vaulen i Surnadal, lokalitetar i Øvre Sunndal og i Molde kommune). Sesongen vart avbroten etter snøfall i månadsskiftet september/oktober.

Kvar lokalitet er omtala med kartkoordinatar, landskapsregion, dato, områdeskildring, kommentarar til funn og ein konklusjon som mellom anna inneholder ei vurdering av den biologiske verdien og eventuelle forslag til endringar i bruken. Verdivurderinga er for det meste basert på førekomst av beitemarkssopp, "*naturengplanter*" og eventuelle uvanlege vegetasjonstypar. For beitemarkssopp er det brukt eit poengsystem som er omtala i tidlegare

rapportar, og for "naturengplanter" brukar vi førebels berre talet på artar. Talet på "seterartar" er i liten grad bruka i verdsettinga i denne omgangen.

Dei lokalitetane av naturenger og naturbeitemarker som etter våre undersøkingar i 1992-1994 synest å vera mest verdfulle ut frå biologisk mangfald av planter og sopp, er følgjande:

*Kysten:* Mulevika i Herøy, nordaustre del av Sandsøya i Sande, Kvitnes i Hareid, Alnes på Godøya i Giske, nordsida av Skuløya i Haram, Tautra i Midsund, Skutholmen i Fræna, Litj-Lauvøya i Averøy og nokre øyar på Sør-Smøla. Størst verdi, med mange truga artar, har Mulevika, Sandsøya og Skutholmen.

*Midtre og indre låglandsstrok:* Gagnat i Gjemnes, Tingvoll Gard i Tingvoll, to lokalitetar i Jordalsgrenda i Sunndal, Remmem i Rauma.

*Høgare strok, seterområda:* fleire lokalitetar i øvre Sunndal, Austergardssetra i Nordmarka i Surnadal, Syvergarden og Kabben i Brøstdalen i Rauma.

For dei fleste av desse områda foreslår vi at dei blir hevda i samsvar med tradisjonell og dels noverande bruk, det betyr å halda fram med beiting og/eller slått, og gjødsla minst mogleg. Artsrike lokalitetar er artsrike nettopp på grunn av slik bruk fram til no.

Det synest etter tre års undersøkingar som at kystgrasheiene er noko av det mest særmerkte og biologisk verdfulle i fylket vårt. Slike grasheiar krev god hevd for ikkje å gå over til lynchhei. Lokalitetar som Mulevika kan ein kanskje framleis finna på Færøyane, Orknøyane, Shetland og Skottland, men jordbrukskulturen vår held ved like eit kulturlandskap som blir stadig sjeldnare i Europa. I tillegg er det funne nokre få artsrike lokalitetar ved gardane i midtre og indre strok. Seterområda i fylket vårt er førebels dårleg undersøkt, men nokre område er alt kjent som verdfulle. Det er truleg at også seterdalane, som til no har vore haldne delvis opne ved beiting også i vårt fylke, er eit anna særmerke ved det norske kulturlandskapet som er verdt å ta vare på.

# INNLEIING

## Bakgrunn

I jordbrukssett kulturlandskapet har det skjedd store endringar i vår tid. På gamle bilete kan ein sjå at landskapet mange stader var opnare før. Der det før var open hagemark og beite- og slåttemarker finn vi idag ofte lauvskog eller granplantefelt. Vi har dermed fått ein mykje skarpare kant mellom fulldyrka mark og skog enn det var før. I seterområda har vi dei siste tiåra også hatt ei attgroing med skog (Bele 1993). I fulldyrka eng og åker skal det i det moderne jordbrukssett helst vera så få artar som muleg utover dei kulturplantene vi ønskjer å dyrka. Det er derfor kantområde og restareal frå det tidligare meir ekstensive jordbrukssettet som er mest artsrike. Ei rekke artar som tidlegare truleg var vanlege finn vi no lite av. Det er ein omfattande dokumentasjon på at gamle kulturmarkstypar var meir artsrike enn mykje av det vi finn i dag, og at mange artar i dag er i tilbakegang (f. eks. Ekstam & Forshed 1992, Ingeløg m. fl. 1993, Moen m. fl. 1993, Norderhaug 1988, Skogen 1992, Solheim 1989).

Følgjande naturtypar i kulturlandskapet er særleg viktige for biologisk mangfald (meir informasjon: sjå Skogen 1992, Moen m. fl. 1993, Gaarder 1994, Aksdal 1994 og Gaarder & Jordal i trykk):

- Naturenger og naturbeitemarker
- Knausar og tørrbakkar
- Urterike kantar
- Buskrike kantar
- Einerbakkar
- Hagemarker og lauvenger med styvingstre
- Hassellundar
- Llyngeier
- Bekker og våtmarker

*Denne rapporten inneholder registreringar i naturenger og naturbeitemarker, tørrbakkar, einerbakkar og til dels hagemark, altså stort sett dei opne delene av gammal kulturmark.*

Med *naturenger* og *naturbeitemarker* meiner vi gamle beite- og slåttemarker med låg jordarbeidingsgrad (udyrka eller rydda for stein for lenge siden), langvarig hevd og låg gjødslingsintensitet, og som framleis blir hevd med slått eller beiting (Jordal & Gaarder 1993, Jordal 1993b). Dette er typar som er i sterkt tilbakegang både lokalt, nasjonalt og internasjonalt på grunn av effektivisering og mekanisering. Naturenger og naturbeitemarker er viktige levestader for ei rad artar av mellom anna planter og sopp. Desse er opprinnelig tilpassa eit landskap med store grassletter og open skog beita av ville grasetarar. Etter kvart som menneska tok over landskapet, fann desse artane levestader der menneska og husdyra deira heldt landskapet ope. I den seinare tid har attgroing, skogplanting, dyrking og jordarbeid eller gjødsling med kunstgjødsel endra miljøet kraftig for desse artane. Ved slike inngrep forsvinn mange av dei typiske engartane. Særleg dramatisk har bruken av kunstgjødsel i etterkrigstida vore for desse artane. Dette er ein ny miljøfaktor som det viser seg at svært mange artar ikkje er tilpassa.

*Beitemarkssopp* er soppartar knyttar til naturbeitemark og natureng, i motsetnad til kulturbeite og kultureng (kunsteng). Beitemarkssoppane er økologiske spesialistar som er truga av endringane i det moderne kulturlandskapet (Jordal & Gaarder 1993, Jordal & Sivertsen 1992).

Tilsvarande finst ei rekke planteartar som også er knytt til desse naturtypane. I resultatkapitlet har vi laga utkast til ei liste over "*naturengplanter*" for fylket vårt. Dette er konkurransesvake engartar som er sårbare for gjødsling og attgroing, og som etter alt å døma er i tilbakegang.

Prosjektet "Nasjonal registrering av verdifulle kulturlandskap" vart starta i 1992 for å få ei oversikt over kva område i landet vårt som kan vera særleg verdifulle å ta vare på for framtida, av ulike grunner som tradisjonell bygningsmasse, tradisjonell drift, særprega landskap, biologiske verdiar eller andre kvalitetar knytta til kulturlandskapet (Østebrøt 1992). Som ei førebels oppsummering av prosjektet her i fylket vart det i 1994 av Fylkesmannen i Møre og Romsdal laga ei oversikt over dei kulturlandskapsområda i fylket vårt som synest å ha særlige kvalitetar (Aksdal 1994). Ein del av desse områda er plukka ut og tatt med i sluttrapporten frå det nasjonale utvalet (Iversen m. fl. 1994). Det er også laga ein rapport som vegleiing for kommunane i det vidare arbeidet (Tønnesen 1995).

I denne rapporten har vi prioritert å undersøkja dei områda som er utplukka av Aksdal (1994) og Iversen m. fl. (1994). Noko av feltarbeidet er utført i samband med opphold i felt for Norsk institutt for naturforskning (NINA), Norsk senter for økologisk landbruk (NORSØK), Surnadal kommune og Molde kommune.

## **Formål**

Formålet med denne undersøkinga er å skaffa meir biologisk kunnskap om dei områda som er prioriterte i den nasjonale registreringa av verdifulle kulturlandskap, og å finna fram til eventuelle andre område som også kan ha stor biologisk verdi. Det er også viktig å peike på faktorar og tiltak som er viktige for å bevara kvalitetane i desse områda. Det har også vore viktig å utvikla metodar for verdsetting av område ut frå biologisk mangfold.

# MATERIALE OG METODAR

## Registrering og innsamling

Registrering har vore utført ved å gå over lokalitetane så nøyne som råd, notera sopp og i nokre tilfelle planter, og samle inn alt som ikkje har vorte bestemt direkte. For det meste har begge rapportfattarane vore saman om feltarbeidet. Det har vore bruka ½-3 timer pr. lokalitet, alt etter storleik og artsrikdom. Krysslister for planter er laga berre for eit utval lokalitetar for å prøva ut ein verdettingsmetode basert på artsutvalet.

Det innsamla materialet (for det meste sopp) har vorte artsbestemt i fersk tilstand, d.v.s. helst same kveld. For sjeldne og vanskelege artar er dei innsamla eksemplara også beskrivne, oftast med både makroskopiske og mikroskopiske karakterar.

Vertilhøva er som nemnt i tidlegare rapportar ein kritisk faktor ved soppundersøkingar. Det mest særmerkte ved 1994-sesongen var tidelege snøfall med frost frå månadsskiftet september-oktober heilt ut til kysten, noko som både korta inn sesongen og vanskeleggjorde registrering av seine artar. Desse vertilhøva gjorde at denne rapporten vart noko mindre omfattande enn det som var tenkt, og at ein del seine artar i stor grad fall ut. Det må likevel takast med at det i 1994 i motsetnad til 1993 ikkje var frost i låglandet før snøen kom. Derfor var det i 1994 m. a. langt betre førekommst av raudskivesopp mange stader enn i 1993. I visse område, særleg i indre deler av Sunndal kommune, synest ettersommartørke og tidleg frost i høgare strok å ha øydelagt soppesongen.

## Artsbestemming, dokumentasjon

Artsbestemming av planter er gjort ved hjelp av Lid & Lid (1994), og norske namn følgjer også denne nye utgåva. Det er verdt å merka seg at ein god del planter har skifta namn i samband med den omfattande omarbeidninga av "Lids flora".

Bestemming av sopp er utført ved hjelp av stereolupe, stereomikroskop og diverse litteratur. For raudskivesopp (*Entoloma*) har vi brukt Noordeloos (1992, 1994). For jordtunger (*Geoglossum*, *Microglossum*, *Trichoglossum*) har vi brukt Olsen (1986). For fingersopp (*Clavaria*, *Clavulinopsis*, *Ramariopsis*) har vi brukt Jülich (1984) og Sveum (1983). For dei andre artane, bl. a. vokssopp, har vi brukt Hansen & Knudsen (1992), Ryman & Holmåsen (1984) og Arnolds (1990). I nokre tilfelle har vi fått hjelp av konservator Sigmund Sivertsen, Vitskapsmuseet, Universitetet i Trondheim. Alle interessante funn er tekne vare på i eit privat herbarium (J.B. Jordal), men vil bli overlate til eit offentlig herbarium etter kvart som materialet blir ferdig bestemt, innlagt på database og eventuelt publisert.

Vitskaplege navn følgjer dei publikasjonane vi har brukta i arbeidet. Ved usemje mellom ulike forfattarar har vi teke eit sjølvstendig standpunkt. Norske namn på sopp følgjer "Norske soppnavn 1985" med seinare tillegg.

## Verdisetting

Lokalitetar i kulturlandskapet kan vera svært ulike når det gjeld biologisk mangfold. Ofte har vi behov for å kunne uttrykkja meir presist kvifor vi meiner at ein lokalitet har eit meir verdfullt biologisk mangfold enn ein annan. I denne rapporten vil vi leggja vekt på ein kombinasjon av sopp, planter og vegetasjonstypar.

I vurderingane våre har vi valt å leggja vekt på ein kombinasjon av artstal og førekommst av artar som knytt til naturenger og naturbeitemarker. Der det finst sjeldne eller spesielle vegetasjonstypar (Moen m. fl. 1993) er dette også tatt omsyn til i vurderinga. Resultata av registreringane er alltid mangelfulle og gjev derfor ein *minimumsverdi* på lokaliteten. Lokaliteten har minst så stor verdi som funna skulle tilseie, og denne verdien vil ofte stiga som følgje av betre undersøkingar.

## **Verdisetting - soppflora**

Verdisetting av ein lokalitet ut frå *soppfloraen* følgjer den forrige rapporten vår (Jordal & Gaarder 1993), med litt justering av poeng for nokre soppartar og poenggrenser for regional og nasjonal verdi. Kort sagt går dette ut på at soppartar knytta til naturbeitemarker og naturenger med langvarig hevd (beitemarkssopp) får 1, 2, 4 eller 8 poeng alt etter kor sjeldne dei er, og kor spesialiserte dei synest å vera. Vi viser til nærmere forklaring i den nemnde rapporten (Jordal & Gaarder 1993). Artspoeng for dei enkelte artane går fram av tabell 2. Ein legg saman poengtala for alle artane på ein lokalitet, og den biologiske verdien vurderer ein ut frå dette poengtalet. Ved dårleg datagrunnlag (eitt besøk) må lokaliteten ha minst 15-20 poeng for å få regional verdi, og minst 35-40 poeng for å få nasjonal verdi. Ved godt datagrunnlag (mange besøk) må det vera minst 30-35 poeng for å få regional verdi, og minst 60 poeng for å få nasjonal verdi. Her må ein i tillegg bruka skjøn, blant anna fordi det finst mellomting mellom dårleg og godt datagrunnlag, og fordi lokalitetane har noko ulik storleik. Etter kvart som materialet aukar vil det bli muleg å laga kurver som viser korleis poenggrensene for regional og nasjonal verdi varierer med datagrunnlaget (talet på besøk/sesongar).

## **Verdisetting - vegetasjon og artsutval av planter**

Verdisetting av ein lokalitet ut frå *vegetasjon og artsutval av planter* burde vera enklere enn for sopp fordi kunnskapen om planter er større. Den norske registreringa av verdifulle kulturlandskap har likevel ikkje utvikla nokon tilfredsstillande metodikk på dette feltet. Det er rett nok definert vegetasjonstypar med tilhøyrande artsutval, men det er vanskeleg ut frå det materiellet som er laga for Vestlandet og Midt-Noreg å vurdera kor biologisk verdfull ein lokalitet er. For å finna verdettingsmetodar basert på artsutval av planter ønskjer vi heller å tilpassa metodar utvikla i Sverige i samband med den store "ängs- och hagmarksinventeringen" (Naturvårdsverket 1987, Ekstam & Forshed 1992, Bratt & Ljung 1993).

Ei rekkje planter er i tilbakegang i kulturlandskapet, særleg på grunn av attgroing og gjødsling. Dei mest sårbare er dei plantene som er knytta til gamle, lite gjødselpåverka naturenger. For Møre og Romsdal har vi førebels berre laga ei oversikt over planter som ut frå litteraturstudiar og eigne erfaringar synest å ha hovuddelen av utbreiinga si i slike lite gjødselpåverka enger og beitemarker ("naturengartar", særskilt merka i tabell 1). For indre og høgareliggjande strok har vi i tillegg laga ei oversikt over fjellplanter som synest å ha fordeler av beiting eller slått og dermed ein viktig del av utbreiinga si i seterdalane. Den sistnemnde lista er laga særleg på grunnlag av undersøkingar i Budalen i Sør-Trøndelag (Olsson m. fl. 1995), Grøvvassdraget (bl. a. Hagen 1976), og eigne erfaringar ("seterartar", særskilt merka i tabell 1). Vi har ikkje nok kunnskap til å laga eit poengsystem for planter slik ein har gjort mellom anna i Dalarne i Sverige (Bratt & Ljung 1993), og slik som vi sjølv har gjort for beitemarkssopp. *Vi vil i denne rapporten bruka talet på "naturengplanter" (tabell 1) saman med poengsum for beitemarkssopp som ein indikasjon på den biologiske verdien til*

*lokalitetane*. Talet på "seterartar" kan vera eit tilleggskriterium i seterområda. Samstundes er vi klar over at det er store skilnader frå kyst til innland, frå tørt til fuktig, og frå kalkrikt til kalkfattig. På same måte som når det gjeld poengsystemet for beitemarkssopp kjem vi derfor ikkje utanom å bruka skjøn i tillegg. Vi har i 1994 berre hatt som siktemål å prøva ut denne metoden for eit utval lokalitetar, og har derfor ikkje notert plantelister på alle lokalitetar vi har besøkt.

## **Verdisetting - førekost av truga artar**

Dersom ein lokalitet har mange artar tilhøyrande sårbare økologiske grupper som er truga av endringar i driftsmåtane i jordbruksystemet, er dette noko som gjev lokaliteten verdi framfor andre lokalitetar. Slike artar kan ha verdi for undervisning og forskning, for bevaring av gener, for bevaring av økologiske funksjoner og prosessar, og for oppleving og rekreasjon i dag og i framtida. Ein lokalitet med mange truga artar er det derfor særlege grunnar til å ta vare på. Framfor alt gjeld dette lokalitetar som inneheld artar frå dei to mest utsette kategoriene (direkte utryddingstruga og sårbar, sjå nedanfor).

Sidan midta av 1980-talet har mange land utarbeidd lister over artar som er truga av menneskeleg verksemd (raudlister). Dette arbeidet vart intensivert i samband med Rio-konferansen i 1992 og Konvensjonen om biologisk mangfold, som Noreg har ratifisert og som tredde i kraft i desember 1993. Raudlistene gjennomfører ei inndeling av artar i ulike kategoriar etter kor utsett dei synest å vera. Desse kategoriene er internasjonale. Følgjande kategoriar blir nytta i den norske raudlista (for nærmere definisjonar og forklaringar: sjå DN 1992):

<i>Utrydda:</i>	Arten har ikkje vore registrert dei seinare åra.
<i>Direkte truga:</i>	Arten er i fare for å bli utrydda.
<i>Sårbar:</i>	Arten kan snart å gå over i gruppa direkte truga dersom dei negative påverknadene held fram.
<i>Sjeldan:</i>	Arten er knytt til avgrensa geografiske område og er derfor i ein utsett situasjon.
<i>Hensynskrevande:</i>	Arten er framleis for vanleg til å koma i nokon av kategoriene ovanfor, men blir negativt påverka av ulike miljøfaktorar.
<i>Usikker:</i>	Arten blir halden for å vera anten direkte truga, sårbar eller sjeldan, men kunnskapen er for dårlig til å plassera den i ein kategori.
<i>Utilstrekkeleg kjent:</i>	Arten tilhøyrer truleg ein av kategoriene ovanfor, men kunnskap vantar.

Det kan reisast innvendingar mot utarbeiding og bruk av raudlister, og den viktigaste går på manglande kunnskap og dokumentasjon av tilbakegang. Det er likevel vår erfaring at auka kunnskap gir ein auke i talet på artar som blir rekna som truga, og at statusen til artar som alt står på raudlistene ofte blir skjerpa ved revidering. Fordi floraen, faunaen og kunnskapen om dei endrar seg, vil raudlister berre vera gyldige i eit avgrensa tidsrom før dei bør takast opp til ny revidering.

Den første norske raudlista vart laga i 1992 (DN 1992), og omfatta planter, moser, sopp, lav, pattedyr, fuglar, krypdyr, amfibiar, fisk og nokre grupper av virvellause dyr, særleg sommarfuglar og biller. Den delen som omfattar sopp er revidert i 1995, hovudsakleg som følgje av auka kunnskap og auka behov frå forvaltninga om å ha denne kunnskapen lett tilgjengeleg. Den eine av rapportforfattarane (J. B. Jordal) har vore ansvarleg for vurdering av beitemarkssoppene i den nye norske raudlista for sopp (Bendiksen m. fl. under arbeid).

## **Litteraturstudiar**

I denne rapporten presenterer vi ei liste over planter på kulturmark i fylket med "naturengplanter" og "seterplanter" utheva. I tillegg har vi laga ei liste over artar (planter, sopp, lav, pattedyr, fugl, amfibiar) i Møre og Romsdal som er truga av endringane i kulturlandskapet. Dette er ikkje nokon avtala del av prosjektet vårt, men vi har likevel sett det som nødvendig og verdfullt fordi det er avgrensa kunnskap om plante- og dyrelivet i kulturlandskapet, og fordi vi har behov for å samanlikna vår kunnskap med data frå andre område. Vi har derfor samla litteratur fra Noreg og Sverige og teke kontakt med sentrale personar.

## **Presentasjon av undersøkte område**

Områda er grupperte i hovudområde i samsvar med kulturlandskapsrapporten frå Fylkesmannen (Aksdal 1994). For at ein lettare skal finna fram, er hovudområda grupperte alfabetisk etter kommunenamn. For kvart hovudområde er det laga ein samletabell for beitemarkssopp, og ein for planter dersom det er gjort registreringar av dette. Data om mosar, lav og andre soppartar enn beitemarkssopp er samla i eit vedlegg bak i rapporten fordi dette ikkje har vore lagt til grunn i verdivurderingane. Dei ulike lokalitetane er omtala med kartblad og UTM-koordinatar, landskapsregion i samsvar med Aksdal (1994), dato for undersøkinga(ne), områdeskildring, kommentarar til funn, og ein konklusjon omkring verdi og råd om framtidig skjøtsel. For område som er skildra i tidlegare rapportar, er det berre vist til desse. Somme har likevel fått utfyllande omtale. Nye besøk vil i dei fleste tilfelle gje ny kunnskap og betre forståing for kvalitetane til eit område.

# RESULTAT

## Planter på kulturmark, "naturengplanter" og "seterplanter"

Som eit resultat av litteraturstudiar og eigne undersøkingar har vi sett opp eit oversyn over planteartar som har vesentleg førekomst på kulturmark i Møre og Romsdal (tabell 1). Med kulturmark meinest her opne enger og beitemarker (tørre, friske, fuktige), tresette enger og beitemarker (lauvenger og hagemark), og urterike og buskrike kantar. Ein del kant- og skogartar som er viktige i attgroingsprosessen er tekne med. I tillegg til dei 426 artane som er med i oversynet, er det frå fylket kjent rundt 160 artar av åkerugras, ballastplanter, forvilla hageplanter m. m. som ikkje er tekne med i denne rapporten, men som likevel kan seiast å høyra heime i kulturlandskapet. Nokre titals av desse er berre kjent frå ballastjord i Kristiansund i førre århundret. Utanom desse artane er det ein del planter som har meir eller mindre tilfeldig førekomst i kulturlandskapet, og som har hovudførekomst i skog, myr, ferskvatn, havstrand, berg og snaufjell.

Formålet med oversynet i tabell 1 er mellom anna å koma fram til ei liste over "naturengplanter", det vil seia engplanter med relativt låg toleranse for attgroat og gjødsling. Desse er utsette i dagens kulturlandskap fordi område som dei trivst i blir gradvis mindre vanlege. Resonnementet er at di fleire slike artar som finst på ein lokalitet, di større biologisk verdi har han som tradisjonell, artsrik kulturmark. Det finst ei rekke andre, meir trivielle engartar med høgre toleranse for gjødsling og/eller attgroat som ikkje er like utsette for endringane i driftsmåtar. Desse artane er derfor meir vanlege og vidt utbreidde.

"Naturengartane" er markerte med med feite typar og eit 1-tal i tabellen.

Ved Botanisk institutt, Universitetet i Trondheim, har ein utført botaniske undersøkingar i Budalen, Sør-Trøndelag (Olsson m. fl. 1995). Her plasserer ein fjellplanter som synest å ha fordel av beiting og slått i høgareliggende strok i ein eigen kategori kalla "seterplanter". Dette kan betraktast som "naturengartar" typiske for seterregionen, sjølv om nokre av artane av mange blir sett på som reine fjellartar med hovudutbreiing i gras- og urterike snøleie m.m. Artsutvalet er i stor grad henta frå Budalsundersøkinga, men vi har supplert med tilleggsartar med liknande økologi og som ikkje vart funne i Budalen. Mellom anna er undersøkingane i Grøvuvassdraget sentrale (Hagen 1976 m. fl., eigne registreringar). "Seterartane" er markerte med med feite typar og eit 2-tal i tabellen.

Av dei rundt 980 planteartane som er kjent frå fylket vårt, synest det som om 500-550 artar har meir eller mindre viktig førekomst i kulturlandskapet. Av desse er 79 førebels definert som "naturengartar" og 43 som "seterartar" i tabell 1. Artane er sortert ut frå ein privat database (tilhøyrande J. B. Jordal) som inneheld dei fleste planteartane som er kjent frå Møre og Romsdal ut frå tilgjengeleg litteratur.

*Tabell 1. Planter med vesentleg førekomst på kulturmark i Møre og Romsdal (426 artar), med informasjon om m. a. veksestad og toleranse for attgroing og gjødsling. Med kulturmark meinest her opne enger og beitemarker (tørre, friske, fuktige), tresette enger og beitemarker (lauvenger og hagemark), urterike og buskrike kantar. Åkerugras og innførte planter er i liten grad teke med. Artane er sortert etter norsk namn. Tabellen er basert på litteraturstudiar og eigne erfaringar.*

Forklaring til symbolbruk i tabell 1:

- <sup>1</sup> (feite typar) "naturengartar" i Møre og Romsdal: engplanter med låg toleranse for attgroing og gjødsling, utvelt hovudsakeleg på grunnlag av informasjon i tabellen.
- <sup>2</sup> (feite typar) "seterartar" i Møre og Romsdal: fjellplanter som synest å ha fordel av beiting/slått i seterregionen ("fjellets naturengartar"), hovudsakeleg utvelt frå Olsen m.fl. (1995).

**E&F** Ekstam, U. & N. Forshed, 1992: Om hävden upphör. Kärleväxter som indikatorarter i ängs- och hagmarker. Naturvårdsväret, Sverige. 1-135.

**Attgroingstoleranse:**

- A: forsvinn tidleg i attgroingsprosessen
- B: forsvinn middels tidleg i attgroingsprosessen
- C: forsvinn sein i attgroingsprosessen
- D: aukar ved attgroing

**Nitrogentoleranse:**

- 1: toler lite nitrogen
- 2: toler noko nitrogen
- 3: toler mykje nitrogen
- x: dårlig indikator på nitrogentilstand

**Nat** Naturvårdsverket, 1987: Inventering av ängs- och hagmarker. Handbok. Stockholm. 225 s.

N = arten er brukt som indikatorart for hevda og ugjødsla mark (bilag 4 s. 139-146) i samband med den store "Ängs- och hagmarksinventeringen"

**B&L** Bratt, L. & T. Ljung, 1993: Dalarnas ängar och betesmarker. Länsstyrelsen Dalarna, Miljövårdsenheten 1993:1. 357 s.

- |                                   |  |
|-----------------------------------|--|
| 1, 2 og 3 (positive poengtal):    | indikerer god hevd og lite gjødsling; di høgre poengtal, di større verdi |
| +                                 | uspesifisert positiv indikatorverdi                                      |
| -                                 | har liten indikatorverdi når det gjeld hevd og gjødsling                 |
| -1, -2 og -3 (negative poengtal): | indikerer attgroing og/eller gjødselpåverknad                            |

**Ols** Olsson, G. A., G. Austrheim, B. Bele & E. Grøntvedt, 1995: Seterlandskapet i Budalen og Endalen, Midtre Gauldal, Midt-Norge. Kulturhistoriske og økologiske forhold i fjellets kulturlandskap. Fylkesmannen i Sør-Trøndelag, Miljøvernnavdelingen. Rapport nr. 2-1995. 89 s. + vedlegg.

- |  |                              |
|--|------------------------------|
| 1 = fjellartar   | 4 = ugras og kunstengartar   |
| 2 = fjellartar som har fordel av kulturpåverknad ("seterartar")                                    | 5 = nitrogenkrevande planter |
| 3 = generelle engartar   | 6 = nøytrale artar           |
| N = indikatorartar for ugjødsla grasmarker hevda med slått og/eller beite (symbol i rapporten: 3b) |                              |

**Los** Losvik, M. H., 1993a: Hay meadow communities in western Norway and relations between vegetation and environmental factors. Nord. J. Bot. 13: 195-206.

Losvik, M. H., 1993b: Total species number as a criterion for conservation of hay meadows. I: Bunce, R. G. H., L. Ryszkowski & M. G. Paoletti (eds.): Landscape ecology and agroecosystems. Lewis publishers. Boca Raton, Ann Arbor, London, Tokyo. s. 105-111.

N = "traditional species", engart som indikerer låg gjødselpåverknad  
- = andre registrerte artar i eng

Latinsk slekts-namn	latinsk artsnamn	norsk namn	E&F	Nat	B&L	Ols	Los	Moen m. fl. 1993 (Lid & Lid 1994 + eigne kommentarar)
Luzula	spicata	aksfrytle <sup>2</sup>				2		(hei, rabbar, setervollar)
Ulmus	glabra	alm						lauveng, kantar, skog
Trifolium	hybridum	alsikekløver						kultureng, kantar
Fraxinus	excelsior	ask						kantar, lauveng
Satureja	acinos	bakkemynte	A1					berg, tørreng
Erigeron	acer	bakkestjerne				-		eng, berg, kantar

Tabell 1 forts. Planter på kulturmark. <sup>1</sup> (feite typar): "naturengartar", <sup>2</sup> (feite typar): "seterartar"

<b>Latinsk slekts-namn</b>	<b>latinsk artsnamn</b>	<b>norsk namn</b>	<b>E&amp;F</b>	<b>Nat</b>	<b>B&amp;L</b>	<b>Ols</b>	<b>Los</b>	<b>Moen m. fl. 1993 (Lid &amp; Lid 1994 + eigne kommentarar)</b>
<i>Gentianella</i>	<i>campestris</i>	<b>bakkesøte<sup>1</sup></b>	A1	N		N		eng, rikhei
<i>Veronica</i>	<i>arvensis</i>	bakkeveronika						(tørrbakkar)
<i>Matricaria</i>	<i>perforata</i>	balderbrå						ugras, kantar
<i>Crataegus</i>	<i>rhididophylla</i> <i>ssp.rhididophylla</i>	begerhagtorn						kantar
<i>Alchemilla</i>	<i>monticola</i>	beitemarikåpe	B2			3	-	eng, kantar
<i>Carex</i>	<i>oederi</i>	<b>beitestorr<sup>1</sup></b>	A1					rikmyr, fukteng
<i>Hieraceum</i>	<i>gr. Vulgata</i>	beitesværer					N	
<i>Stellaria</i>	<i>alsine</i>	bekkestjerneblom	B2					(fuktige sig)
<i>Berberis</i>	<i>vulgaris</i>	berberiss						kantar
<i>Erysimum</i>	<i>hieracifolium</i>	berggull						tørreng, berg
<i>Epilobium</i>	<i>collinum</i>	bergmjølke						tørreng
<i>Draba</i>	<i>norvegica</i>	<b>berggrublom<sup>2</sup></b>						(tørreng, berg, rasmark)
<i>Calamagrostis</i>	<i>epigeios</i>	berggrøyrkevin	D2					berg, kantar
<i>Arabis</i>	<i>hirsuta</i>	<b>bergskrinneblom<sup>1</sup></b>	A1					tørreng, berg
<i>Sedum</i>	<i>acre</i>	bitterbergknapp	Bx		1			berg, tørreng, hei
<i>Gentianella</i>	<i>amarella</i>	<b>bittersøte<sup>1</sup></b>	A1	N	3			eng
<i>Tofieldia</i>	<i>pusilla</i>	bjønnbrodd			-	6		(rikmyr, fukteng)
<i>Betula</i>	<i>pubescens</i>	bjørk (vanleg bjørk el. dunbjørk)			-	6		kantar, attgroande beitehagar
<i>Erigeron</i>	<i>politus</i>	blankbakkestjerne						tørreng
<i>Carex</i>	<i>pallescens</i>	bleikstorr	B2		1	N	-/N	eng, kantar
<i>Gentianella</i>	<i>aurea</i>	bleiksøte						eng, berg
<i>Salix</i>	<i>hastata</i>	bleikvier				1		(kalkrik myr, setervollkantar)
<i>Vaccinium</i>	<i>uliginosum</i>	blokkebær				6		(kantar, hei)
<i>Vaccinium</i>	<i>myrtillus</i>	blåbær	D1			6	-	hei, kantar, attgroing
<i>Campanula</i>	<i>rotundifolia</i>	<b>blåklokke<sup>1</sup></b>	B1	N	1	N	N	eng, berg, hei
<i>Succisa</i>	<i>pratensis</i>	blåknapp	B2	N	1		N	eng, myr, hei
<i>Prunella</i>	<i>vulgaris</i>	blåkoll	C3		-	3	N	fuktmark, beite
<i>Poa</i>	<i>glauca</i>	blårapp						berg, tørreng
<i>Scilla</i>	<i>verna</i>	(kyst)blåstjerne						(eng, Haram)
<i>Carex</i>	<i>flacca</i>	<b>blåstorr<sup>1</sup></b>	B1					rik tørrbakke, fukteng, rikmyr
<i>Molinia</i>	<i>caerulea</i>	blåtopp	C1			N		hei, myr, fukteng
<i>Cerastium</i>	<i>cerastoides</i>	<b>brearve<sup>2</sup></b>						(snøleie, fuktige setervollar)
<i>Eriophorum</i>	<i>latifolium</i>	breiull			1			rikmyr, fukteng
<i>Rubus</i>	<i>idaeus</i>	bringebær						kantar
<i>Gymnadenia</i>	<i>conopsea</i>	<b>brudespor<sup>1</sup></b>	A1	N	2	N		rik hei, eng
<i>Carex</i>	<i>pilulifera</i>	<b>bråtestorr<sup>1</sup></b>	A/B1		1	N	N	hei, beite
<i>Artemisia</i>	<i>vulgaris</i>	burot						kantar, tørreng
<i>Rosa</i>	<i>mollis</i>	bustnype			-			kantar, attgroing
<i>Rumex</i>	<i>obtusifolius</i>	byhøymole	C3					fuktig mark, ugras
<i>Senecio</i>	<i>aquaticus</i>	dikesvineblom						(fuktige beite, kysten)
<i>Avenula</i>	<i>pubescens</i>	dunhavre	C2		1		N	eng
<i>Plantago</i>	<i>media</i>	<b>dunkjempe<sup>1</sup></b>	Bx	N	1			tørreng, kantar, berg
<i>Eriophorum</i>	<i>angustifolium</i>	duskull	C1		-	6		
<i>Betula</i>	<i>nana</i>	dvergbjørk				6		
<i>Gnaphalium</i>	<i>supinum</i>	<b>dvergråurt<sup>2</sup></b>				2		(snøleie, setervollar)
<i>Selaginella</i>	<i>selaginoides</i>	<b>dvergjamne<sup>1</sup></b>	A1	N	1	N		(rikmyr, eng, beite)
<i>Myosotis</i>	<i>stricta</i>	dvergminneblom	A1		-			tørreng, berg
<i>Cotoneaster</i>	<i>integerrimus</i>	dvergmispel	B1					(rik tørreng, setervollkantar)
<i>Aira</i>	<i>praecox</i>	<b>dvergsmyle<sup>1</sup></b>	A1					strandberg (beite, kysten)
<i>Ranunculus</i>	<i>pygmaeus</i>	<b>dvergsoleie<sup>2</sup></b>						(snøleie, setervollar)
<i>Juniperus</i>	<i>communis</i>	einer	Dx		-	3	-	attgroing, kantar
<i>Pteridium</i>	<i>aquinum</i>	einstape	D1		-2			kantar, attgroing
<i>Viola</i>	<i>canina</i>	<b>engfiol<sup>1</sup></b>	A1	N	1	N		tørreng, hei
<i>Luzula</i>	<i>multiflora</i>	<b>engfrytle<sup>1</sup></b>	C2	N	1	N	N	eng
<i>Avenula</i>	<i>pratensis</i>	enghavre	C1		2			rik eng
<i>Geum</i>	<i>rivale</i>	enghumleblom	C2		-	3		eng, kantar, lauveng
<i>Cardamine</i>	<i>pratensis</i>	engkarse	C2		-		-	fukteng, sump
<i>Centaurea</i>	<i>jacea</i>	<b>engknoppurt<sup>1</sup></b>	Cx	N	1		N	eng, kantar

Tabell 1 forts. Planter på kulturmark. <sup>1</sup> (feite typar): "naturengartar", <sup>2</sup> (feite typar): "seterartar"

<b>Latinsk slekts-namn</b>	<b>latinsk artsnamn</b>	<b>norsk namn</b>	<b>E&amp;F</b>	<b>Nat</b>	<b>B&amp;L</b>	<b>Ols</b>	<b>Los</b>	<b>Moen m. fl. 1993 (Lid &amp; Lid 1994 + eigne kommentarar)</b>
<i>Agrostis</i>	<i>capillaris</i>	engkvein	C1		1	3	-	eng, beite
<i>Holcus</i>	<i>lanatus</i>	englodnegras	C2				N	eng, kantar
<i>Dactylorhiza</i>	<i>incarnata</i>	engmarihand	B1	N	-			rikmyr, attgroing, kravfull
<i>Alchemilla</i>	<i>subcrenata</i>	engmarikåpe	C2		-	3		eng, kantar
<i>Myosotis</i>	<i>scorpioides</i>	engminneblom						sumpmark
<i>Dianthus</i>	<i>deltoides</i>	<b>engnellik<sup>1</sup></b>	B1	N	1			(tørrbakkar, kantar, innlandet)
<i>Poa</i>	<i>pratensis</i>	engrapp	C3		-	3	-	kultureng, beite
<i>Alopecurus</i>	<i>pratensis</i>	engreverumpe	C3		-1		-	eng
<i>Silene</i>	<i>vulgaris</i>	engsmelle					-	eng, kantar
<i>Equisetum</i>	<i>pratense</i>	engsnelle	D1			N		eng, kantar
<i>Ranunculus</i>	<i>acris</i>	engsoleie	B3		-	5	-	eng, kantar
<i>Carex</i>	<i>hostiana</i>	<b>engstorr<sup>1</sup></b>	B1		3	N		rikmyr, fukteng
<i>Festuca</i>	<i>pratensis</i>	engsvingel	C3		-1		-	eng, kantar
<i>Rumex</i>	<i>acetosa</i>	engsyre	C3		-1	3	-	eng, kantar
<i>Lychnis</i>	<i>viscaria</i>	engtjærebлом	B1					(tørrbakkar)
<i>Centaurea</i>	<i>scabiosa</i>	fagerknoppurt						eng, kantar
<i>Hypericum</i>	<i>pulchrum</i>	fagerperikum	C1					kysthei
<i>Verbascum</i>	<i>thapsus</i>	filtkongslys						kantar, tørreng
<i>Nardus</i>	<i>stricta</i>	<b>finnskjegg<sup>1</sup></b>	B/C1	N	1	N	-	hei, beite
<i>Vicia</i>	<i>tetrasperma</i>	firfrøvikke	Ax					(tørrbakkar, ugras)
<i>Hypericum</i>	<i>maculatum</i>	firkantperikum	C2		-	3	N	eng, kantar
<i>Cerastium</i>	<i>alpinum</i>	<b>fjellarve<sup>2</sup></b>						(tørrenger, fjellhei, rasmark)
<i>Euphrasia</i>	<i>frigida</i>	<b>fjellaugnetrøst<sup>2</sup></b>		N		2		hei, eng, myr
<i>Erigeron</i>	<i>borealis</i>	<b>fjellbakkestjerne<sup>2</sup></b>				2		eng, fjellhei
<i>Viola</i>	<i>biflora</i>	<b>fjellfiol<sup>2</sup></b>				2		kantar, løvskog
<i>Thalictrum</i>	<i>alpinum</i>	<b>fjellfrøstjerne<sup>2</sup></b>			3	2		rikmyr, hei, ufser
<i>Antennaria</i>	<i>alpina</i>	<b>fjellkattefot<sup>2</sup></b>				2		(snøleie, setervollar)
<i>Empetrum</i>	<i>hermaphroditum</i>	fjellkrekling				6		hei, berg
<i>Agrostis</i>	<i>mertensii</i>	<b>fjellkvein<sup>2</sup></b>						(snøleie, setervollar)
<i>Alchemilla</i>	<i>alpina</i>	<b>fjellmarikåpe<sup>2</sup></b>			1	2		tørreng, berg
<i>Botrychium</i>	<i>boreale</i>	<b>fjellmarinøkkel<sup>2</sup></b>	A1					eng
<i>Primula</i>	<i>scandinavica</i>	<b>fjellnøkleblom<sup>2</sup></b>				2		rikeng, ufser
<i>Poa</i>	<i>alpina</i>	<b>fjellrapp<sup>2</sup></b>			1	2		eng, berg
<i>Silene</i>	<i>acaulis</i>	<b>fjellsmelle<sup>2</sup></b>				2		(snøleie, hei, setervollar, rikt)
<i>Equisetum</i>	<i>variegatum</i>	<b>fjellsnelle<sup>2</sup></b>			2	2		(snøleie, hei, setervollar, rikt)
<i>Phleum</i>	<i>alpinum</i>	<b>fjelltimotei<sup>2</sup></b>	B1	N	1	2	-	eng
<i>Saussurea</i>	<i>alpina</i>	<b>fjelltistel<sup>2</sup></b>	A2			2		rik fukteng, myr, ufser
<i>Veronica</i>	<i>alpina</i>	<b>fjellveronika<sup>2</sup></b>				2		(snøleie, setervollar)
<i>Scleranthus</i>	<i>perennis</i>	<b>fleirårsknavel<sup>1</sup></b>	B1					(tørreng, tørrberg)
<i>Dactylorhiza</i>	<i>maculata</i>	flekkmarihand	B1	N	1	6	-	myr, eng, hei
<i>Potentilla</i>	<i>crantzii</i>	<b>flekkmure<sup>1</sup></b>	A1	N	1	N		tørreng, berg, rikhei
<i>Alchemilla</i>	<i>glaucescens</i>	<b>føyelsmarikåpe<sup>1</sup></b>	A1		-			eng, kantar
<i>Carex</i>	<i>magellanica</i>	frynsestorr						sumpmark
<i>Carex</i>	<i>ornithopoda</i>	fuglestorr			2	N		(tørrbakkar, berg, rasmark, rikt)
<i>Vicia</i>	<i>cracca</i>	fuglevikke	C2		-		N	eng, kantar
<i>Leontodon</i>	<i>autumnalis</i>	følblom	A2		-1	3	N	eng, kantar
<i>Oxalis</i>	<i>acetosella</i>	gaukesyre	Dx			6	-	(kantar, skog)
<i>Epilobium</i>	<i>angustifolium</i>	geitrams						attgroing, kantar
<i>Festuca</i>	<i>vivipara</i>	<b>geitsvingel<sup>1</sup></b>					N	eng, hei, kantar
<i>Pimpinella</i>	<i>saxifraga</i>	<b>gjeldkarve<sup>1</sup></b>	B1	N	1		N	eng, kantar
<i>Vicia</i>	<i>sepium</i>	gjerdevikke	C2		-		N	eng, kantar
<i>Capsella</i>	<i>bursa-pastoris</i>	gjetartasker	A3		-			åker, kantar, tun
<i>Alchemilla</i>	<i>gracilis</i>	glansmarikåpe	C3		-			eng, kantar
<i>Alchemilla</i>	<i>glabra</i>	glattmarikåpe	C3			3	-	eng, kantar
<i>Alchemilla</i>	<i>filicaulis</i>	<b>grannmarikåpe<sup>1</sup></b>	B1					eng, kantar
<i>Stellaria</i>	<i>graminea</i>	grasstjerneblom	C2		-1	3	-	eng
<i>Plantago</i>	<i>major</i>	grobblad	A3			4		trampsamfunn, kantar
<i>Platanthera</i>	<i>chlorantha</i>	<b>grov nattfiol<sup>1</sup></b>	C2	N	1		N	eng, kantar
<i>Ranunculus</i>	<i>flammula</i>	grøftesoleie	Ax					sumpmark
<i>Coeloglossum</i>	<i>viride</i>	<b>grønkurle<sup>2</sup></b>				N		(rikmyr, setervollar, open skog)

Tabell 1 forts. Planter på kulturmark. <sup>1</sup> (feite typar): "naturengartar", <sup>2</sup> (feite typar): "seterartar"

<b>Latinsk slekts-namn</b>	<b>latinsk artsnamn</b>	<b>norsk namn</b>	<b>E&amp;F</b>	<b>Nat</b>	<b>B&amp;L</b>	<b>Ols</b>	<b>Los</b>	<b>Moen m. fl. 1993 (Lid &amp; Lid 1994 + eigne kommentarar)</b>
<i>Carex</i>	<i>tumidicarpa</i>	grönstorr						myr, beite
<i>Salix</i>	<i>phylicifolia</i>	grönvier		-	6			(kantar, attgroing)
<i>Euphrasia</i>	<i>nemorosa</i>	<b>gråaugnetrøst<sup>1</sup></b>						(tørreng, beite)
<i>Alnus</i>	<i>incana</i>	gråor		-	6			(kantar, attgroing)
<i>Carex</i>	<i>canescens</i>	gråstorr		-	3			(myr, fukteng)
<i>Anthoxanthum</i>	<i>odoratum</i>	<b>gulaks<sup>1</sup></b>	A1	N	1	3	-	eng, hei
<i>Galeopsis</i>	<i>speciosa</i>	guldå						ugras
<i>Trisetum</i>	<i>flavescens</i>	gullhavre	Bx		1			(engar, innført)
<i>Pedicularis</i>	<i>oedri</i>	<b>gullmyrklegg<sup>2</sup></b>				2		(rikmyr, fukthei, fukteng)
<i>Solidago</i>	<i>virgaurea</i>	gullris	C1		1	6	-	eng, kantar, hei
<i>Gagea</i>	<i>lutea</i>	gullstjerne	B2					rikeng, løvskog
<i>Galium</i>	<i>verum</i>	<b>gulmaure<sup>1</sup></b>	C1		1			tørreng
<i>Saxifraga</i>	<i>aizoides</i>	gulsildre				1		(rike sig)
<i>Lathyrus</i>	<i>pratensis</i>	gulskolm	C2		-			eng, kantar
<i>Carex</i>	<i>flava</i>	gulstorr	B2		1	N		rikmyr, fukteng
<i>Potentilla</i>	<i>anserina</i>	gåsemure	B3					kantar, strandeng
<i>Lupinus</i>	<i>polyphyllus</i>	hagelupin						(innført)
Kommentarar til funn: Det er etter to sesongar kjent 21 artar av beitemarkssopp (33 artspoeng). Den direkte utryddingstruga jordtungearten slimjordtunge vart atfunnen i 1994, sjå vidare omtale under Skutholmen. Av nyfunn kan vi nemna dei hensynskrevande artane skifervokssopp, brunsvart jordtunge og liten vokssopp. Vidare fann vi den lite kjente vokssopp-arten *Hygrocybe substrangulata*, for vidare omtale - sjå Skutholmen nedafor. Det vart ikkje funne uvanlege planteartar, og ikkje laga planteliste. Vegetasjonen er for ein del grasdominert, men somme stader lyngdominert. Det fanst ingen teikn på kalkhaldig jordsmonn.

Konklusjon: Førekomensten av den utryddingstruga slimjordtunga (*Geoglossum difforme*) gjev framleis lokaliteten stor verdi. I tillegg førekjem 20 andre artar av beitemarkssopp. Vi har ingen forslag til endring av dagens bruk av området. Det er likevel nødvendig å tenkja over korleis ein kan sikra framhald i beitinga i framtida.

### Averøy: Vågsholmen

Kartblad, UTM-koordinatar: 1323 III Bremsnes, MQ 198 885

Landskapsregion: 25. Trøndelags og Nordmøres kystbygder

Undersøkt: 30.9.94 (GGa & JBJ)

Områdeskildring: Vågsholmen ligg ved Atlanterhavsvegen nær Litj-Lauvøya. Det ligg ein bebudd gard på øya, der det framleis blir drive med sau. Sauene går dels her og dels på Litj-Lauvøya. Jorda er dels fulldyrka, men noko overflatedyrka beite og kantområde synest å vera gode område for beitemarkssopp.

Kommentarar til funn: Av beitemarkssopp kan nemnast dei hensynskrevande artane brunsvart jordtunge og liten vokssopp, elles vart den lite kjente raudskivesoppen *Entoloma caeruleopolitum* funnen. Vi fann i alt 16 artar av beitemarkssopp som gav 20 artspoeng.

Konklusjon: Lokaliteten synest å ha lokal til regional verdi ut frå dette besøket. Vi har ingen forslag til endringar i dagens bruk av området. Beitet bør halda fram, og dei udyrka kantområda bør ikkje gjødslast.

### Fræna: Skutholmen

Kartblad, UTM-koordinatar: 1220 I Hustad, LQ 9882

Landskapsregion: 25. Trøndelags og Nordmøres kystbygder

Undersøkt: 13.10.92 (SS & JBJ), 13.10.93 (JBJ), 30.9.94 (GGa & JBJ)

Områdeskildring: Sjå Jordal & Sivertsen (1992) og Jordal & Gaarder (1993).

Kommentarar til funn: Etter tre besøk er det kjent 27 artar av beitemarkssopp, som ialt gjev 54 artspoeng. Den direkte utryddingstruga jordtungearten slimjordtunge vart atfunnen i god bestand også i 1994. Denne arten er berre kjent frå to lokalitetar i Noreg (Litj-Lauvøya i Averøy er den andre) og fem i Skandinavia. I 1994 vart ein ny og minst like sjeldan jordtungeart funnen på Skutholmen, *Geoglossum uliginosum*. Denne arten er berre kjent frå Sverige og Noreg. Han vart beskriven frå Sverige av Hakelier (1967), og er kjent frå ialt 9 lokalitetar der, men idag er truleg berre ein eller to lokalitetar intakte (Nitare & Sunhede 1993). *G. uliginosum* er tidlegare kjent frå berre ein lokalitet i Noreg, Bontveit i Hordaland

(Olsen 1986). Arten er no plassert i kategori direkte utryddingstruga i den nye norske raudlista (Bendiksen m. fl. under arbeid). Den sårbare arten gul slimvokssopp vart også attfunnen i 1994, framleis som ein av fem kjente lokalitetar i Noreg. Av nyfunn elles kan vi nemna dei hensynskrevande artane skifervokssopp og liten vokssopp. Vidare fann vi vokssopparten *Hygrocybe substrangulata* som tidlegare berre er kjent frå nokre få funn i Noreg. Denne arten veks i fuktig beitemark, fuktige sanddynetrøa på Lista (Høiland 1978) og myraktig vegetasjon (Budalen, Sør-Trøndelag, Jordal & Gaarder 1995a). Vegetasjonen på Skutholmen er prega av mager og relativt artsfattig grashei. I slåtteengene er det ein god del finnskjegg i det ugjødsla området. Det er ikkje tatt fullstendig planteliste fordi området har vore slått ved alle tre besøk. Ingen uvanlege planteartar vart sett.

**Konklusjon:** Lokaliteten er biologisk (og truleg også kulturhistorisk) ein av dei mest særmerkte på kysten av Møre og Romsdal, og truleg også i landssamanhang. Dei mange truga artane finst her på grunn av langvarig og tradisjonell drift. Fleire av desse artane har vi i Noreg eit europeisk forvaltaransvar for. Det er sterkt ønskjeleg at den tradisjonelle driftsmåten held fram så lenge som råd. Når den tid kjem at det blir for tungt for dagens drivrar å halda fram, bør ein frå det offentlege si side leggja arbeid i å hjelpe med å finna løysingar som sikrar både kulturmiljøet og naturmiljøet på staden.

*Tabell 10. Beitemarkssopp funne i Averøy og Skutholmen, Fræna, med artspoeng for kvar art og for kvar lokalitet. For kvar lokalitet er det oppgjeve kva årstal artane er funne. Raudlistestatus (sjå tabell 2 s. 21): E = direkte truga, V = sårbar og V+ = hensynskrevande.*

1 Skutholmen, Fræna

2 Litj-Lauvøya, Averøy

3 Vågsholmen, Averøy

Latinsk namn	Norsk namn	Raudliste status	Poeng	1	2	3
<i>Camarophyllum lacmus</i>	skifervokssopp	V+	2	94	94	
<i>Camarophyllum pratensis</i>	engvokssopp		1	92,93,94		94
<i>Camarophyllum virgineus</i>	snøkvit vokssopp		1		94	94
<i>Clavulinopsis corniculata</i>	gul småfingersopp		2	93		
<i>Clavulinopsis helvola</i>	gul småkøllesopp		1	92,93,94	93,94	
<i>Clavulinopsis luteoalba</i>	bleiktuppa småkøllesopp		1	92,93,94	93,94	94
<i>Clavulinopsis pulchra</i>	raudgul småkøllesopp		2		93	94
<i>Entoloma caeruleopolitum</i>			1	94		94
<i>Entoloma chalybaeum</i>			2	94		
<i>Entoloma jubatum</i>	semska raudskivesopp		1	94		94
<i>Entoloma longistriatum</i>			1	93		
<i>Entoloma papillatum</i>	vorteraudskivesopp		1		94	
<i>Entoloma poliopus</i>			1	94		
<i>Entoloma sericeum</i>	beite-raudskivesopp		1	94		
<i>Entoloma sp.</i>			1		94	
<i>Geoglossum difforme</i>	slimjordtunge	E	8	92,93,94	93,94	
<i>Geoglossum fallax</i>	skjeljordtunge	V+	2		93,94	
<i>Geoglossum starbaeckii</i>	vanleg jordtunge		2	92		94
<i>Geoglossum uliginosum</i>		E	8	94		
<i>Geoglossum umbratile</i>	brunsvart jordtunge	V+	2		94	94
<i>Hygrocybe ceracea</i>	skjørvokssopp		1	92,93,94	93,94	94
<i>Hygrocybe chlorophana</i>	gul vokssopp		1	92,94		
<i>Hygrocybe coccinea</i>	mønjevokssopp		1	92,93	93	94
<i>Hygrocybe conica</i>	kjeglevokssopp		1	93,94	94	94

Tabell 10 forts.

Latinsk namn	Norsk namn	Raudliste status	Poeng	1	2	3
<i>Hygrocybe insipida</i>	liten vokssopp	V+	2	94	94	94
<i>Hygrocybe laeta</i>	seig vokssopp		1	92,94	93,94	94
<i>Hygrocybe lepida</i>	kantarellvokssopp		1	93,94	94	
<i>Hygrocybe psittacina</i>	grøn vokssopp		1	93,94	94	94
<i>Hygrocybe punicea</i>	skarlagenvokssopp		1		93	94
<i>Hygrocybe reidii</i>	honningvokssopp		1	93,94	93,94	94
<i>Hygrocybe substrangulata</i>			1	94	94	
<i>Hygrocybe unguinosa</i>	grå vokssopp		2	92,94		
<i>Hygrocybe vitellina</i>	gul limvokssopp	V	8	92,93,94		
<i>Mycena flavoalba</i>	elfenbeinshette		1	93		
<i>Stropharia albocyanea</i>	bleikgrøn kragesopp		1		93,94	
<b>SUM ARTAR</b>		<b>7</b>	<b>35</b>	<b>27</b>	<b>21</b>	<b>16</b>
<b>SUM POENG</b>				<b>54</b>	<b>33</b>	<b>20</b>

## Gjemnes, Gagnat

Kartblad, UTM-koordinatar: 1320 I Tingvoll, MQ 5478

Landskapsregion: 26. Fjordbygder i Møre og Trøndelag

Undersøkt: 11.10.94 (GGa)

Områdeskildring: Sjå Jordal & Sivertsen (1992) og Jordal & Gaarder (1993). Einerbakkane verka ved dette besøket å ha vore mindre beita enn tidlegare år.

Kommentarar til funn: I forhold til tidlegare år, vart det denne gongen gjort relativt få funn. Noko av forklaringa på dette er eit stort snøfall i byrjinga av oktober. I tillegg var det sterke teikn på attgroing enn før. Dei einaste nyfunna var to vokssoppartar, liten mørnjevokssopp og *Hygrocybe substrangulata*. Etter dette har lokaliteten 27 artar av beitemarkssopp og 40 artspoeng. På grunn av få nyfunn viser vi til artsoversikta hos Jordal & Gaarder (1993).

Konklusjon: Om dei betydelege biologiske verdiane i desse einerbakkane skal bevarast, bør ein gå inn med ganske hardhendt rydding av einer og lauvkratt kombinert med framhaldande beiting. Det bør gjevest stønad til slik rydding.

## Haram, Skuløy og Haramsøy

**Generelt:** Vi besøkte i 1994 dei tidlegare undersøkte lokalitetane Halseberga og Sandvika på Skuløya og Kvernholmsundet på Haramsøy, og i tillegg Uri på Skuløya og Ullaholmen som nye lokalitetar. Det vart ikkje teke fullstendig planteliste. Uri og Ullaholmen var ikkje særleg interessante, derimot har verdiane i området Sandvika - Halseberga vorte klårare. Kvernholmsundet har også interessante funn.

### Skuløya: Uri

*Kartblad, UTM-koordinatar:* 1220 III Brattvåg, LQ 6154

*Landskapsregion:* 20. Vestlandets kystbygder

*Undersøkt:* 29.9.94 (GGa & JBJ)

*Områdeskildring:* Området er ei nordaustvendt fjellskråning ned mot havet aust for den nedlagte garden Uri, med llynghei som dominerande vegetasjon. Mindre område med grasdominert vegetasjon finst, men dette er gamle enger som truleg har vore både gjødsla og pløgd. Det finst lite gammal natureng. Beitemrykket er noko lågt, og området er i delvis attgroing. Området grensar mot neste lokalitet, Halseberga, som vidare går over i Sandvika. Uri og fjellskråninga lenger søraustover synest ikkje å ha noko stort potensiale for beitemarkssopp.

*Kommentarar til funn:* Berre 7 vanlege og vidt utbreidde beitemarkssopp vart funne. Det vart ikkje funne spesielle eller uvanlege planteartar.

*Konklusjon:* Området har mest interesse som llynghiområde, og synest å vera mindre interessant som lokalitet for beitemarkssopp. Dei tilgrensande områda i nordvest har vesentleg større interesse i så måte (sjå nedafor).

### Skuløya: Halseberga

*Kartblad, UTM-koordinatar:* 1220 III Brattvåg, LQ 605542

*Landskapsregion:* 20. Vestlandets kystbygder

*Undersøkt:* 4.10.93, 29.9.94 (GGa & JBJ)

*Områdeskildring:* Sjå Jordal & Gaarder (1993). Det blir framleis beita ein god del i området.

*Kommentarar til funn:* Lokaliteten har etter to sesongar 21 kjente artar av beitemarkssopp og 42 artspoeng. Dei mest interessante nyfunna av beitemarkssopp var dei hensynskrevande artane *Hygrocybe phaeococcinea* og raudskivevokssopp.

*Konklusjon:* Med 42 artspoeng (to besøk) er dette ein verdfull lokalitet, og samanslått med Sandvika (nedafor) får området 64 artspoeng. Dette underbyggjer at området har nasjonal verdi, og framhald av tradisjonell beitebruk bør sikrast. Eventuell bruk av gjødsel bør ikkje auka, det er ønskjeleg at området ikkje blir gjødsla.

### Skuløya: Sandvika

*Kartblad, UTM-koordinatar:* 1220 III Brattvåg, LQ 599539

*Landskapsregion:* 20. Vestlandets kystbygder

*Undersøkt:* 4.10.93, 29.9.94 (GGa & JBJ)

*Områdeskildring:* Sjå Jordal & Gaarder (1993). Området har framleis eit godt beitemrykk.

*Kommentarar til funn:* Det mest interessante nyfunna av beitemarkssopp var dei to hensynskrevande artane brunsvart jordtunge og brunøygd vokssopp (*Camarophyllus fuscescens*), den sistnemnde fekk vi bestemt sikkert i 1994. Den vart funne også i 1993 og bl. a. fotografert, men ikkje sikkert bestemt. Dette er den einaste lokaliteten som er kjent for denne kalkkrevande arten her i fylket, som truleg har 5 kjente funn i Noreg. Den sjeldne og hensynskrevande jordtungearten dynetunge vart attfunnen i 1994. Denne er knytt til sandjord i beitemarker og stabile sanddyner. Elles viser vi til rapporten frå 1993 når det gjeld planteliv.

Lokaliteten er svært spesiell med ei rekke kalkkrevande beitemarkssopp og planter, deriblant fjellplanter og naturengplanter.

*Konklusjon:* Den store konsentrasjonen av kalkkrevande beitemarkssopp og fjell- og engplanter gjer denne lokaliteten nokså einestående i fylket så langt vi kjenner til i dag.

Beitebruken bør halda fram som før og området bør ikkje gjødslast. Særleg gjeld dette dei sandrike, kortbeita partia ned mot sjøen. Saman med Halseberga er dette eit område av nasjonal verdi i biologisk samanheng.

### **Haramsøya: Ullaholmen**

*Kartblad, UTM-koordinatar:* 1120 II Vigra, LQ 5654

*Landskapsregion:* 20. Vestlandets kystbygder

*Undersøkt:* 29.9.94 (GGa & JBJ)

*Områdeskildring:* Dette er ein lågvaksen holme med ein del dyrka mark og noko udyrka beite. Området vart beita av oksar i 1994. Beitet består for det meste av fuktige strandenger med ein del trakkskader.

*Kommentrarar til funn:* Det vart gjort få funn av beitemarkssopp, noko som truleg har samanheng med jordsmonntilhøve og trakkskader. Ingen spesielle planteartar vart funne, utanom ein del dikesvineblom (*Senecio aquaticus*).

*Konklusjon:* Ut frå dette eine besøket synest det som om lokaliteten ikkje har særleg stor verdi for beitemarkssopp og "naturengplanter". Det er derimot eit viktig fugleområde.

### **Haramsøy: Kvernholmsundet**

*Kartblad, UTM-koordinatar:* 1120 II Vigra, LQ 5553

*Landskapsregion:* 20. Vestlandets kystbygder

*Undersøkt:* 4.10.93, 29.9.94 (GGa & JBJ)

*Områdeskildring:* Sjå Jordal & Gaarder (1993).

*Kommentrarar til funn:* Talet på beitemarkssopp har auka frå 10 til 16 artar og talet på artspoeng frå 15 til 23. Dei hensynskrevande beitemarkssoppene brunsvart jordtunge og lutvokssopp vart funne som nye i 1994. I 1993-rapporten nemner vi funn av nokre interessante planteartar, da særleg bakkesøte, som no verkar svært sjeldan på kysten, men som enno er lokalt nokså vanleg på setervollar i god hevd i innlandet. Den er av dei naturengplantene som er sterkest knytt til ugjødsela kulturmark i god hevd, og da helst på kalkhaldig jordsmonn. Det er dokumentert sterkt tilbakegang for bakkesøte i Sverige. Andre kalkindikatorar var raudsildre, gulsildre og fjellsmelle.

*Konklusjon:* Kalkhaldige beitemarker på kysten er uvanlege i fylket vårt. Området har ein del kvalitetar som peikar i retning av regional verdi. I alle høve har Sandvika-Halseberga på Skuløya klart større verdi. Beitinga bør halda fram og området bør ikkje gjødslast.

Tabell 11. Beitemarkssopp funne på lokalitetar i Haram kommune, med artspoeng for kvar art og for kvar lokalitet (funn på Ullaholmen står under omtalen av området). For kvar lokalitet er det oppgjeve kva årstal artane er funne. Raudlistestatus (sjå tabell 2 s. 21): V = sårbar og V+ = hensynskrevande.

1 Uri

2 Halseberga

3 Sandvika

4 Kvernholmsundet

Latinsk namn	Norsk namn	Raudliste status	Poeng	1	2	3	4
<i>Camarophyllum colemannianus</i>	kantstripa vokssopp	V	4			93,94	
<i>Camarophyllum fuscescens</i>	brunøyd vokssopp	V	4			93,94	
<i>Camarophyllum pratensis</i>	engvokssopp		1	94	93,94		
<i>Camarophyllum russocoriaceus</i>	russelærsvokssopp	V+	2		93,94	93	
<i>Camarophyllum virgineus</i>	snøkvit vokssopp		1		93	93,94	93,94
<i>Clavulinopsis corniculata</i>	gul småfingersopp		2			93,94	
<i>Clavulinopsis helvola</i>	gul småkøllesopp		1			93	94
<i>Clavulinopsis pulchra</i>	raudgul småkøllesopp		2			93	
<i>Entoloma papillatum</i>	vorteraudskivesopp		1	94			94
<i>Entoloma poliopus</i>			1		94		
<i>Entoloma prunuloides</i>	mjølraudskivesopp	V+	4			93	
<i>Entoloma sericellum</i>	silkeraudskivesopp		1			94	94
<i>Entoloma sp.</i>			1			94	
<i>Geoglossum cookeianum</i>	dynetunge	V+	4			93,94	
<i>Geoglossum fallax</i>	skjeljordtunge	V+	2		93		
<i>Geoglossum umbratile</i>	brunsvart jordtunge	V+	2		93,94	94	94
<i>Hygrocybe ceracea</i>	skjørvokssopp		1	94	93,94		93,94
<i>Hygrocybe chlorophana</i>	gul vokssopp		1		94	93	93,94
<i>Hygrocybe coccinea</i>	mønjevokssopp		1	94	93,94		93
<i>Hygrocybe conica</i>	kjeglevokssopp		1		94		94
<i>Hygrocybe flavescens</i>			1		93		93
<i>Hygrocybe insipida</i>	liten vokssopp	V+	2		93		93
<i>Hygrocybe laeta</i>	seig vokssopp		1		93		
<i>Hygrocybe nitrata</i>	lutvokssopp	V+	2				94
<i>Hygrocybe persistens</i>	spissvokssopp	V+	4		93		
<i>Hygrocybe phaeococcinea</i>		V+	4		94		
<i>Hygrocybe psittacina</i>	grøn vokssopp		1	94	94		93,94
<i>Hygrocybe punicea</i>	skarlagenvokssopp		1		93,94	93	93
<i>Hygrocybe quieta</i>	raudskivevokssopp	V+	4		94		
<i>Hygrocybe reidii</i>	honningvokssopp		1	94			
<i>Hygrocybe unguinosa</i>	grå vokssopp		2	94	94		93,94
<i>Hygrocybe vitellina</i>	gul limvokssopp	V	8		93		
<i>Mycena flavoalba</i>	elfenbeinshette		1		93,94	93	
<i>Trichoglossum hirsutum</i>	svartlodnetunge	V+	2			93	
<b>SUM ARTAR</b>		<b>14</b>	<b>34</b>	<b>7</b>	<b>21</b>	<b>15</b>	<b>16</b>
<b>SUM POENG</b>				<b>8</b>	<b>42</b>	<b>29</b>	<b>23</b>

## Hareid, Kvitnes

Kartblad, UTM-koordinatar: 1119 I Ålesund, LQ 4424-4524

Landskapsregion: 21. Vestlandets ytre fjordbygder

Undersøkt: 20.9.93, 29.9.94 (GGa & JBJ)

Områdeskildring: Sjå Jordal & Gaarder (1993).

*Kommentarar til funn:* Talet på beitemarkssopp auka frå 21 i 1993 til 30 etter 1994, og talet på artspoeng auka frå 34 til 49. Dei hensynskrevande artane kvit køllesopp, *Entoloma caesiocinctum*, liten vokssopp og *Hygrocybe phaeococcinea* vart funne for første gong på lokaliteten. Elles vart alle dei tre hensynskrevande jordtungeartane frå 1993 attfunne i gode bestandar. Av planter er det verdt å nemna forekomster av dvergsmyle på grunnlendte berg i området. Andre spesielle planter vart ikkje funne.

*Konklusjon:* Med 30 artar av beitemarkssopp og 49 artspoeng er lokaliteten ein av dei mest artsrike og verdfulle på kysten. Også her er det difor viktig å sikra at den tradisjonelle sauebeitinga held fram. Området bør ikkje gjødslast.

Tabell 12. Planter funne på Kvitnes i Hareid. <sup>1</sup>naturengplanter (sjå tabell 1).

bjønnskjegg	englodnegras	gulaks <sup>1</sup>	kvitkløver	sølvbunke
blåknapp	engsoleie	heisiv <sup>1</sup>	kystbergknapp	tepperot <sup>1</sup>
blåkoll	finnnskjegg <sup>1</sup>	heistarr	lyssiv	tusenfryd
dvergsmyle <sup>1</sup>	fjellmarikåpe	kjøttnype	myrtistel	vanleg arve
einer	følblom	knappsiv	smalkjempe <sup>1</sup>	vivendel
engkvein	geitsvingel <sup>1</sup>	knegras <sup>1</sup>	smyle	<b>Artar: 29</b>
				<b>"Naturengartar": 8</b>

Tabell 13. Beitemarkssopp funne på Kvitnes i Hareid, med artspoeng for kvar art og for kvar lokalitet. For kvar lokalitet er det oppgjeve kva årstal artane er funne. Raudlistestatus (sjå tabell 2 s. 21): V = sårbar og V+ = hensynskrevande.

Latinsk namn	Norsk namn	Raudliste status	Poeng	
<i>Camarophyllum virgineus</i>	snøkvit vokssopp		1	93,94
<i>Clavaria acuta</i>	kvit kållesopp	V+	2	94
<i>Clavulinopsis helvola</i>	gul småkållesopp		1	93,94
<i>Clavulinopsis luteoalba</i>	bleiktuppa småkållesopp		1	94
<i>Clavulinopsis pulchra</i>	raudgul småkållesopp		2	93,94
<i>Entoloma caesiocinctum</i>		V+	2	94
<i>Entoloma infula</i>	bleikskiva raudskivesopp		1	93
<i>Entoloma jubatum</i>	semska raudskivesopp		1	?93
<i>Entoloma lividocyanulum</i>		V+	2	93
<i>Entoloma poliopus</i>			1	93,94
<i>Entoloma sericellum</i>	silkeraudskivesopp		1	93,94
<i>Entoloma sp.</i>			1	93
<i>Geoglossum fallax</i>	skjeljordtunge	V+	2	93,94
<i>Geoglossum glutinosum</i>	sleip jordtunge	V+	2	93,94
<i>Geoglossum umbratile</i>	brunsvart jordtunge	V+	2	93,94
<i>Hygrocybe ceracea</i>	skjørvokssopp		1	93,94
<i>Hygrocybe chlorophana</i>	gul vokssopp		1	93,94
<i>Hygrocybe coccinea</i>	mønjevokssopp		1	94
<i>Hygrocybe conica</i>	kjeglevokssopp		1	93,94
<i>Hygrocybe helobia</i>	brunfnokka vokssopp		1	94
<i>Hygrocybe insipida</i>	liten vokssopp	V+	2	94
<i>Hygrocybe laeta</i>	seig vokssopp		1	93,94
<i>Hygrocybe miniata</i>	liten mønjevokssopp		1	93,94
<i>Hygrocybe phaeococcinea</i>		V+	4	94
<i>Hygrocybe psittacina</i>	grøn vokssopp		1	93,94
<i>Hygrocybe reidii</i>	honningvokssopp		1	93,94
<i>Hygrocybe splendidissima</i>	raud honningvokssopp	V	8	93
<i>Hygrocybe unguinosa</i>	grå vokssopp		2	94
<i>Mycena flavoalba</i>	elfenbeinshette		1	94
<i>Stropharia albocyanea</i>	bleikgrøn kragesopp		1	94
<b>SUM ARTAR</b>		<b>9</b>	<b>30</b>	<b>30</b>
<b>SUM POENG</b>				<b>49</b>

## **Herøy, Nerlandsøy og Skorpa**

**Generelt:** Undersøkingane i 1994 har vist at Mulevika er eit svært artsrikt og verdfullt område, og står fram som ei av dei best bevarte og største kystgrasheiene i fylket. Skorpa har ein villgeitbestand, men i det gamle kulturlandskapet rundt busetnaden på øya er beitettrykket alt for svakt etter at beiting av sau har opphørt, og attgroinga går dessverre sin gang.

### **Nerlandsøy: Mulevika**

*Kartblad, UTM-koordinatar: 1119 IV Fosnavåg, LQ 2018-2019*

*Landskapsregion: 20. Vestlandets kystbygder*

*Undersøkt: 21.9.93, 27.9.94 (GGa & JBJ)*

**Områdeskildring:** Sjå Jordal & Gaarder (1993) og Aksdal (1994). Området er stort, er grasdominert og har godt beitettrykk. I 1994 fann vi uvanleg mange nye artar og store mengder av beitemarkssopp, eit mangfald som vi knapt har sett makin til andre stader. Artsrikdomen var størst på engene ned mot stranda. Innslag av skjelsand gjer truleg sitt til at mange kalkrevande artar finst her.

**Kommentarar til funn:** Frå 1993 til 1994 har talet på beitemarkssopp auka frå 14 til heile 40, tilsvarende har talet på artspoeng auka frå 17 i 1993 til heile 77 etter besøket i 1994. Dette er ein uvanleg stor auke, men understrekar kor nødvendig det er med fleire besøk for å få eit godt bilet av soppfloraen. Det vart funne 3 nye sårbare soppartar: kantstripa vokssopp, *Entoloma dichroum* (første funn i Noreg) og kopartunge (første funn i fylket). Det vart vidare funne 7 nye hensynskrevande artar (fioletgrå vokssopp, russelaervokssopp, *Entoloma exile*, mjølraudskivesopp, liten vokssopp, raudskivevokssopp og svartlodnetunge). Ei karplanteliste som vart tatt opp i 1993 inneholdt 40 artar, herav 14 "naturengartar". Lista er truleg ikkje fullstendig. Av desse er det verdt å nemna at dvergsmyle på same måte som i Ulandsvíka på Sandsøya i Sande kommune veks spreidd i deler av beitemarka. Dette vesle, konkurransesvake graset er truleg ein god indikator på godt beitettrykk og langvarig hevd når det står slik spreidd utover i beitet. Fleire kalkindikerande artar vart noterte, mellom anna flekkmure, loppestorr og gulsildre. Flekkmure er sjeldan på kysten. Engene næraast sjøen er mest artsrike.

**Konklusjon:** Med 77 artspoeng for beitemarkssopp (to besøk) og 14 "naturengplanter" har lokaliteten svært stor biologisk verdi. Mulevika står fram som ei av dei største og mest verdfulle kystgrasheiene i fylket. Lokaliteten har ut frå våre oppfatningar klar nasjonal verdi. Kystutmark med eit godt beitettrykk som har vara ved i lang tid blir stadig mindre vanleg også elles i Europa. I sin noverande tilstand er lokaliteten svært godt eigna til forsking på vegetasjon og beitemarkssopp, og til kursverksem/ekskursjonsføremål for høgskular og universitet som underviser om kulturlandskap. Det skal truleg ikkje så store reduksjonar til i sauetalet før området veks att med røsslyng. Ein bør prøva å sørja for at beitettrykket blir halde ved lag på noverande nivå. Området bør ikkje gjødsla.

### **Nerlandsøy: Myraneset**

*Kartblad, UTM-koordinatar: 1119 IV Fosnavåg, LQ 2119-2219*

*Landskapsregion: 20. Vestlandets kystbygder*

*Undersøkt: 21.9.93, 27.9.94 (GGa & JBJ)*

**Områdeskildring:** Sjå Jordal & Gaarder (1993).

**Kommentarar til funn:** Samanlikna med 1993 har talet på beitemarkssopp auka frå 9 til 21 artar, og talet på artspoeng har auka frå 16 til 39. Det vart funne ein ny sårbar soppart, nemleg grå narremusserong. Det ser ut til at Noreg har eit internasjonalt ansvar for å ta vare på denne arten (Sivertsen m. fl. 1994). Vidare vart det funne tre nye hensynskrevande soppartar: kvit køllesopp, *Entoloma exile* og *Hygrocybe phaeococcinea*. Det vart på grunn av kuling og

kraftig regn ikkje tatt opp planteliste i området, men ingen spesielle planteartar vart konstaterert.

**Konklusjon:** Med 39 artspoeng for beitemarkssopp (to besøk) er dette også eit verdfullt område. Samanlikna med Mulevika er det likevel mindre, meir mosaikkprega, har fleire fysiske inngrep og færre artar. Beitetrykket bør haldast oppe i området.

## Skorpa

*Kartblad, UTM-koordinatar:* 1119 IV Fosnavåg, LQ 1714-1815

*Landskapsregion:* 20. Vestlandets kystbygder

*Undersøkt:* 27.9.94 (GGa & JBJ)

*Områdeskildring:* Dette er ei øy i havgapet vest for Nerlandsøya. Eit sund, Skorpesundet, skil dei to øyane. Det meste av øya er fjell, men på sørsida ligg eit flatare parti med hus og attgroande enger frå tidlegare gardsdrift. Øya har hatt busetnad fram til 1970-72, men har vore beita av sau fram til 1992. Det har tidlegare vore opptil 18 kyr på det meste (Halvard Skorpen pers. medd.). I dag finst ein stamme av villgeit som er noko oppblanda med tamgeit. Desse går ute heile året og beiter mest i utmarka, medan jordbrukslandskapet på sørsida gror att med høgt gras. I mars 1993 vart to bukkar innfanga med støtte frå Statens fagteneste for landbruket, med sikte på å ta vare på genmateriale (Bondebladet 14.4.93). Busetnaden ligg sørvest i fjellsida, og har eit bra lokalklima. Mellom anna voks ein svarthyll ved eit av husa.

*Kommentarar til funn:* Det vart funne 10 beitemarkssopp, noko som gav 18 artspoeng. Dei fleste av desse var vanlege og vidt utbreidde artar. Ein art, vokssoppen *Camarophyllum canescens*, vart her funnen for første gong i Noreg. Han voks i grashei nord for hamna. Bestemminga er kontrollert av konservator Sigmund Sivertsen, Universitetet i Trondheim. Denne arten er knytt til mager grashei, og er truleg svært sjeldan. Han er publisert frå tre stader i Sverige og ein i Skottland, og er oppført som direkte utryddingstruga på den nye norske raudlista (Bendiksen m. fl. under arbeid). Kulturlandskapet på øya var nokså rikt på karplanter (66 artar) og av desse var det 15 "naturengartar". Sjølv om det er over 20 år sidan øya vart fråflytta, har attgroinga tydelegvis ikkje tatt knekken på desse artane enno. Sauene som gjekk her til 1992 har nok også gjort sitt til dette.

**Konklusjon:** Attgroinga på øya er i ein tidleg fase, og vil gradvis omforma vegetasjonen til lyng og lauvkratt. Dei få beitemarkssoppane som finst, kjem truleg til å forsvinna i løpet av nokre år, dette vil også skje med den svært sjeldne vokssopparten vi fann. Det hadde vore ønskjeleg med oppatt-taking av sauebeitinga, men her kan det også liggja ein konflikt med fritidsbruken av øya. Opphald av sauebeitet vil likevel gje ei attgroing som også kan vera negativ for fritidsbruken. Villgeit-stammen er ein av få slike stammari Noreg, og bør ha interesse som genmateriale for framtidig ekstensivt husdyrbruk og skjøtselsbeiting i lyngheiene på øyane på Vestlandet.

Tabell 14. Planter funne på lokalitetar i Herøy kommune. <sup>1</sup>naturengplanter (sjå tabell 1).

1. Skorpa 27.9.94

2. Mulevika 21.9.93, 27.9.94

Norsk namn	1	2	Norsk namn	1	2	Norsk namn	1	2	Norsk namn	1	2
bjønnkam		x	finnskjegg <sup>1</sup>		x	kusymre	x		røsslyng	x	x
bjønnskjegg	x		fjellmarikåpe <sup>2</sup>		x	kvitbladtistel	x		skogburkne	x	
blokkbær	x		flekkmure <sup>1</sup>	x		kvitkløver	x	x	skrubbær	x	
blåbær	x		følblom	x		kystbergnapp	x		sløke	x	
blåklokke <sup>1</sup>	x		geitsvingel <sup>1</sup>	x	x	kystgrisøyre <sup>1</sup>	x		slåttestorr	x	x
blåknapp	x	x	gjerdevikke	x		kystmyrklegg	x	x	smalkjempe	x	x
blåkoll	x		gulaks <sup>1</sup>	x	x	loppestorr <sup>1</sup>		x	smyle		x
blåtopp	x		gullris	x		lyssiv	x		småengkall <sup>1</sup>	x	x
bustnype	x		gulsildre		x	lækjeveronika <sup>1</sup>	x		småsyre <sup>1</sup>	x	x
duskull		x	hassel	x		mjødurt	x		stjernestorr		x
dvergsmyle <sup>1</sup>		x	havstorr	x		myrfiol	x	x	strandkjempe	x	
einer	x	x	heiblåfjør		x	myrtistel		x	strandrør	x	
einstape	x		heisiv <sup>1</sup>	x	x	osp	x		svarthyll	x	
engfiol <sup>1</sup>	x	x	hundegras	x		purpurlyng	x	x	sølvbunke	x	x
engfrytle <sup>1</sup>	x		kjertelaugnetrøst <sup>1</sup>	x	x	raudkløver	x		tepperot <sup>1</sup>	x	x
engkvein	x	x	klokkeling		x	raudsvingel		x	tiriltunge <sup>1</sup>	x	x
englodnegras	x		knappsviv	x		rogn	x		tusenfryd	x	x
engsoleie	x		knegras <sup>1</sup>	x	x	rome	x	x	vanleg arve	x	x
engsyre	x		kornstorr <sup>1</sup>		x	ryllik	x	x	vivendel	x	
fagerperikum	x		krekling	x	x	ryllsiv	x		ørevier	x	
											Sum artar
											66 40
											"Naturengartar"
											15 14

Tabell 15. Beitemarkssopp funne på lokalitetar i Herøy kommune, med artspoeng for kvar art og for kvar lokalitet. For kvar lokalitet er det oppgjeve kva årstal artane er funne. Raudlistestatus (sjå tabell 2 s. 21): V = sårbar og V+ = hensynskrevande.

1 Mulevika

2 Myraneset

3 Skorpa

Latinsk namn	Norsk namn	Raudliste status	Poeng	1	2	3
<i>Bovista nigrescens</i>	stor eggrøysopp		1	94		
<i>Camarophyllum canescens</i>			8			94
<i>Camarophyllum colemannianus</i>	kantstripa vokssopp	V	4	94		
<i>Camarophyllum flavipes</i>	fiolettgrå vokssopp	V+	2	94		
<i>Camarophyllum pratensis</i>	engvokssopp		1	93,94	93,94	
<i>Camarophyllum pratensis</i>	var. <i>pallida</i>		4	94		
<i>Camarophyllum russocoriaceus</i>	russelærvokssopp	V+	2	94		
<i>Camarophyllum virgineus</i>	snøkvit vokssopp		1	93,94	94	
<i>Clavaria acuta</i>	kvit køllesopp	V+	2	93	94	
<i>Clavulinopsis corniculata</i>	gul småfingersopp		2	94		
<i>Clavulinopsis helvola</i>	gul småkøllesopp		1	94	94	94
<i>Entoloma asprellum</i>	blåstilka raudskivesopp		1	94		
<i>Entoloma dichroum</i>		V	8	94		
<i>Entoloma exile</i>		V+	2	94	94	
<i>Entoloma formosum</i>			2	94		
<i>Entoloma jubatum</i>	semska raudskivesopp		1		94	94
<i>Entoloma longistriatum</i>			1	94		94
<i>Entoloma papillatum</i>	vorteraudskivesopp		1	94		
<i>Entoloma poliopus</i>			1	94		

Tabell 15 forts.

Latinsk namn	Norsk namn	Raudliste status	Poeng	1	2	3
<i>Entoloma prunuloides</i>	mjølraudskivesopp	V+	4	94		
<i>Entoloma sericellum</i>	silkeraudskivesopp		1	94	94	
<i>Entoloma sericeum</i>	beite-raudskivesopp		1	94		
<i>Entoloma serrulatum</i>	mørktanna raudsk.sopp		1	94		
<i>Geoglossum fallax</i>	skjeljordtunge	V+	2	93,94	93,94	
<i>Geoglossum glutinosum</i>	sleip jordtunge	V+	2		93,94	
<i>Geoglossum simile</i>	trolljordtunge	V+	4		93	
<i>Geoglossum starbaeckii</i>	vanleg jordtunge		2		94	
<i>Geoglossum umbratile</i>	brunsvart jordtunge	V+	2	93,94		
<i>Hygrocybe ceracea</i>	skjørvokssopp		1	93,94	93,94	94
<i>Hygrocybe chlorophana</i>	gul vokssopp		1	93,94	94	94
<i>Hygrocybe coccinea</i>	mønjevokssopp		1	93,94		
<i>Hygrocybe conica</i>	kjeglevokssopp		1	93,94	94	
<i>Hygrocybe flavescens</i>			1	93		
<i>Hygrocybe insipida</i>	liten vokssopp	V+	2	94		
<i>Hygrocybe laeta</i>	seig vokssopp		1	93	93,94	94
<i>Hygrocybe lepida</i>	kantarellvokssopp		1	94		
<i>Hygrocybe miniata</i>	liten mønjevokssopp		1		94	
<i>Hygrocybe phaeococcinea</i>		V+	4		94	
<i>Hygrocybe psittacina</i>	grøn vokssopp		1	93,94	93,94	94
<i>Hygrocybe punicea</i>	skarlagenvokssopp		1	93,94		
<i>Hygrocybe quieta</i>	raudskivevokssopp	V+	4	94		
<i>Hygrocybe reidi</i>	honningvokssopp		1	93,94	94	94
<i>Hygrocybe unguinosa</i>	grå vokssopp		2	94		94
<i>Microglossum fuscorubens</i>	kopartunge	V	8	94		
<i>Mycena flavoalba</i>	elfenbeinshette		1	94	94	
<i>Mycena olivaceomarginata</i>	brunkanthette		1	94		
<i>Porpoloma metapodium</i>	grå narremusserong	V	8		94	
<i>Trichoglossum hirsutum</i>	svartlodnetunge	V+	2	94		
<b>SUM ARTAR</b>		<b>17</b>	<b>48</b>	<b>40</b>	<b>21</b>	<b>10</b>
<b>SUM POENG</b>			<b>107</b>	<b>77</b>	<b>39</b>	<b>18</b>

## Molde

### Hjertøya

Kartblad, UTM-koordinatar: 1220 II Vestnes, MQ 0655

Landskapsregion: 26. Fjordbygder i Møre og Trøndelag

Undersøkt: 26.9.94 (GGa & JBJ)

*Områdeskildring:* Området er ei øy i Moldefjorden og rommar eit nedlagt småbruk, fiskerimuseum og friområde/badeplass. Graset blir slått av Molde kommune på deler av området, noko som etterliknar tidlegare bruk av kulturlandskapet. For nærmere omtale: sjå Jordal & Gaarder (1995c). Spesielt for denne lokaliteten er at det ikkje blir drive jordbruksdrift lenger, men i staden kommunal skjøtsel. Dermed gjeld heller ikkje ordninga med tilskot til særskilte tiltak i kulturlandskapet.

*Kommentarar til funn:* Mange engplanter veks her, mellom anna prestekrage, hanekam, markjordbær, blåklokke, vårskrinneblom, knegras, vill-lauk og kyststartane svartknoppurt, tusenfryd og jordnøtt. Svartknoppurt er her nær nordgrensa av det samanhengande utbreiingssområdet sitt. Av beitemarkssopp vart det funne 12 artar vokssopp, 4 artar fingersopp og 6 artar raudskivesopp. Somme artar tyder på kalkinnslag i jordsmonnet.

*Konklusjon:* Lokaliteten har 27 artspoeng for beitemarkssopp. Dette er dermed den mest verdfulle lokaliteten for beitemarkssopp som er funnen til no i Molde, med klar regional verdi. Det finst også ganske mange naturengplanter, sjølv om fullstendig artsliste ikkje er oppsett (Jordal & Gaarder 1995c). Hjertøya har bevart den rike plante- og soppfloraen tilknytta kulturlandskap på grunn av slåtten i friområda, og vidare på grunn av trakk som også motverker attgroing. Det er viktig at dei områda kommunen slår ikkje blir gjødsla, og slåtten bør fortsetta. Beiting av sauer vil verka positivt. Eventuell konflikt med bruken som friområde kan ein unngå med å beita seint i sesongen eller ved gjerdning. År om anna bør ein slå noko meir enn det som er slått i 1994. Dette vil motverka attgroing.

## Haukebø: Nesaplassen

Kartblad, UTM-koordinatar: 1220 II Vestnes, LQ 996 568

Landskapsregion: 26. Fjordbygder i Møre og Trøndelag

Undersøkt: 6.6.94 (GGa & JBJ), 22.9.94 (JB)

*Områdeskildring:* Dette er ein gammal husmannsplass som er omtala hos Jordal & Gaarder (1995c). Innmarka på Nesaplassen har grodd att i lang tid. No kjem oppslag av osp inn fra kantene. Likevel finst det att nokre artar tilknytta naturenger som er lite gjødsla.

*Kommentarar til funn:* Vi fann svartknoppurt, prestekrage, jordnøtt og nattfiol (grov eller vanleg). Vidare fann vi 4 vokssoppartar i kantområde som ikkje hadde for høgt gras.

*Konklusjon:* Innmarka på Nesaplassen vil gro att med osp hvis noko blir gjort. Det er ønskjeleg at enga blir slått og kantskog rydda. På denne måten kan ein mellom anna ta vare på ein av utpostlokalitetane for svartknoppurt i Noreg.

## Kleive: Langlisetra

Kartblad, UTM-koordinatar: Kartblad 1320 IV, MQ 335 675

Landskapsregion: 26. Fjordbygder i Møre og Trøndelag

Undersøkt: 23.8.94 (GGa)

*Områdeskildring:* Sjå Jordal & Gaarder (1995c). Dette er ein setervoll nærmere to kilometer nord for Istad, like sør for Skallielva. Østre halvdel av vollen er inngjerda, blir slått årleg og er delvis oppdyrka. Truleg blir det meste også gjødsla. Den vestre delen av vollen er ikkje inngjerda, har ikke vore oppdyrka og blir no berre svakt beita. Beitetrykket er så svakt at høgt gras og innvandrande lauvtre er i ferd med å konkurrera ut dei hevdavhengige artane.

*Kommentarar til funn:* Nøysomme engplanter som gulaks, tepperot, smalkjempe og finnskjegg førekjem her. I tillegg vart det funne fiolett greinkøllesopp, som er oppført som sårbar i Noreg og også står på mange andre lands raudlister over truga artar.

*Konklusjon:* Attgroing er hovedtrugsmålet for vegetasjon og sopp på den vestre vollen. På den austre vollen bør ein halda fram med neverande bruk også i framtida, men det vil vera positivt om den øvre, nordre delen av enga ikkje blir gjødsla. På den vestre vollen er det nødvendig med sterkare beite, eventuelt slått år om anna.

*Tabell 16. Beitemarkssopp funne på lokalitetar i Molde kommune, med artspoeng for kvar art og for kvar lokalitet. For kvar lokalitet er det oppgjeve kva årstal artane er funne. For kvar lokalitet er det oppgjeve kva årstal artane er funne. Raudlistestatus (sjå tabell 2 s. 21): V = sårbar, V+ = hensynskrevande og R = sjeldan.*

1 Hjertøya

2 Nesaplassen

3 Langlisetra, Kleive

4 Veøya

Latinsk namn	Norsk namn	Raudliste status	Poeng	1	2	3	4
<i>Camarophyllum pratensis</i>	engvokssopp		1	94			
<i>Camarophyllum virgineus</i>	snøkvit vokssopp		1	94			
<i>Clavaria zollingeri</i>	fiolett greinkøllesopp	V	4			94	
<i>Clavulinopsis corniculata</i>	gul småfingersopp		2	94			
<i>Clavulinopsis helvola</i>	gul småkøllesopp		1	94			
<i>Clavulinopsis luteoalba</i>	bleiktuppa småkøllesopp		1	94			
<i>Clavulinopsis pulchra</i>	raudgul småkøllesopp		2	94			
<i>Entoloma formosum</i>			2	94			
<i>Entoloma longistriatum</i>			1	94			
<i>Entoloma poliopus</i>			1	94			
<i>Entoloma pratulense</i>		R	4	94			
<i>Entoloma sericeum</i>	beite-raudskivesopp		1	94			
<i>Hygrocybe ceracea</i>	skjørvokssopp		1	94	94	94	94
<i>Hygrocybe chlorophana</i>	gul vokssopp		1	94	94		94
<i>Hygrocybe conica</i>	kjeglevokssopp		1	94			94
<i>Hygrocybe helobia</i>	brunfnokka vokssopp		1	94		94	
<i>Hygrocybe insipida</i>	liten vokssopp	V+	2	94			
<i>Hygrocybe laeta</i>	seig vokssopp		1	94	94		
<i>Hygrocybe lepida</i>	kantarellvokssopp		1	94			
<i>Hygrocybe psittacina</i>	grøn vokssopp		1	94			
<i>Hygrocybe reidii</i>	honningvokssopp		1	94			
<i>Hygrocybe unguinosa</i>	grå vokssopp		2	94	94		
<i>Mycena flavoalba</i>	elfenbeinshette		1	94			
<i>Stropharia albocyanea</i>	bleikgrøn kragesopp		1	94			
<b>SUM ARTAR</b>		<b>3</b>	<b>24</b>	<b>23</b>	<b>4</b>	<b>3</b>	<b>3</b>
<b>SUM POENG</b>				<b>29</b>	<b>4</b>	<b>6</b>	<b>3</b>

## Veøya

*Kartblad, UTM-koordinatar:* 1320 III, MQ 195 500

*Landskapsregion:* 26. Fjordbygder i Møre og Trøndelag

*Undersøkt:* 21.8.94 (GGa)

*Områdeskildring:* Sjå omtale hos Jordal & Gaarder (1995c). Øya er ein gammal kaupang og kyrkjested. I seinare tid har grasmarkene vore skjøtta mest som plen.

*Kommentarar til funn:* Plantelivet er undersøkt av Johannes Lid med studentar i 1934. Det meste av den opprinnelige vegetasjonen er ganske triviell, men det finst ein god del forvilla planter på øya (Jordal & Gaarder 1995c). Undersøkingar av beitemarkssopp i 1994 ga få funn. Truleg skuldast dette at det meste av engene og plenene har vore gjødsla. Berre tre vanlege og vidt utbreidde artar av beitemarkssopp vart påvist. Besøket var også noko tidleg i sesongen.

*Konklusjon:* Forvaltinga av Veøya tek truleg ganske godt vare på dei biologiske verdiane som finst. Slått av engene og plenklipp er bra og viktig for artane knytta til beite- og slåttemark. Det er ein fordel dersom dei ikke blir gjødsla, noko som på sikt kan føre til utmagring enkelte stader, og dermed et høgare artsmangfald. Dersom det er nok ressursar til å ta opp att skjøtselen også av dei noko magrare engene på nordvestre del av øya, ville dette ha vore positivt.

## Rauma, Romsdalen

### Romsdalen: Vengje

*Kartblad, UTM-koordinatar:* Kartblad 1320 II, MQ 366 312

*Landskapsregion:* 23. Indre vestlandsbygder

*Undersøkt:* 15.9.94 (GGa & JBJ)

*Områdeskildring:* Området ligg på begge sider av riksvegen like ovafor Vengje. Området vart rydda til beite ca. 1936, før det var det nokre slåtteflekker her. Området blir beita av kyr og svakt gjødsla med fullgjødsel (Hans Venge). Området er kupert og har vekslande fuktforhold i jorda, noko som avspeglar seg i vegetasjonen. På haugane finst tørrbakkeaktige plantesamfunn, noko som tyder på eit visst innlandspreg i klimaet.

*Kommentarar til funn:* Det vart funne 10 vanlege og vidt utbreidde artar av beitemarkssopp, men ingen av desse står på den nye raudlista. Dette samsvarar godt med at området har vore rydda for knapt 60 år sidan og at det har vore noko gjødsla. Det vart funne 10 "naturengplanter", og det kan nemnast artar som gjeldkarve, hårvæver og dvergjamne.

*Konklusjon:* Kuperte, udyrka og mindre gjødselpåverka beitemarker som denne er ikkje lenger så vanlege rundt omkring på bygdene. Lokalitetten har lokal biologisk verdi. Vi har ingen grunn til å foreslå endringar i bruken av området.

### Romsdalen: Remmem

*Kartblad, UTM-koordinatar:* Kartblad 1319 I, MQ 415 232

*Landskapsregion:* 23. Indre vestlandsbygder

*Undersøkt:* 16.9.94 (GGa & JBJ)

*Områdeskildring:* Remmem ligg på ei lita flate i dalbotnen. Dei beita som her er omtala er kupert mark med mange digre steinar og grusmassar som stammar dels frå ras frå dalsidene, dels truleg frå elva sitt arbeid i tidlegare tider. Lokalitetten har vore i stor grad attvaksen, og rydda før og like etter 2. verdskrigen.

*Kommentarar til funn:* Lokalitetten var uvanleg artsrik til å vera så nær husa på ein gard. Det vart funne 25 beitemarkssopp som gav 33 artspoeng. Av desse var det 5 raudlisteartar, men berre frå kategorien hensynskrevande artar. Desse var: tuva køllesopp, skjeljordtunge, brunsvart jordtunge, liten vokssopp og raudskivevokssopp. Det at deler av lokalitetten har vore skog kan forklara at det ikkje var fleire sjeldne beitemarkssopp. Det vart funne 10 "naturengplanter", deriblant gjeldkarve, gulmaure, kjertelaugnetrøst, kvitmaure og småengkall.

*Konklusjon:* Ut frå funna våre har lokalitetten klar regional verdi som artsrik naturbeitemark. Talet på artar kan ventast å stiga ved fleire besøk, og staden bør undersøkast betre. Drifta bør fortsetta som før, med beiting og utan auke i gjødslinga.

### Brøstdalen: Syvergarden

*Kartblad, UTM-koordinatar:*

*Landskapsregion:* 23. Indre vestlandsbygder

*Undersøkt:* 16.9.94 (GGa & JBJ)

*Områdeskildring:* Ved Syvergarden deler veggen seg i to, og ved dette vegkrysset finst nokre interessante tørrbakkar. Slike tørrbakkar som her er eit klart innlandsfenomen. Her finst ei rad tørketånde og varmekrevande innlandsplanter i blanding med fjellplanter. Området blir beita av sauер.

*Kommentarar til funn:* Artsutvalet av engplanter er nokså uvanleg i fylket vårt med stort innslag av kontinentale tørrbakkeplanter som dunkjempe, bakkesøte, hårvæver, kattefot, sauesvingel og sølvture. Det mest spesielle funnet var den varmekrevande arten engnellik, som elles i fylket berre er kjent frå indre deler av Sunndal, i grensetraktene mot Oppdal. Det

vart også funne bakkestjerne, fjellbakkestjerne, fjellmarinøkkel og gulmaure. Hagen & Holten (1976) har også botanisert her i samband med kraftutbyggingsplanene, og fann i tillegg lintorskemunn, vill-lauk og bråtestarr. Det er dermed stor likskap med plantesamfunna i dei kulturpåverka dalane i Grøvu-vassdraget i Sunndal, og lokaliteten har eit visst utval av kalkkrevande artar. Einaste beitemarkssopp var stor eggrøyksopp. Besøket var seint i sesongen, og frost hadde truleg hovudskulda for at det var lite sopp å finna.

**Konklusjon:** Lokaliteten hadde 12 "naturengplanter" og 4 "seterplanter", og artsutvalet er nokså spesielt i fylket vårt. Særleg er førekomensten av engnellik særmerkt. Ut frå dette synest lokaliteten å ha regional verdi. Den noverande bruken av området bør halda fram.

Tørrbakkane bør ikkje gjødslast.

## **Brøstdalen: Kabben**

*Kartblad, UTM-koordinatar:* Kartblad 1319 I, MQ 473 028

*Landskapsregion:* 23. Indre vestlandsbygder

*Undersøkt:* 16.9.94 (GGa & JBJ)

*Områdeskildring:* Dette er ei setergrend på rundt 780 m o. h. ved enden av vegen.

Vegetasjonen vekslar mellom bjørkeskog, småmyrer og beitebakkar rundt setrene.

Beitemarkene har også vekslande fukttilhøve frå tørrbakkar til fukteng. Det går mykje sau i området om sommaren, og vegetasjonen syner at beitetrykket er godt.

**Kommentrarar til funn:** Det vart funne 6 artar av beitemarkssopp (9 poeng) trass i at det var svært seint i sesongen. Det vart vidare funne 8 "naturengplanter" og 3 "seterplanter". To funn skil seg ut på denne staden: den eksklusive naturengplanten haustmarinøkkel som berre er kjent frå ein annan stad i fylket (Sunndal: Middagshjellen i Grøvvuvassdraget, Jordal & Gaarder 1993), og den sjeldne beitemarkssoppen trolljordtunge. Haustmarinøkkel er ei av fire naturengplanter i fylket vårt som står på den norske raudlista, som hensynskrevande.

Trolljordtunge står også som hensynskrevande i den nye raudlista for sopp (Bendiksen m. fl. under arbeid). Den er knytt til fuktig beitemark, men er også funnen i rikmyr, og er kjent frå 14 andre lokalitetar i Noreg, herav to andre her i fylket. Denne arten har aldri tidlegare vore funne så høgt over havet (780 m). Lokaliteten vart besøkt seint i sesongen, og det var ikkje venta å finna særleg mykje sopp på grunn av at det hadde vore litt frost. Vegetasjonen var elles triviell, med stort sett vanlege artar.

**Konklusjon:** Dette er eit seterområde med fine beitebakkar som bør undersøkast nærmare ein annan sesong med tanke på sopp. Funna av haustmarinøkkel og trolljordtunge gjev indikasjonar på regional verdi. Vi har ingen forslag til endringar i bruken av området, bortsett fra å fjerne lauvkratt langs kantene.

## **Brøstdalen: Horgheimsetra**

*Kartblad, UTM-koordinatar:* Kartblad 1319 I, MQ 484 038

*Landskapsregion:* 23. Indre vestlandsbygder

*Undersøkt:* 16.9.94 (GGa & JBJ)

*Områdeskildring:* Denne setergrenda ligg på ei stor, open slette som var kortbeita av sau, storfe og hest. I området rundt er det beitepåverka fjellbjørkeskog.

**Kommentrarar til funn:** Vegetasjonen har noko av det same preget som Syvergarden og Kabben, med 11 "naturengartar" og 4 "seterartar". Førekomensten av bakkesøte og dvergjamne tyder på eit visst kalkinnslag i jordsmonnet. Det vart berre funne to vanlege artar av beitemarkssopp, men besøket var for seint i sesongen for sopp i fjellskogregionen.

**Konklusjon:** Dette er eit fint seterområde med mange typiske artar. Vi har ingen forslag til endringar i bruken av området.

Tabell 17. Planter funne på Vengje og Remmem i Romsdalen, Rauma. <sup>1</sup>naturengplanter, <sup>2</sup>seterplanter (sjå tabell 1).

1. Vengje 15.9.94
2. Remmem 16.9.94

Norsk namn	1	2	Norsk namn	1	2	Norsk namn	1	2	Norsk namn	1	2
beitesvæve-gr.	x		følblom	x		kjertelaugnetrøst <sup>1</sup>		x	småengkall <sup>1</sup>		x
blåklokke <sup>1</sup>	x	x	gjeldkarve <sup>1</sup>	x	x	kvitkløver	x	x	småsyre <sup>1</sup>	x	x
bringebær		x	grasstjerneblom	x	x	kvitmaure <sup>1</sup>		x	sølvbunke	x	
dvergjamne <sup>1</sup>	x		groblad	x	x	lintorskemunn		x	tepperot <sup>1</sup>	x	x
engkvein	x	x	gulmaure <sup>1</sup>		x	lækjeveronika <sup>1</sup>	x	x	tiriltunge <sup>1</sup>		x
engrapp	x	x	hundekjeks		x	markjordbær	x	x	tungras		x
engsoleie	x		hårsvæve-gr. <sup>1</sup>	x		myrtistel	x		tviskjeggveronika		x
engsyre	x	x	jonsokkoll <sup>1</sup>	x		raudknapp	x	x	tyttebær	x	
firkantperikum	x	x	karve	x		revebjølle	x		tågebær		x
fuglevikke		x	kattefot <sup>1</sup>	x		ryllik	x	x	vanleg arve	x	x
											<b>Sum artar</b>
											<b>28 28</b>
											<b>"Naturengartar"</b>
											<b>9 10</b>

Tabell 18. Planter funne på lokalitetar i Brøstdalen i Rauma. <sup>1</sup>naturengplanter, <sup>2</sup>seterplanter (sjå tabell 1).

1. Syvergarden 16.9.94 og Hagen & Holten (1976)

2. Horgheimsetra 16.9.94

3. Kabben 16.9.94

Norsk namn	1	2	3	Norsk namn	1	2	3	Norsk namn	1	2	3
bakkestjerne	x			fjellmarikåpe <sup>2</sup>	x	x		løvetann-art	x	x	x
bakkesøte <sup>1</sup>	x	x		fjellmarinøkkel <sup>2</sup>	x			marikåpe-art		x	x
bitter bergknapp	x			fjellrapp <sup>2</sup>	x	x	x	raudknapp	x		
blåbær		x		fjelltimotei <sup>2</sup>		x	x	ryllik	x	x	x
blåklokke <sup>1</sup>		x		flekkmure <sup>1</sup>	x	x		sauesvingel	x		
bråtestorr <sup>1</sup>	x			følblom		x	x	skogstorkenebb		x	x
dunkjempe <sup>1</sup>	x			gulaks <sup>1</sup>		x		slirestorr <sup>2</sup>		x	x
dvergjamne <sup>1</sup>		x		gulmaure <sup>1</sup>	x			slåttestorr		x	
einer		x		harerug <sup>1</sup>		x		stormaure	x		
engfiol <sup>1</sup>	x		x	haustmarinøkkel <sup>1</sup>			x	sølvbunke		x	x
engfrytle <sup>1</sup>		x	x	hårsvæve-gr. <sup>1</sup>	x	x	x	sølvムure <sup>1</sup>	x		
engkvein	x	x	x	jonsokkoll <sup>1</sup>			x	trefingerurt <sup>2</sup>		x	
engnellik <sup>1</sup>	x			kattefot <sup>1</sup>	x	x		tyttebær			x
engsoleie		x		kjertelaugnetrøst <sup>1</sup>	x	x	x	vanleg arve			x
engsyre		x		krekling			x	vill-lauk <sup>1</sup>	x		
finnskjegg <sup>1</sup>	x	x		kvitkløver	x	x		<b>Sum artar</b>	<b>26</b>	<b>28</b>	<b>23</b>
fjellbakkestjerne <sup>2</sup>	x			lintorskemunn	x			<b>"Naturengartar"</b>	<b>12</b>	<b>11</b>	<b>8</b>
fjellfiol <sup>2</sup>			x	lækjeveronika <sup>1</sup>		x		<b>"Seterartar"</b>	<b>4</b>	<b>5</b>	<b>4</b>

Tabell 19. Beitemarkssopp funne på lokalitetar i Romsdalen, med artspoeng for kvar art og for kvar lokalitet (funn på Syvergarden og Gamlegarden i Brøstdalen er omtala under områdebeskrivinga). For kvar lokalitet er det oppgjeve kva årstal artane er funne. Raudlistestatus (sjå tabell 2 s. 21):

V+ = hensynskrevande.

1 Vengje i Romsdalen

2 Remmem i Romsdalen

3 Kabben i Brøstdalen

4 Horgheimsetra i Brøstdalen

Latinsk namn	Norsk namn	Raudliste status	Poeng	1	2	3	4
<i>Bovista nigrescens</i>	stor egrøyksopp		1		94	94	
<i>Camarophyllum pratensis</i>	engvokssopp		1	94	94		
<i>Camarophyllum virgineus</i>	snøkvit vokssopp		1	94	94	94	
<i>Clavaria vermicularis</i>	tuva köllesopp	V+	2		94		
<i>Clavulinopsis helvola</i>	gul småköllesopp		1	94	94		
<i>Clavulinopsis luteoalba</i>	bleiktuppa småköllesopp		1		94		
<i>Clavulinopsis pulchra</i>	raudgul småköllesopp		2		94		
<i>Entoloma asprellum</i>	blåstilka raudskivesopp		1		94		
<i>Entoloma infula</i>	bleikskiva raudskivesopp		1	94	94		94
<i>Entoloma papillatum</i>	vorteraudskivesopp		1		94		
<i>Entoloma sericellum</i>	silkeraudskivesopp		1		94	94	
<i>Entoloma sericeum</i>	beite-raudskivesopp		1	94	94	94	
<i>Geoglossum fallax</i>	skjeljordtunge	V+	2		94		
<i>Geoglossum simile</i>	trolljordtunge	V+	4			94	
<i>Geoglossum umbratile</i>	brunsvart jordtunge	V+	2		94		
<i>Hygrocybe ceracea</i>	skjørvokssopp		1	94	94		94
<i>Hygrocybe coccinea</i>	mønjevokssopp		1		94		
<i>Hygrocybe conica</i>	kjeglevokssopp		1	94	94		
<i>Hygrocybe helobia</i>	brunfnokka vokssopp		1	94			
<i>Hygrocybe insipida</i>	liten vokssopp	V+	2		94		
<i>Hygrocybe laeta</i>	seig vokssopp		1		94		
<i>Hygrocybe miniata</i>	liten mønjevokssopp		1	94	94		
<i>Hygrocybe psittacina</i>	grøn vokssopp		1		94		
<i>Hygrocybe quieta</i>	raudskivevokssopp	V+	4		94		
<i>Mycena flavoalba</i>	elfenbeinshette		1	94	94	94	
<i>Mycena olivaceomarginata</i>	brunkanthette		1		94		
<i>Stropharia albocyanea</i>	bleikgrøn kragesopp		1		94		
<b>SUM ARTAR</b>		<b>6</b>	<b>27</b>	<b>10</b>	<b>25</b>	<b>6</b>	<b>2</b>
<b>SUM POENG</b>				<b>10</b>	<b>33</b>	<b>9</b>	<b>2</b>

## Sande, Sandsøya

**Generelt:** Verdien av området Sandshamn-Ulandsøika (dei to førstnemnte lokalitetane) har vorte klarare etter besøket i 1994. Til saman har dette området 79 artspoeng for beitemarkssopp og 16 "naturengplanter". Saman med Mulevika på Nerlandsøya i Herøy er dette to av dei mest verdfulle kystgrasheiene vi har her i fylket. Fjellet ovafor, Hornet, har eit llynghiområde som kunne ha vore skjøtta med brenning og auka beite (Fremstad m. fl. 1991). Det er viktig å sikra at den tradisjonelle utnyttinga av utmarksbeita i området fortset på om lag same nivå som i dag.

## Nord for Sandshamn

*Kartblad, UTM-koordinatar:* 1119 IV Fosnavåg, LQ 1708

*Landskapsregion:* 20. Vestlandets kystbygder

*Undersøkt:* 23.9.93, 28.9.94 (GGa & JBJ)

*Områdeskildring:* Sjå Jordal & Gaarder (1993).

**Kommentarar til funn:** Besøket i 1994 har ført til funn av fleire svært sjeldne og truga beitemarkssopp som ikkje var kjent herifrå tidlegare. To direkte utryddingstruga artar vart funne: flammevokssopp (5 funn i Noreg) og sauevokssopp (11 funn i Noreg, men berre 4 funn etter 1970), som begge er kjent frå berre éin annan stad i fylket. Vidare vart det funne tre sårbare artar: kantstripa vokssopp, musserongvokssopp og grå narremusserong. Av andre soppfunn er det verd å nemna den hensynskrevande arten raudskivevokssopp. Det er laga ei felles planteliste frå Sandshamn til Ulandsøika. Området var rikt på konkurransesvake naturengartar. 16 slike artar vart funne med vill-lin og dvergsmyle som dei mest interessante.

**Konklusjon:** Med 62 artspoeng for beitemarkssopp (to besøk) og 16 naturengplanter er dette ein av dei mest verdfulle lokalitetane i fylket. Området er saman med neste lokalitet eit stort og svært verdfullt område med kystgrashei, ein vegetasjonstype som held på å bli sjeldan i dag. Ved lågare beitetrykk vil dette raskt kunne gå over til å bli llyngheti. Ein bør sikra eit godt beitetrykk også i framtida. Det er viktig at området ikkje blir gjødsla.

## Ulandsøika

*Kartblad, UTM-koordinatar:* 1119 IV Fosnavåg, LQ 1708

*Landskapsregion:* 20. Vestlandets kystbygder

*Undersøkt:* 23.9.93, 28.9.94 (GGa & JBJ)

*Områdeskildring:* Sjå Jordal & Gaarder (1993).

**Kommentarar til funn:** Det vart funne to nye sårbare artar: gulbrun narrevokssopp (13-14 funn i Noreg) og grå narremusserong (truleg 8 funn i Noreg etter 1960). Vidare vart det funne to nye hensynskrevande artar, nemleg svartlodnetunge og raudskivevokssopp. Det er laga ei felles planteliste frå Sandshamn til Ulandsøika, sjå den førrre lokaliteten. Berre her og i Mulevika (Herøy) har vi sett dvergsmyle stå spreidd utover i beitemarka som andre beitegras. Dette krev eit godt beitetrykk. Dette vesle graset er berre 5 cm høgt, finst langs kysten nord til Hitra og er svært konkurransesvakt. Andre stader på sunnmørskysten finst det spreidd på grunnlendte berg med berre kortvaksen og glissen vegetasjon.

**Konklusjon:** Lokaliteten har etter to besøk 44 artspoeng for beitemarkssopp og eit bra utval naturengplanter. Det er naturleg å sjå heile området frå Sandshamn til Ulandsøika som ein heilskap. Dette området har heile 86 artspoeng for beitemarkssopp og 16 naturengplanter, og er truleg ei av dei mest verdfulle kystgrasheiene som er att i fylket. Det bør vurderast å gå inn med tiltak for å sikra at beitet blir halde oppe i området. Området bør ikkje gjødsla.

## Helland

Kartblad, UTM-koordinatar: 1119 IV Fosnavåg, LQ 1408-1409

Landskapsregion: 20. Vestlandets kystbygder

Undersøkt: 23.9.93, 28.9.94 (GGa & JBJ)

Områdeskildring: Sjå Jordal & Gaarder (1993). Området er prega av ein mosaikk mellom beitemark, berg og ur. Det er mykje stein og grunnlendt berg i området, og vegetasjonen er meir artsfattig enn i området frå Sandshamn til Ulandsvisa.

Kommentarar til funn: Det einaste funnet av noko interesse var raudskivevokssopp, som er hensynskrevande. Det vart ikkje teke planteliste på lokaliteten. Dvergsmyle vart funne på grunnlendte berg.

Konklusjon: Lokaliteten er med 20 poeng for beitemarkssopp ikkje av dei mest artsrike, men har likevel ei viss interesse. Vegetasjonen var noko meir artsfattig enn på dei to andre lokalitetane på Sandsøya. Det er ønskjeleg at beitet held fram i området.

Tabell 20. Planter funne på lokalitetar i Sande kommune, Sandsøya, Sandshamn-Ulandsvisa 23.9.93, 28.9.94.

<sup>1</sup>naturengplanter (sjå tabell 1).

bjønnkam	fjellmarikåpe <sup>2</sup>	knegras <sup>1</sup>	raudsildre	stornesle
blåklokke <sup>1</sup>	fjellsyre	kornstorr <sup>1</sup>	raudsvingel	svarttopp <sup>2</sup>
blåknapp	geitsvingel <sup>1</sup>	krattlodnegras	revebjølle	tepperot <sup>1</sup>
blåkoll	gulaks <sup>1</sup>	krekling	rome	tettegras
dvergsmyle <sup>1</sup>	gulsildre	kusymre	rosenrot	tiriltunge <sup>1</sup>
einer	gulstorr	kvitkløver	ryllik	tyttebær
engfrytle <sup>1</sup>	havburkne	kystbergknapp	røsslyng	vanleg arve
engkvein	heiblåfjør	loppestorr <sup>1</sup>	smalkjempe	vill-lin <sup>1</sup>
englodnegras	heisiv <sup>1</sup>	myrfiol	smyle	
fagerperikum	kattefot <sup>1</sup>	myrtistel	småengkall <sup>1</sup>	<b>Sum artar: 52</b>
finnskjegg <sup>1</sup>	kjertelaugnetrøst <sup>1</sup>	purpurlyng	stjernestorr	"Naturengartar": 16

Tabell 21. Beitemarkssopp funne på lokalitetar i Sande kommune, med artspoeng for kvar art og for kvar lokalitet. For kvar lokalitet er det oppgjeve kva årstal artane er funne. Raudlistestatus (sjå tabell 2 s. 21): E = direkte truga, V = sårbar og V+ = hensynskrevande.

1 Ulandsvisa

2 Nord for Sandshamn

3 Helland

Latinsk namn	Norsk namn	Raudliste status	Poeng	1	2	3
<i>Bovista nigrescens</i>	stor eggrøysopp		1	93,94		
<i>Camarophyllopsis schulzeri</i>	gulbrun narrevokssopp	V	4	94		
<i>Camarophyllus colemannianus</i>	kantstripa vokssopp	V	4		94	
<i>Camarophyllus pratensis</i>	engvokssopp		1	93,94	93,94	94
<i>Camarophyllus virgineus</i>	snøkvit vokssopp		1	93,94		94
<i>Clavulinopsis helvola</i>	gul småkøllesopp		1	93,94	93,94	94
<i>Clavulinopsis luteoalba</i>	bleiktuppa småkøllesopp		1		94	
<i>Clavulinopsis pulchra</i>	raudgul småkøllesopp		2		93	
<i>Entoloma asprellum</i>	blåstilka raudskivesopp		1	94		
<i>Entoloma corvinum</i>		V	4		93	
<i>Entoloma jubatum</i>	semska raudskivesopp		1			94
<i>Entoloma poliopus</i>			1	94		94
<i>Entoloma sericellum</i>	silkeraudskivesopp		1	93		94
<i>Entoloma sericeum</i>	beite-raudskivesopp		1	94	94	
<i>Entoloma serrulatum</i>	mørktanna raudskivesopp		1		94	
<i>Entoloma sp.</i>			1		93	
<i>Geoglossum fallax</i>	skjeljordtunge	V+	2	93		
<i>Geoglossum umbratile</i>	brunsvart jordtunge	V+	2		93	
<i>Hygrocybe ceracea</i>	skjørvokssopp		1	93,94	93,94	94
<i>Hygrocybe chlorophana</i>	gul vokssopp		1	93,94	93,94	93,94
<i>Hygrocybe coccinea</i>	mønjevokssopp		1	93,94	94	94
<i>Hygrocybe conica</i>	kjeglevokssopp		1	93	93,94	93
<i>Hygrocybe flavescens</i>			1	94	94	
<i>Hygrocybe fornicate</i>	musserongvokssopp	V	4		94	
<i>Hygrocybe intermedia</i>	flammevokssopp	E	8		94	
<i>Hygrocybe laeta</i>	seig vokssopp		1	93,94	93	93,94
<i>Hygrocybe lepida</i>	kantarellvokssopp		1			94
<i>Hygrocybe miniata</i>	liten mønjevokssopp		1		93	
<i>Hygrocybe ovina</i>	sauenvokssopp	E	8		94	
<i>Hygrocybe psittacina</i>	grøn vokssopp		1	94	93,94	
<i>Hygrocybe punicea</i>	skarlagenvokssopp		1	93		
<i>Hygrocybe quieta</i>	raudskivevokssopp	V+	4	94	94	94
<i>Hygrocybe reae</i>	bitter vokssopp	V+	2			
<i>Hygrocybe reidii</i>	honningvokssopp		1	93,94	93,94	94
<i>Hygrocybe splendidissima</i>	raud honningvokssopp	V	8	93		
<i>Hygrocybe unguinosa</i>	grå vokssopp		2	93,94		94
<i>Mycena flavoalba</i>	elfenbeinshette		1		93,94	
<i>Mycena pelliculosa</i>	beitehette	V+	2		94	
<i>Porpoloma metapodium</i>	grå narremusserong	V	8	94	94	
<i>Ramariopsis subtilis</i>		V+	2			
<i>Stropharia albocyanea</i>	bleikgrøn kragesopp		1	93,94		94
<i>Trichoglossum hirsutum</i>	svartlodnetunge	V+	2	94		
<b>SUM ARTAR</b>		<b>15</b>	<b>42</b>	<b>25</b>	<b>26</b>	<b>16</b>
<b>SUM POENG</b>			<b>93</b>	<b>44</b>	<b>62</b>	<b>20</b>

## Stranda og Norddal, Geiranger og Eidsvatnet

**Generelt:** Vi besøkte Ljøen 14.9.94. Dette synest å vera eit interessant botanisk område med mykje varmekjær vegetasjon og tørrbakkar som for det meste var slått og dermed vanskelege å undersøkja botanisk. Vi viser til undersøkingar av Aksdal (1994). Sidan tok vi ferja frå Hellesylt til Geiranger 15.9.94 for å danna oss eit bilet av attgroing på dei fråflytta fjordgardane. Både Lundanes, Matvik, Syltevik og Knivsflå var i sterkt attgroing. Vi la ikkje særleg vekt på Møll, da dette området er grundig dokumentert gjennom arbeidet til Asdøl m. fl. (1991). Vi leita etter beitemarkssopp eit par stader på Møll, men fann ingen ting. Årsaka til dette er ukjent, men kan skuldast det grunnlendte jordsmonnet som truleg gjev periodevis uttørking. Vi velte å gå over fjellet til Skageflå for å få eit eksempel på floraen i ein framskriden attgroingsfase i Geirangerfjorden. Vidare var vi oppom Vesterås der vi heller ikkje gjorde funn av beitemarkssopp. Elles undersøkte vi Gjørva og Humlungsetra, og stoppa ved riksvegen sør for Eidsvatnet i Norddal.

### Gjørva

*Kartblad, UTM-koordinatar:* 1219 II Geiranger, MP 0686

*Landskapsregion:* 23. Indre vestlandsbygder

*Undersøkt:* 15.9.94 (GGa)

*Områdeskildring:* Området ligg like vest for Geiranger sentrum, og er eit beiteområde på oversida av vegen ut til Humlung. Deler av beitemarkene har tidlegare grodd att med skog, og det er derfor skilt ut to delområde på dei opne partia. Den austre (lokalitet 1) er størst og er eit raspåverka beite inntil innmarka på Gjørva. Den vestre (lokalitet 2) er ei lita eng omgjeven av ung lauvskog noko nærmere Humlung. Beitetrykket er nokså godt, særleg på engene nærmast Gjørva. Ved besøket vårt gjekk det eit par hestar her.

*Kommentarar til funn:* På lokalitet 1 vart det funne 10 artar beitemarkssopp (14 poeng). Utanom raudskivesoppen *Entoloma exile* og vokssoppen *Hygrocybe phaeococcinea* (begge hensynskrevande) vart det funne mest vanlege og vidt utbreidde artar. På lokalitet 2 vart det funne 6 vanlege og vidt utbreidde artar av beitemarkssopp. Det vart ikkje laga fullstendig planteliste, men vegetasjonen var noko tørrengprega med arter som gulmaure og raudknapp. Elles vart det ikkje funne spesielle planteartar.

*Konklusjon:* Lokalitetane er noko prega av snøras, og dette forklarar truleg at det vart gjort relativt få funn av beitemarkssopp. Vi har ingen forslag til endringar i bruken av området.

### Humlungsetra

*Kartblad, UTM-koordinatar:* 1219 II Geiranger, MP 025 881

*Landskapsregion:* 23. Indre vestlandsbygder

*Undersøkt:* 15.9.94 (JBj)

*Områdeskildring:* Humlungsetra ligg 540 meter over havet på ei hylle i fjellsida ved Geirangerfjorden. Like ved setra ligg eit mykje benytta utsiktspunkt over fjorden der ein kan sjå mellom anna Knivsflå. Vegetasjonen er prega av noko attgroing og lågt beitetrykk, men det går framleis sau i området. Det er ein del einer og lyngmark ved setra, men det finst også noko grasdominert vegetasjon.

*Kommentarar til funn:* Det vart funne 33 planteartar på vollen, herav dei 6 "naturengplantene" gulaks, kjertelaugnetrøst, blåklokke, engfiol, lækjeveronika og engfrytle. Vegetasjonen var triviell og utan kalkindikatorar. Av beitemarkssopp vart det berre funne 9 vanlege og vidt utbreidde artar.

*Konklusjon:* Lokaliteten har ut frå dette besøket lokal biologisk verdi. Beitetrykket er for lågt til å halda landskapet ope, og det vil nok gro gradvis att med tid og stunder om ein ikkje gjer noko for å motverka det.

## **Skageflå**

*Kartblad, UTM-koordinatar: 1219 II Geiranger, MP 019 879*

*Landskapsregion: 23. Indre vestlandsbygd*

*Undersøkt: 15.9.94 (JB)*

*Områdeskildring:* Dette er ein av dei vidgjetne hyllegardane i Geirangerfjorden. Staden er bratt og nordvestvendt, men vassig i jorda gjer at det overalt er svært frodig. Dette var ein av dei sikraste og mest produktive av hyllegardane med store beitevidder på fjellet, men drifta vart oppgjeven i 1918 (Ansok 1977).

*Kommentarar til funn:* Kulturmarka er i sterk attgroing med høgvaksne gras, urter, busker og tre. Det vart laga ei artsliste på 49 planter frå innmarka ved dette besøket, og av desse var det berre tre "naturengplanter". Dette var blåklokke, kvitmaure og gulaks, som overlever på tørre stader rundt husa der folk trakkar ned graset. Vegetasjonen og utvalet av planteartar er interessant ut frå at ein kjenner historia og veit at området har vore overlett i stor grad til seg sjølv i 76 år. Det vart ikkje funne beitemarkssopp i området.

*Konklusjon:* Skageflå kan vera interessant botanisk sett for å studera attveksing av kulturmark over ein lengre periode. Elles er det truleg landskapet og kulturminna som utgjer dei største verdiane i dette området.

## **Norddal: beite sør for Eidsvatnet**

*Kartblad, UTM-koordinatar: 1219 II Geiranger, MP 0495*

*Landskapsregion: 23. Indre vestlandsbygd*

*Undersøkt: 15.9.94 (GGa & JB)*

*Områdeskildring:* Eit større område med beitemarker ligg langs riksvegen ca. 1 kilometer sør for Eidsvatnet i Norddal. Det er dels open bjørkeskog og dels ope landskap med noko einer. Beitetrykket er godt.

*Kommentarar til funn:* Det vart funne 9 vanlege og vidt utbreidde artar av beitemarkssopp. Det vart funne 22 planteartar, herav 9 "naturengplanter".

*Konklusjon:* Lokalitetten har ut frå dette besøket lokal biologisk verdi. Einerbakkane utgjer eit vakkert innslag i landskapet langs riksvegen. Dette er ein type beitemark som det ikkje er så mykje att av i fylket. Vi har ingen forslag til endringar i bruken av området.

*Tabell 22. Planter funne på Skageflå i Geiranger 15.9.94. <sup>1</sup>naturengplanter (sjå tabell 1).*

alm	fugletelg	hundegras	myrfiol	smyle
bjørk	fuglevikke	hundekjeks	ormetelg	storklokke
blåklokke <sup>1</sup>	geitrams	hundekveke	rogn	stormaure
blåtopp	gjerdevikke	krattnjølke	ryllik	stornesle
bringebær	gråor	kvitbladtistel	sauetelg	sølvbunke
engkvein	gulaks <sup>1</sup>	kvitkløver	selje	timotei
engsmelle	hassel	kvitmaure <sup>1</sup>	skogburkne	tviskjeggveronika
engsnelle	hegg	lundrapp	skogstjerneblom	tyrihjelm
engsyre	hengeveng	marikåpe-art	skogstorkenebb	vendelrot
firkantperikum	humle	mjødurt	sløke	<b>Sum artar: 49</b>
				<b>"Naturengartar": 3</b>

Tabell 23. Planter funne i Geiranger og i utmarksbeite sør for Eidsvatnet, Norddal. <sup>1</sup>naturengplanter (sjå tabell 1).  
 1. Stranda: Geiranger: Humlungsetra 544 m o. h. 15.9.94  
 2. Norddal: sør for Eidsvatnet 15.9.94

Norsk namn	1	2	Norsk namn	1	2	Norsk namn	1	2	Norsk namn	1	2
bjørk	x		fjellmarikåpe <sup>2</sup>	x		kvassdå	x		skogstorkenebb		x
blåbær	x		fugletelg	x		kvitkløver	x	x	slåttestorr	x	
blåklokke <sup>1</sup>	x	x	følblom	x	x	kvitmaure <sup>1</sup>		x	smyle	x	x
blåkoll		x	grasstjerneblom	x		lækjeveronika <sup>1</sup>	x		stemorsblom	x	
bringebær	x		gråor	x		marikåpe-art	x		stornesle	x	
einer	x		gulaks <sup>1</sup>	x	x	myrfiol	x	x	sølvbunke	x	x
engfiol <sup>1</sup>	x		gulmaure <sup>1</sup>	x		myrtistel	x		tepperot <sup>1</sup>	x	x
engfrytle <sup>1</sup>	x		harerug <sup>1</sup>		x	ormetelg	x		tiriltunge <sup>1</sup>		x
engkvein	x	x	hundegras	x		raudkløver		x	trollurt	x	
engrapp	x	x	høymol	x		raudknapp	x		tveskjeggveronika	x	
engsoleie	x	x	hårfrytle	x		raudsvingel	x	x	tyttebær	x	
engsyre	x		hårsveve-gr. <sup>1</sup>		x	ryllik	x	x	vanleg arve	x	
finnskjegg <sup>1</sup>		x	kjertelaugnetrost <sup>1</sup>	x	x	sauetelg	x		åkerminneblom	x	
firkantperikum	x		krypsoleie	x		skogburkne	x		<b>Artar</b>	<b>47</b>	<b>22</b>
									"Naturengartar"	8	9
									"Seterartar"	1	0

Tabell 24. Beitemarkssopp funne i Geiranger og i utmarksbeite sør for Eidsvatnet, Norddal, med artspoeng for kvar art og for kvar lokalitet. For kvar lokalitet er det oppgjeve kva årstal artane er funne. Raudlistestatus (sjå tabell 2 s. 21): V+ = hensynskrevande.

1 Gjørva, lok. 1

2 Gjørva, lok. 2

3 Humlungsetra (<sup>1</sup>berre funne på ei lysning ved stien før setra)

4 Norddal: beiter sør for Eidsvatnet

Latinsk namn	Norsk namn	Raudliste status	Poeng	1	2	3	4
<i>Bovista nigrescens</i>	stor eggrøysopp		1				94
<i>Camarophyllum pratensis</i>	engvokssopp		1	94	94	94	94
<i>Clavulinopsis luteoalba</i>	bleiktuppa småkøllesopp		1			94	
<i>Entoloma exile</i>		V+	2	94			
<i>Entoloma infula</i>	bleikskiva raudskivesopp		1		94		
<i>Entoloma sericeum</i>	beite-raudskivesopp		1			94	
<i>Entoloma serrulatum</i>	mørktanna raudskivesopp		1				94
<i>Hygrocybe ceracea</i>	skjørrvokssopp		1	94		94	94
<i>Hygrocybe chlorophana</i>	gul vokssopp		1	94	94		94
<i>Hygrocybe coccinea</i>	mønjevokssopp		1	94	94	94 <sup>1</sup>	
<i>Hygrocybe conica</i>	kjeglevokssopp		1	94	94	94	
<i>Hygrocybe laeta</i>	seig vokssopp		1			94 <sup>1</sup>	94
<i>Hygrocybe lepida</i>	kantarellvokssopp		1		94		
<i>Hygrocybe miniata</i>	liten mønjevokssopp		1	94		94	94
<i>Hygrocybe phaeococcinea</i>		V+	4	94			
<i>Hygrocybe psittacina</i>	grøn vokssopp		1	94			94
<i>Hygrocybe reidii</i>	honningvokssopp		1			94	94
<i>Mycena flavoalba</i>	elfenbeinshette		1	94			
<b>SUM ARTAR</b>		2	<b>18</b>	<b>10</b>	<b>6</b>	<b>9</b>	<b>9</b>
<b>SUM POENG</b>			<b>22</b>	<b>14</b>	<b>6</b>	<b>9</b>	<b>9</b>

## **Sunndal, Jordalsgrenda**

### **Jordalsvøttu**

*Kartblad, UTM-koordinatar:* 1420 IV Stangvik, MQ 645594

*Landskapsregion:* 22. Vestlandets midtre fjordbygder

*Undersøkt:* Besøk i 1994: 14.8., 28.8., 25.9., 9.10. (JJB)

*Områdeskildring:* Sjå Jordal & Sivertsen (1992) og Jordal & Gaarder (1993). Lokaliteten vart i 1994 slått med tohjula slåmaskin den 13. august som eit skjøtselstiltak støtta av tilskot til særskilte tiltak i kulturlandskapet. Ei erfaring frå dette arbeidet var at gammal, uslett ljåslåttemark med grasfilt i botnen tek hardt på knivstong og utstyr. Vidare er det eit stort arbeid å raka bort graset, noko som er heilt nødvendig i samband med slik skjøtsel. Ved utarbeiding av slike søknader må ein derfor ikkje undervurdera den tida det tek å fjerna graset skikkeleg. Ved årleg slått er det muleg å klassifisera slikt høy som "naturhøy" (Grue & Sylte 1994). Ved slått annakvart eller tredjekvart år blir det for mykje daudgras til at høyet er brukbart.

*Kommentarar til funn:* Det er no kjent 36 artar av beitemarkssopp (70 artspoeng) frå denne lokaliteten. Ein av desse, vranglodnetunge, står som direkte utryddingstruga på den nye norske raudlista (Bendiksen m. fl. under arbeid). Vidare er det kjent 5 sårbare og 6 hensynskrevande artar. Lokaliteten har vore undersøkt gjennom 14 år, og er truleg den best undersøkte i fylket. Det er laga ei karplanteliste på 42 artar, og 9 av desse er "naturengartar" (sjå tabell 1).

*Konklusjon:* Lokaliteten er framleis ein av dei mest verdfulle i fylket biologisk sett. Samtidig er han av dei best undersøkte. Skjøtselen i form av beiting med sau og slått år om anna bør halda fram.

### **Jordalsøra**

*Kartblad, UTM-koordinatar:* 1420 IV Stangvik, MQ 655602

*Landskapsregion:* 22. Vestlandets midtre fjordbygder

*Undersøkt:* Besøk i 1994: 7.8., 14.8., 17.9., 10.10. og 8.11. (JJB & GGa)

*Områdeskildring:* Sjå Jordal & Sivertsen (1992) og Jordal & Gaarder (1993). Lokaliteten blir slått årleg av J. B. Jordal, i 1994 var slåtten den 26. juli. Lokaliteten ga rundt 600 kg småhøy. Den blir beita av sau første halvdel av mai og siste veka i september.

*Kommentarar til funn:* Det er kjent 44 artar av beitemarkssopp (87 artspoeng) på lokaliteten. Dette må sjåast på bakgrunn av at han er godt undersøkt etter mange besøk gjennom tre år. Ein av desse artane, vranglodnetunge, står som direkte utryddingstruga på den nye norske raudlista (Bendiksen m. fl. under arbeid). Vidare er det kjent 3 sårbare og 15 hensynskrevande artar. Dette gjev 19 raudlisteartar i alt. Det er laga ei karplanteliste på 34 artar, og 11 av desse er "naturengartar" (sjå tabell 1). Marinøkkel hadde i 1994 ein god bestand med over 80 opptalde individ. Denne arten er tilsynelatande sjeldan i midtre og ytre deler av fylket. Elles kan det nemnast grov nattfiol og kystmyrklegg.

*Konklusjon:* Lokaliteten er ein av dei mest verdfulle i fylket biologisk sett. Samtidig er han av dei best undersøkte. Skjøtselen i form av beiting vår og haust og slått på ettersommaren bør halda fram.

### **Skrødalassetra**

*Kartblad, UTM-koordinatar:* 1420 IV Stangvik, MQ 630589

*Landskapsregion:* 22. Vestlandets midtre fjordbygder

*Undersøkt:* 1994: 14.8., 21.8. (JJB)

*Områdeskildring:* Sjå Jordal & Sivertsen (1992) og Jordal & Gaarder (1993).

**Kommentarar til funn:** Det er kjent 10 artar av beitemarkssopp (13 artspoeng) på lokaliteten. Den mest interessante er den hensynskrevande raudskivesoppen *Entoloma caesiocinctum*. Det er laga ei karplanteliste på 38 artar, og 8 av desse er "naturengartar" (sjå tabell 1).  
**Konklusjon:** Dette er ein setervoll med lokal biologisk verdi. Beitetrykket er noko lågt.

Tabell 25. Planter funne på lokalitetar i Jordalsgrenda, Sunndal. <sup>1</sup>naturengplanter (sjå tabell 1).

1. Jordalsvøttu
2. Kalvhusvøttu
3. Skrødalsetra 27.6.93

Norsk namn	1	2	3	Norsk namn	1	2	3	Norsk namn	1	2	3	Norsk namn	1	2	3
beitemarkåpe	x			finnskjegg <sup>1</sup>	x		x	krekling			x	skogmarihand	x		
bekkestjerneblom		x		firkantperikum	x	x		krypsoleie		x	x	skogstjerne			x
bjønnskjegg	x			fjellmarkålåpe <sup>2</sup>		x		kvitkløver		x		slåttestorr	x		x
bleikstorr	x			følblom		x	x	lyssiv	x			smalkjempe	x	x	
blokkbær		x		gaukesyre		x		lækjeveronika <sup>1</sup>	x		x	småengkall <sup>1</sup>		x	
blåbær	x	x	x	glattveronika		x		løvetann-art		x	x	småsyre <sup>1</sup>			x
blåklokke <sup>1</sup>	x	x		grasstjernblom	x	x		marikålåpe-art	x		x	stjernestorr	x		
blåkoll	x	x		grov nattfiol <sup>1</sup>		x		marinøkkel <sup>1</sup>		x		stornesle			x
blåtopp	x			gråstorr	x			markjordbær		x		sumphaukeskjegg	x		
bringebær		x		gulaks <sup>1</sup>	x	x	x	myrfiol	x	x	x	sølvbunke	x	x	x
bråtestorr <sup>1</sup>	x		x	harerug <sup>1</sup>	x	x		myrmaure	x			tepperot <sup>1</sup>	x	x	
duskull	x			harestorr	x			myrmjølke		x		trollhegg			x
einer	x		x	hengeveng		x		myrtistel	x			trådsiv	x		
engfiol <sup>1</sup>		x	x	hårfrytle	x			ormetelg		x		tyttebær	x		x
engfrytle <sup>1</sup>	x	x		hårsvæve-gr. <sup>1</sup>	x	x		raudkløver	x			vanleg arve	x	x	x
engkarse	x			kjeldeurt		x		raudsvingel	x		x	vassarve			x
engkvein	x	x		kjertelaugnetrøst <sup>1</sup>		x		ryllik		x		øyrevier	x		
engrapp	x			kjøttnype		x		røsslyng	x		x	<b>Sum artar</b>	<b>42</b>	<b>34</b>	<b>38</b>
engsoleie	x		x	kornstorr <sup>1</sup>	x		x	sisselrot	x			"Naturengartar"	<b>9</b>	<b>11</b>	<b>8</b>
engsyre	x	x	x	krattlodnegras		x		skogbjørnebær		x		"Seterartar"	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>1</b>

Tabell 26. Beitemarkssopp funne på lokalitetar i Jordalsgrenda, Sunndal, med artspoeng for kvar art og for kvar lokalitet. For kvar lokalitet er det oppgjeve kva årstal artane er funne. Raudlistestatus (sjå tabell 2 s. 21): E = direkte truga, V = sårbar og V+ = hensynskrevande.

- 1 Jordalsvøttu
- 2 Jordalsøra
- 3 Skrødalsetra

Latinsk namn	Norsk namn	Raudliste status	Poeng	1	2	3
<i>Bovista nigrescens</i>	stor eggrøksopp		1		94	
<i>Camarophyllopsis schulzeri</i>	gulbrun narrevokssopp	V	4	81		
<i>Camarophyllus lacmus</i>	skifervokssopp	V+	2		92,93,94	
<i>Camarophyllus pratensis</i>	engvokssopp		1	92	93,94	
<i>Camarophyllus virgineus</i>	snøkvit vokssopp		1	92	93,94	
<i>Clavaria acuta</i>	kvit køllesopp	V+	2		93,94	
<i>Clavaria amoenoides</i>	vridt køllesopp	V	8		93	
<i>Clavaria vermicularis</i>	tuva køllesopp	V+	2	94	94	
<i>Clavaria zollingeri</i>	fiolett greinkøllesopp	V	4	85,91		
<i>Clavulinopsis corniculata</i>	gul småfingersopp		2			
<i>Clavulinopsis helvola</i>	gul småkøllesopp		1	92	92,93,94	92
<i>Clavulinopsis luteoalba</i>	bleiktuppa småkøllesopp		1	92,94	93,94	93
<i>Clavulinopsis pulchra</i>	raudgul småkøllesopp		2		93	

Tabell 26 forts.

<b>Latinsk namn</b>	<b>Norsk namn</b>	<b>Raudliste status</b>	<b>Poeng</b>	<b>1</b>	<b>2</b>	<b>3</b>
<i>Entoloma atrocoeruleum</i>		V+	2	93		
<i>Entoloma caesiocinctum</i>		V+	2			94
<i>Entoloma chalybaeum</i>			2	92		94
<i>Entoloma corvinum</i>		V	4		93,94	
<i>Entoloma exile</i>		V+	2	93,94	93,94	
<i>Entoloma formosum</i>		V+	2	93	92,93,94	
<i>Entoloma fuscotomentosum</i>			1	94		
<i>Entoloma griseocyaneum</i>	lillagrå raudskivesopp	V+	2		94	
<i>Entoloma infula</i>	bleikskiva raudskivesopp		1		94	
<i>Entoloma jubatum</i>	semska raudskivesopp		1		92	
<i>Entoloma lividocyanulum</i>		V+	2		94	
<i>Entoloma papillatum</i>	vorteraudskivesopp		1	93		
<i>Entoloma poliopus</i>			1	93	92	
<i>Entoloma sericellum</i>	silkeraudskivesopp		1	93	93,94	
<i>Entoloma sericeum</i>	beite-raudskivesopp		1			92
<i>Entoloma serrulatum</i>	mørktanna raudskivesopp		1	93		
<i>Entoloma sodale</i>		V+	4		93	
<i>Entoloma sp.</i>			1	92	93	
<i>Geoglossum fallax</i>	skjeljordtunge	V+	2		93	
<i>Geoglossum starbaeckii</i>	vanleg jordtunge		2			92,93,94
<i>Geoglossum umbratile</i>	brunsvart jordtunge	V+	2		94	
<i>Hygrocybe ceracea</i>	skjørvokssopp		1	92,94	93,94	
<i>Hygrocybe chlorophana</i>	gul vokssopp		1	92-94	92,93,94	
<i>Hygrocybe coccinea</i>	mønjevokssopp		1	92,93,94	92,93,94	92
<i>Hygrocybe conica</i>	kjeglevokssopp		1	92	93,94	
<i>Hygrocybe flavescens</i>			1	92,93		
<i>Hygrocybe helobia</i>	brunfnokka vokssopp		1	94	93	93,94
<i>Hygrocybe ingrata</i>	raudnande lutvokssopp	V	4	92,94	92	
<i>Hygrocybe insipida</i>	liten vokssopp	V+	2		93,94	
<i>Hygrocybe laeta</i>	seig vokssopp		1	92	92,93,94	
<i>Hygrocybe lepida</i>	kantarellvokssopp		1		94	92,93,94
<i>Hygrocybe miniata</i>	liten mønjevokssopp		1	92,94	93,94	92
<i>Hygrocybe nitrata</i>	lutvokssopp	V+	2	92,93,94	93,94	
<i>Hygrocybe phaeococcinea</i>		V+	4		94	
<i>Hygrocybe psittacina</i>	grøn vokssopp		1	92,94	93,94	
<i>Hygrocybe punicea</i>	skarlagenvokssopp		1	92,93,94	92,93,94	
<i>Hygrocybe reae</i>	bitter vokssopp	V+	2	91		
<i>Hygrocybe reidii</i>	honningvokssopp		1	93,94	92,93,94	
<i>Hygrocybe streptopus</i>	mørk musserongvokssopp	V	4	92,94	92,93,94	
<i>Hygrocybe unguinosa</i>	grå vokssopp		2	92		
<i>Mycena flavoalba</i>	elfenbeinshette		1	92,93,94	93,94	
<i>Mycena pelliculosa</i>	beitehette	V+	2		93,94	
<i>Porpoloma metapodium</i>	grå narremusserong	V	8	92,93,94		
<i>Ramariopsis subtilis</i>		V+	2		93	
<i>Stropharia albocyanea</i>	bleikgrøn kragesopp		1		93	
<i>Trichoglossum walteri</i>	vranglodnetunge	E	8	91	94	
<b>SUM ARTAR</b>		<b>27</b>	<b>59</b>	<b>36</b>	<b>44</b>	<b>10</b>
<b>SUM POENG</b>			<b>122</b>	<b>70</b>	<b>87</b>	<b>13</b>



## **Sunndal, øvre deler m. Grøvuvassdraget**

### **Svisdalen: Liin**

*Kartblad, UTM-koordinatar:* 1420 II Romfo, NQ 028 312

*Landskapsregion:* 28. Dal- og fjellbygder i Sør-Trøndelag

*Undersøkt:* 29.8.94 (JBJ)

*Områdeskildring:* Liin er eit brattlendt område nedafor Svisdal ved Gjøra. Det udyrka området er mest interessant og består av tørrbakkevegetasjon på morenemasse. Dette blir beita av sau vår og haust.

*Kommentarar til funn:* Det vart funne få soppartar, og av desse ingen beitemarkssopp, truleg på grunn av tørkeperiodar i august. Desse er ikkje sett opp i tabell. Artane var beitesjampinjong og nelliksopp. Det vart funne 37 planteartar. Av desse var det 12 "naturengartar" og 5 "seterartar". Artslistene stammar berre frå fem analyseruter, kvar på 2x2 meter. Planteartar som ikkje er så vanlege elles, er m. a. bakkemynte, bakkestjerne, lodnerublom, sandarve og sòlvture.

*Konklusjon:* Lokaliteten er eit av få eksempel i fylket vårt på artsrike, innlandsprega tørrbakkesamfunn. Vi har ingen forslag til endring av dagens bruk av området. Lokaliteten bør ikkje gjødslast.

### **Sveen**

*Kartblad, UTM-koordinatar:* 1420 II Romfo, NQ 026 309

*Landskapsregion:* 28. Dal- og fjellbygder i Sør-Trøndelag

*Undersøkt:* 31.8.94 (JBJ)

*Områdeskildring:* Sveen er ein gammal gard som er under restaurering med offentlege midlar, som eksempel på ein fjellgard typisk for området. Engene nedafor blir slått årleg, litt gjødsla, og beita av sau vår og haust. Det er også her, slik som på den førre lokaliteten, ein del tørrbakkeartar som stadfestar innlandspreget.

*Kommentarar til funn:* Det vart funne få soppartar, av desse berre to beitemarkssopp, truleg på grunn av tørkeperiodar i august. Desse er ikkje sett opp i tabell. Artane var: stor eggrøysopp, kjeglevokssopp, ruterøysopp, beitesjampinjong og stilkmosekantarell. Det vart funne 26 planteartar. Av desse var det 9 "naturengartar" og 1 "seterart". Artslistene stammar berre frå to analyseruter, kvar på 2x2 meter, og er langt frå fullstendige. Det er mellom anna ein god del prestekrage nedafor husa.

*Konklusjon:* Saman med Liin i Svisdalen har Sveen fine eksempel på innlandsprega tørrbakkar som er ein uvanleg vegetasjonstype i fylket vårt. Sveen burde undersøkjast betre. Vi har ingen forslag til endringar i dagens bruk av området. Det vil vera ein fordel for artsrikdomen om ein unnlet å gjødsla på dei magraste tørrbakkane.

### **Grøvudalen: Hallen**

*Kartblad, UTM-koordinatar:* 1419 I Storskrymten, MQ 973 285

*Landskapsregion:* 28. Dal- og fjellbygder i Sør-Trøndelag

*Undersøkt:* 31.7.94 (JBJ)

*Områdeskildring:* Dette er ein gammal plass som ligg fint til ned mot elva Grøvu nedafor enden av bilvegen. Enga gror no sakte att med dels høgt gras, men er framleis artsrik.

*Kommentarar til funn:* Det vart funne berre ein soppart, kvit fjellmunkehatt, ein art vi reknar som beitemarkssopp, og som er nokså vanleg på setervollane i Grøvudalen. Vi har ikkje funne den elles. Besøket var for tidleg for beitemarkssopp. Det vart funne 35 planteartar på vollen, men området er ikkje godt undersøkt. Av desse var det 12 "naturengartar" og 6 "seterartar". Verdt å nemna er bakkesøte, fjellbakkestjerne, flekkmure, gjeldkarve, jåblom, marinøkkel og snøsøte.

**Konklusjon:** Hallen har ein flora som er typisk for vassdraget, med eit godt utval "naturengplanter" og "seterplanter". Kalkhaldig jordsmonn gjev høgare tal planteartar. Lokaliteten skulle vore noko hardare beita.

## **Grødalen: Vangan**

*Kartblad, UTM-koordinatar:* 1420 II Romfo, MQ 981339

*Landskapsregion:* 28. Dal- og fjellbygder i Sør-Trøndelag

*Undersøkt:* 13.8., 21.8., 27.8., og 18.9.94 (JB)

*Områdeskildring:* Sjå Jordal & Gaarder (1993).

**Kommentarar til funn:** Trass i fleire besøk vart det ikkje gjort nye funn av beitemarkssopp i høve til 1993, truleg på grunn av tørke og tidleg frost. Det er dermed framleis kjent 19 artar av beitemarkssopp, som gjev 24 artspoeng. Det vart funne 33 planteartar på setervollen, men området er ikkje godt undersøkt. Av desse var det 11 "naturengartar" og 8 "seterartar". Verdt å nemna er fjellmarinøkkel, marinøkkel, småsøte og bakkesøte. Småsøte er ei lita, konkurransesvak fjellplante med få kjente funn her frå fylket. Den synest å trivast på kortbeita setervollar i Grøvvuvassdraget, men kan elles veksa på steinblokker, fjellheier, rikmyr og elvesetter (Gjærevoll 1990).

**Konklusjon:** Setervollen er typisk for vassdraget, med eit godt utval beitemarkssopp, "naturengplanter" og "seterplanter". Kalkhaldig jordsmonn legg tilhøva til rette for ein del meir krevande artar. Beiting av hest i tillegg til sau dei siste åra motverkar attgroing på deler av vollen. Vi har ingen forslag til endringar i bruken av området.

## **Grødalen: Hovensemsetra**

*Kartblad, UTM-koordinatar:* 1420 II Romfo, MQ 929 385

*Landskapsregion:* 28. Dal- og fjellbygder i Sør-Trøndelag

*Undersøkt:* 26.8.94 (JB)

**Områdeskildring:** Hovensemsetra har ein relativt liten setervoll på 2-3 dekar. Vollen blir litt beita av sau, men beitetrykket er noko lågt. Det er ein god del høgvaksen sølvbunke. Det var ingen teikn til kalkhaldig jordsmonn.

**Kommentarar til funn:** Det vart funne berre to soppartar, lakssopp og beitemarkssoppen engvokssopp, truleg på grunn av tørkeperiodar i august. Desse er ikkje sett opp i tabell. Det vart funne 31 planteartar. Av desse var det 9 "naturengartar" og 3 "seterartar". Ingen av artane var spesielle eller uvanlege for området.

**Konklusjon:** Setervollen har lokal biologisk verdi, og noverande bruk bør halda fram. Beitetrykket kan med fordel bli hardare.

## **Grødalen: Mælesetra**

*Kartblad, UTM-koordinatar:* 1420 II Romfo, MQ 920 388

*Landskapsregion:* 28. Dal- og fjellbygder i Sør-Trøndelag

*Undersøkt:* 26.8.94 (JB)

**Områdeskildring:** Mælesetra har ingen stor setervoll, men det er eit mindre område med einer og grasmark aust for setra i tillegg til sjølve vollen. Beitetrykket er lågt, og i grasmarka veks sølvbunken høg.

**Kommentarar til funn:** Truleg på grunn av tørkeperiodar i august vart det funne berre ein soppart, sitronkragesopp. Det vart funne 30 planteartar. Av desse var det 9 "naturengartar" og 4 "seterartar". Bergrublom var ein av dei mindre vanlege "seterartane", som helst veks på tørrbakkar.

**Konklusjon:** Mælesetra har lokal biologisk verdi. Noverande bruk bør halda fram. Beitetrykket kan med fordel bli hardare.

## **Hafsåsen**

*Kartblad, UTM-koordinatar:* 1420 II Romfo, MQ 993321

*Landskapsregion:* 28. Dal- og fjellbygder i Sør-Trøndelag

*Undersøkt:* 28.6., 22.8. og 18.9.94 (JB)

*Områdeskildring:* Sjå Jordal & Gaarder (1993). Lokaliteten er liten, berre eit par dekar. Han vart i 1994 slått i september.

*Kommentarar til funn:* Det vart funne få soppartar i 1994, truleg på grunn av tørkeperiodar i august. Desse er ikkje sett opp i tabell. Artane var mørk vorterøyksopp og dvergmjølsopp. Lokaliteten har dermed 12 kjente artar av beitemarkssopp og 17 artspoeng som i fjar. Det vart funne 32 planteartar. Av desse var det 12 "naturengartar" og 7 "seterartar". Artslista stammar berre frå 4 analyseruter på 2x2 meter, og er truleg ikkje fullstendig. Mest spesielt er ein bra bestand av den kalkkrevande tørrbakkeplanten sandfiol, som her i fylket berre er kjent frå Sunndal og Fræna. Elles kan det nemnast bergrublom, lodnerublom, fjellfrøstjerne, flekkmure, setermjelt, sauesvingel, seterrapp og sølvture. Lokaliteten har eit liknande tørrbakkepreg som Liin i Svisdalen, men ligg høgare (800 m) og har eit litt anna artsutval.

*Konklusjon:* Utvalet av planteartar er særmerkt og interessant, og elles har lokaliteten truleg den høgast kjente veksestaden i Noreg for svartlodnetunge og *Entoloma caeruleopolitum*, og einaste kjente lokalitet i fylket av dvergmjølsopp foreløpig. Vi har ingen forslag til endring i bruken av området. Beiting og evt. slått bør fortsetta som før. Lokaliteten bør ikkje gjødslast.

## **Geitådalen: Hafsåssetra**

*Kartblad, UTM-koordinatar:* 1420 II Romfo, MQ 950 303

*Landskapsregion:* 28. Dal- og fjellbygder i Sør-Trøndelag

*Undersøkt:* 18.8.94 (JB)

*Områdeskildring:* Hafsåssetra ligg i dalbotnen i nedre del av Geitådalen, ved elva og med fjellbjørkeskog og rasmarker ovafor. Området er kalkrikt og har ein interessant flora. Dalen blir beita av sau og ungdyr, og beitetrykket er tilfredsstillande.

*Kommentarar til funn:* Det vart ikkje gjort funn av beitemarkssopp, truleg på grunn av tørke og tidleg frost. Det vart funne 48 planteartar på setervollen, men området er ikkje godt undersøkt. Av desse var det 12 "naturengartar" og 8 "seterartar". Verdt å nemna er bakkesøte, dvergjamne, jáblom, marinøkkel, setermjelt og snøsøte.

*Konklusjon:* Setervollen er typisk for vassdraget, med eit godt utval "naturengplanter" og "seterplanter". Kalkhaldig jordsmonn legg tilhøva til rette for ein del spesielle artar. Vi har ingen forslag til endringar i bruken av området.

## **Geitådalen: Fahlesetra**

*Kartblad, UTM-koordinatar:* 1419 I Storskrymten, MQ 933 298

*Landskapsregion:* 28. Dal- og fjellbygder i Sør-Trøndelag

*Undersøkt:* 17.8.94 (JB)

*Områdeskildring:* Det ligg fleire setre inst i Geitådalen, og dei opne beitemarkene utgjer eit ganske stort areal. Dalen blir beita av sau og ungdyr, og beitetrykket ved Fahlesetra er godt. Ved besøket var vollen nokså snaubeita.

*Kommentarar til funn:* Det vart ikkje gjort funn av beitemarkssopp, truleg på grunn av tørke og tidleg frost. Det vart funne 31 planteartar på setervollen, men området er ikkje godt undersøkt. Av desse var det 8 "naturengartar" og 7 "seterartar". Verdt å nemna er bakkesøte, dvergjamne, flekkmure, marinøkkel, setermjelt og trefingerurt.

*Konklusjon:* Setervollen er typisk for Grøvvassdraget, med eit godt utval "naturengplanter" og "seterplanter". Vi har ingen forslag til endringar i bruken av området.

## **Lindalen: Gammelsetra**

*Kartblad, UTM-koordinatar:* 1420 II Romfo, NQ 060 300

*Landskapsregion:* 28. Dal- og fjellbygder i Sør-Trøndelag

*Undersøkt:* 25.8.94 (JB)

*Områdeskildring:* Gammelsetra ligg i dalbotnen i Lindalen. Det er eit større område med beitevollar. Seterhusa, som no er bygsla og istandsett til turisthytte av Kristiansund og Nordmøre Turistforening, er nyleg inngjerda, og innafor gjerdet gror vegetasjonen høg. Området har elles eit godt beitetrykk av sau.

*Kommentarar til funn:* Det vart funne 51 planteartar. Av desse var det 15 "naturengartar" og 5 "seterartar". Det var stadvis uvanleg stor førekommst av bakkesøte, som er ei merkeplante på langvarig og god hevd. Elles fanst bergskrinneblom, dvergjamne, fjelltimotei, flekkmure, harerug, småengkall og marinøkkel. Av sopp vart det funne mørktanna raudskivesopp, fjellkremle, ein traktsopp-art og stor eggrøyksopp, noko som berre gjev 3 artspoeng.

*Konklusjon:* Lokaliteten har eit nokså stort tal planteartar tilknytt naturenger og setervollar. Vi har ingen forslag til endring i bruken av området. Beitinga bør fortsetta som før. Lokaliteten bør ikkje gjødslast.

## **Gjøra: Vollansetra**

*Kartblad, UTM-koordinatar:* 1420 II Romfo, NQ 064 388

*Landskapsregion:* 28. Dal- og fjellbygder i Sør-Trøndelag

*Undersøkt:* 30.8.94 (JB)

*Områdeskildring:* Vollansetra ligg 760 meter over havet i ei austvendt skråning. Vollen har vekslande fukttilhøve og er gras- og urtedominert. Somme parti har noko blåbærlyng og firkantperikum, eit teikn på byrjande attgroing. Området blir beita av sau, og beitetrykket er ganske bra.

*Kommentarar til funn:* Det vart funne berre 6 artar av beitemarkssopp, truleg på grunn av tørkeperiodar i august. Det vart funne 56 planteartar. Blant desse var det 14 "naturengartar" og 4 "seterartar". Det kan nemnast fjellmarinøkkel, gjeldkarve, den raudblomstra hårsvævearten *Hieracium blyttianum*, marinøkkel og prestekrage.

*Konklusjon:* Lokaliteten har eit nokså stort tal planteartar tilknytt naturenger og setervollar. Vi har ingen forslag til endring i bruken av området. Beitinga bør fortsetta som før.

## **Gjøra: Langbakksetra**

*Kartblad, UTM-koordinatar:* 1420 II Romfo, NQ 062 389

*Landskapsregion:* 28. Dal- og fjellbygder i Sør-Trøndelag

*Undersøkt:* 5.8.94 (JB)

*Områdeskildring:* Langbakksetra har ein relativt stor setervoll 800 m o. h. som hellar mot søraust. Vollen har vekslande fukttilhøve og er gras- og urtedominert. I dei tørraste partia ser ein tendensar til tørrbakkesamfunn. Elles er graset nokså høgt og tydeleg lite utnytta av sau.

*Kommentarar til funn:* Av beitemarkssopp vart det berre funne brunfnokka vokssopp, truleg på grunn av det tidlege tidspunktet for besøket. Det vart funne 67 planteartar. Av desse var det heile 20 "naturengartar" og 3 "seterartar". Av desse kan nemnast bakkesøte, gjeldkarve, den raudblomstra hårsvæve-arten *Hieracium blyttianum*, marinøkkel, prestekrage, snøsøte og vill-lauk.

*Konklusjon:* Lokaliteten har det største talet på "naturengplanter" i denne rapporten. Særmerkt for denne og den føre (nærliggende) vollen var bra førekommst av den relativt sjeldne hårsvæve-arten *Hieracium blyttianum*, som synest å vera knytt til setervollar og naturenger i høgare strok. Graset blir ikkje beita skikkeleg ned. Beitinga kunne om muleg vore noko hardare.

## Gjøra: Gravem, Oppistu

Kartblad, UTM-koordinatar: 1420 II Romfo, NQ 043 366

Landskapsregion: 28. Dal- og fjellbygder i Sør-Trøndelag

Undersøkt: 30.8.94 (JB)

Områdeskildring: Dette er eit beite i kanten mellom dyrkamark og oreskog ved Oppistu på Gravem. Lokaliteten ligg i ei relativt smal stripe med kalkhaldige, kambrosiluriske bergartar som her går tvers over Sunndalen. Beitet har både fuktige og tørre parti, og nokre deler har tørrbakkepreg. Det er storfe som beiter her.

Kommentarar til funn: Det vart gjort fleire interessante funn av beitemarkssopp. *Entoloma velenovskyi* er ikkje tidlegare publisert frå Noreg. *Entoloma mougeotii*, lillagrå raudskivesopp og lutvokssopp står alle som hensynskrevande på den nye raudlista for sopp. Det var uvanleg store mengder av raudskivesopp på lokaliteten, særleg av mørktanna raudskivesopp. Dette kan ha å gjera med at jordsmonnet er kalkhaldig. Lokaliteten hadde 11 beitemarkssopp og 17 artspoeng ved dette besøket. Det vart funne 47 planteartar, herav 15 "naturengplanter" og 3 "seterplanter". Av desse kan nemnast dunkjempe, gjeldkarve, hårvæver, kattefot, kvitmaure, marinøkkel, setermjelt og sølvture.

Konklusjon: Lokaliteten har eit nokså stort tal planteartar og nokre sjeldne soppartar tilknytt naturenger. Vi har ingen forslag til endring i bruken av området. Beitinga bør fortsetta som før.

Tabell 27. Planter funne på lokalitetar i øvre Sunndal. <sup>1</sup>naturengplanter, <sup>2</sup>seterplanter (sjå tabell 1).

1. Hafsåsen, på Åsen 28.6.94
2. Hallen nedst i Grøvdalen, 31.7.94
3. Vangan i Grødalen, 23.8.94
4. Hovensemsetra, Grødalen, 26.8.94
5. Mælesetra, Grødalen, 26.8.94
6. Fahlesetra i Geitådalen, 17.8.94
7. Hafsåssetra i Geitådalen, 18.8.94
8. Svisdalen, Liin, 28.6.94
9. Sveen, 28.6.94
10. Gammelsetra, Lindalen, 25.8.94
11. Vollansetra, Gjøra, 5.8.94
12. Langbakksetra, Gjøra, 5.8.94
13. Gravem, Oppistu 30.8.94

Norsk namn	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	11	12	13
aksfrytle <sup>2</sup>								x					
bakkemynte								x					
bakkestjerne								x					
bakkesøte <sup>1</sup>		x	x			x	x			x		x	
beitemarikåpe						x							
beitesvæve-gr.	x							x			x		
bekkeblom							x			x			
bergrublom <sup>2</sup>	x				x			x					
bergskrinneblom <sup>1</sup>										x			
bergveronika								x					
bjørk										x	x	x	
bleikstorr							x				x	x	x
bleikvier											x		

Tabell 27 forts.

Norsk namn	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	11	12	13
blokkebær										x			
blåbær				x	x					x	x	x	
blåklokke <sup>1</sup>	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x
blåkoll											x	x	x
bringebær												x	
bråtestorr <sup>1</sup>				x									x
burot								x					
dunhavre	x	x						x	x		x	x	x
dunkjempe <sup>1</sup>													x
dvergjamne <sup>1</sup>					x	x				x			
einer					x	x	x			x			x
engfiol <sup>1</sup>				x	x			x	x	x		x	x
engfrytle <sup>1</sup>	x	x		x	x		x		x	x	x	x	x
enghumleblom							x						
engkvein	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x
engrapp				x	x					x	x	x	x
engsmelle		x	x					x	x		x	x	x
engsnelle		x									x		
engsoleie	x		x	x			x			x	x	x	x
engsyre		x	x	x	x	x	x		x	x	x	x	x
finnskjegg <sup>1</sup>			x	x	x	x	x			x	x	x	
firkantperikum											x	x	x
fjellarve <sup>2</sup>	x												
fjellaugnetrøst <sup>2</sup>		x				x	x					x	x
fjellbakkestjerne <sup>2</sup>		x											
fjellfiol <sup>2</sup>			x	x		x	x			x	x	x	
fjellfrøstjerne <sup>2</sup>	x	x					x						
fjellkrekling						x	x			x			
fjellmarikåpe <sup>2</sup>	x	x	x	x	x					x	x		x
fjellmarinøkkel <sup>2</sup>			x							x			
fjellrapp <sup>2</sup>	x					x	x	x					
fjellsmelle <sup>2</sup>						x							
fjelltimoeti <sup>2</sup>	x		x	x	x		x			x	x		
fjelltistel <sup>2</sup>		x										x	
flekkmure <sup>1</sup>	x	x				x			x	x			
fuglevikke	x	x						x			x	x	
føllblom		x	x	x	x					x	x	x	x
geitsvingel <sup>1</sup>					x								
gjeldkarve <sup>1</sup>		x									x	x	x
gjerdevikke												x	
gjetertaske									x		x		
grasstjerneblom				x						x	x		
groblad			x							x	x		
grønvier						x							
gulaks <sup>1</sup>	x	x	x			x	x	x	x	x	x	x	x
gullris										x			
harerug <sup>1</sup>	x	x	x		x	x	x			x	x	x	
harestorr										x		x	
hundegras												x	
høymol									x				
hårfrytle										x			
hårsvæve-gr. <sup>1</sup>			x				x	x				x	x
hårsvæve-gr.: <i>H. blyttianum</i> <sup>1</sup>										x	x		
jonsokkoll <sup>1</sup>											x		
jåblom <sup>1</sup>		x					x						
karve							x		x		x	x	x

Tabell 27 forts.

Norsk namn	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	11	12	13
kattefot <sup>1</sup>	x						x	x		x	x		x
kjeldemarikåpe <sup>1</sup>			x										
kjeldeurt									x				
kjertelaugnetrøst <sup>1</sup>			x	x	x	x		x		x	x	x	
krusetistel										x			
krypsoleie			x							x	x	x	
kvassdå			x							x			
kveke								x					
kvitbladtistel											x		
kvitkløver	x		x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x
kvitmaure <sup>1</sup>		x	x				x			x	x	x	x
lintorskemann								x					
lodnerublom <sup>2</sup>	x						x						
lækjeveronika <sup>1</sup>			x	x					x	x	x	x	x
løvetann-art	x		x			x	x	x			x	x	
marikåpe-art	x	x					x		x	x	x	x	x
marinøkkel <sup>1</sup>	x	x	x			x	x	x		x	x	x	x
markjordbær									x				x
mjuk kråkefot				x									
mjødurt							x						
musøre						x							
myrfiol			x	x					x				
nyseryllik											x		
ormetelg												x	
prestekrage <sup>1</sup>								x		x	x		
raud jonsokblom												x	
raudkløver		x					x	x	x		x	x	x
raudknapp	x							x	x		x	x	x
raudsvingel	x	x	x		x	x		x	x	x	x	x	x
rukkerose												x	
ryllik	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x
røsslyng				x		x	x			x		x	
sandarve								x					
sandfiol <sup>1</sup>	x												
sauesvingel	x	x				x		x	x	x			x
seterfrytle <sup>2</sup>			x		x		x						
setermjelt <sup>2</sup>	x		x			x	x						x
seterrapp <sup>2</sup>	x							x	x				
seterstorr <sup>2</sup>										x			
skoggråurt			x				x				x	x	
skogsnelle							x						
skogstorkenebb			x				x				x	x	x
skogsvæve-gr.										x			
slirestorr <sup>2</sup>				x									
slåttestorr				x	x		x				x	x	x
smyle			x							x	x	x	
småbergknapp		x		x	x			x					x
småengkall <sup>1</sup>	x	x	x				x			x	x		
småmarimjelle										x			
småsyre <sup>1</sup>	x	x		x				x			x	x	
småsøte <sup>2</sup>			x										
snøsøte <sup>2</sup>		x					x				x		
stemorsblom								x	x			x	
stivstorr <sup>2</sup>	x									x			
stor myrfiol							x						
stormaure						x					x		
stornesle										x		x	

Tabell 27 forts.

Norsk namn	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	11	12	13
sumpmaure <sup>1</sup>	x									x			
svartstorr	x						x						
sølvbunke		x	x	x	x	x			x		x		
sølvmure <sup>1</sup>	x							x					x
sølvvier									x	x			
tepperot <sup>1</sup>				x		x					x	x	
tiriltunge <sup>1</sup>							x	x			x	x	
trefingerurt <sup>2</sup>		x			x								
trädsiv			x			x							
tuearve					x								
tunrapp											x		
tviskjeggveronika			x							x	x	x	
tyrihjelm		x			x	x				x			
tyttebær									x				
tågebær	x												
vanleg arve	x		x	x	x	x			x	x			
vanleg høymol											x		
vassarve									x		x		
pill-lauk <sup>1</sup>											x		
vårpengeurt												x	
åkerminneblom								x			x		
<b>Sum artar</b>	<b>32</b>	<b>35</b>	<b>33</b>	<b>31</b>	<b>30</b>	<b>31</b>	<b>48</b>	<b>37</b>	<b>26</b>	<b>51</b>	<b>56</b>	<b>67</b>	<b>47</b>
<b>Sum "naturengartar"</b>	<b>11</b>	<b>12</b>	<b>11</b>	<b>9</b>	<b>9</b>	<b>8</b>	<b>12</b>	<b>11</b>	<b>9</b>	<b>15</b>	<b>14</b>	<b>20</b>	<b>15</b>
<b>Sum "seterartar"</b>	<b>8</b>	<b>7</b>	<b>8</b>	<b>3</b>	<b>5</b>	<b>7</b>	<b>8</b>	<b>5</b>	<b>1</b>	<b>5</b>	<b>4</b>	<b>3</b>	<b>3</b>
Lokalitet nr.	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	11	12	13

Tabell 28. Beitemarkssopp funne på lokalitetar i øvre Sunndal, med artspoeng for kvar art og for kvar lokalitet.  
 Følgjande lokalitetar hadde i 1994 få soppfunn, som berre er omtala i områdebeskrivinga: Hovsetra og  
 Mælesetra i Grødalen, eng ved vegen på Hafsåsen, Gammelsetra i Lindalen, Liin i Svisdalen, Sveen gard,  
 Langbakksetra ved Gjøra. For kvar lokalitet er det oppgjeve kva årstal artane er funne. Raudlistestatus (sjå  
 tabell 2 s. 21):R = sjeldan og V+ = hensynskrevande.

Lokalitetar som er med i tabellen:

1 Vangan, Grødalen

2 Gravem, Oppistu

3 Vollansetra, Gjøra

Latinsk namn	Norsk namn	Raudliste status	Poeng	1	2	3
<i>Bovista nigrescens</i>	stor eggrøysopp		1	93,94		
<i>Camarophyllum lacmus</i>	skifervokssopp	V+	2	93,94		
<i>Camarophyllum pratensis</i>	engvokssopp		1	93		94
<i>Camarophyllum virgineus</i>	snøkvit vokssopp		1	93,94		
<i>Clavulinopsis corniculata</i>	gul småfingersopp		2	93,94		
<i>Clavulinopsis pulchra</i>	raudgul småkøllesopp		2	93,94		
<i>Entoloma caeruleopolitum</i>			1	93		
<i>Entoloma griseocyaneum</i>	lillagrå raudskivesopp	V+	2		94	
<i>Entoloma infula</i>	bleikskiva raudskivesopp		1	93		94
<i>Entoloma jubatum</i>	semska raudskivesopp		1	93		
<i>Entoloma mougeotii</i>		R	4		94	
<i>Entoloma papillatum</i>	vorteraudskivesopp		1		94	
<i>Entoloma poliopus</i>			1		94	94
<i>Entoloma pseudoturci</i>			2	93		
<i>Entoloma sericellum</i>	silkeraudskivesopp		1		94	
<i>Entoloma sericeum</i>	beite-raudskivesopp		1	93		
<i>Entoloma serrulatum</i>	mørktanna raudskivesopp		1		94	
<i>Entoloma velenovskyi</i>			2		94	
<i>Entoloma sp.</i>			1	93		
<i>Hygrocybe ceracea</i>	skjørvokssopp		1	93	94	
<i>Hygrocybe chlorophana</i>	gul vokssopp		1		94	
<i>Hygrocybe conica</i>	kjeglevokssopp		1	93		94
<i>Hygrocybe helobia</i>	brunfnokka vokssopp		1		94	
<i>Hygrocybe laeta</i>	seig vokssopp		1			94
<i>Hygrocybe nitrata</i>	lutvokssopp	V+	2	93,94	94	94
<i>Hygrocybe psittacina</i>	grøn vokssopp		1	93		
<i>Hygrocybe reidi</i>	honningvokssopp		1	93		
<i>Mycena flavoalba</i>	elfenbeinshette		1	93		
<i>Stropharia albocyanea</i>	bleikgrøn kragesopp		1	93		
<b>SUM ARTAR</b>		<b>4</b>	<b>29</b>	<b>19</b>	<b>11</b>	<b>6</b>
<b>SUM POENG</b>				<b>24</b>	<b>17</b>	<b>7</b>

## Surnadal, Nordmarka

### Vaulen

Kartblad, UTM-koordinatar: 1421 II Vinjeøra, MQ 978 919

Landskapsregion: 28. Dal- og fjellbygder i Sør-Trøndelag

Undersøkt: 3.9.94 (JB)

**Områdeskildring:** Vaulen ligg rundt 380 m over havet. Dette er slik som Austergarden og Erkgarden (nedanfor) ein gammal gard som seinare er blitt bruka til setring og beite. Landskapet er prega av dalar og ryggar i aust-vest-retning, og Vaulen ligg på ein slik rygg mellom to dalføre som begge går fram til Vaulavatnet. Setervollen ligg der denne ryggen skrånar ned mot vatnet. Dette er ein stor setervoll, som må ha gjeve mykje vinterfôr. I dag gjer attveksinga seg gjeldande ved at heile vollen er dominert av store mengder firkantperikum. Dette er eit stadium før småskogen kjem inn frå kantane og tek over. Somme stader er det flekker utan eller med lite perikum. Desse flekkene har gras og urter som sauene likar godt. Truleg er det i dag hovudsakeleg desse perikumfattige områda som blir beita av sauene år etter år. På denne måten held dei truleg perikumen borte frå desse flekkene. Ved mine besøk talde eg opptil 25 sauar på vollen. Det finst kalkhaldige bergartar i området, og nokre planteartar tyder på at dette gjev seg utslag somme stader på Vaulen.

**Kommentarar til funn:** Det vart funne 57 planteartar på setervollen, herav 15 "naturengplanter" og 4 "seterplanter". Av desse kan nemnast fjellfrøstjerne, fjelltimotei, hårstorr, jáblom og kornstorr. Det vart berre funne 5 artar av beitemarkssopp (7 poeng), og av desse kan nemnast fiolettgrå vokssopp (hensynskrevande) og brunfnokka vokssopp.

**Konklusjon:** Lokaliteten er framleis artsrik når det gjeld planter. Beitetrykket er for lite til å motverka attgroing. Det er foreslått for Surnadal kommune å få eit eller anna lag til å slå deler av vollen og raka bort graset. Dette må truleg gjentakast for å motverka det sterke oppslaget av firkantperikum. For fleire detaljar: sjå Jordal (1994).

### Austergardssetra

Kartblad, UTM-koordinatar: 1421 II Vinjeøra, NQ 009909

Landskapsregion: 28. Dal- og fjellbygder i Sør-Trøndelag

Undersøkt: 3.9.94 (JB)

**Områdeskildring:** Lokaliteten ligg idyllisk til ved Krokvatnet, og var den siste utmarksgarden som vart avfolka på Nordmarka. Her sat ei gammal slekt samanhengande frå først på 1600-talet. Drifta varte til 1842 (Ansok 1977). Seinare har området vore bruka til setring og beite. No er beitetrykket for lågt, og området veks att med høgt gras og perikum. Sjå og Jordal & Gaarder (1993).

**Kommentarar til funn:** Det vart funne 52 planteartar på vollen, herav 12 "naturengplanter". Etter to sesongar er det framleis kjent berre 6 beitemarkssopp, men desse gjev 17 artspoeng. Sauenvokssopp, som var avbilda hos Jordal & Gaarder (1993), står som direkte utryddingstruga i den nye norske raudlista, og er berre funne 4 gonger i Noreg etter 1970. Vidare fann vi i 1993 også den sårbare arten fiolett greinkøllesopp, som no er kjent frå 14 lokalitetar i landet, av desse 8 funn etter 1980. I 1994 fann vi den hensynskrevande arten fiolettgrå vokssopp.

**Konklusjon:** Lokaliteten er framleis artsrik når det gjeld planter. Dei tre soppartane som vart nemnt ovafor, særleg den utryddingstruga arten sauenvokssopp, gjev lokaliteten stor verdi. Beitetrykket er for lite til å motverka attgroing. Beitetrykket bør aukast, og særleg ville det vera heldig med ein kombinasjon av fleire hestar og fleire sauar.

## Erkgarden

Kartblad, UTM-koordinatar: 1421 II Vinjeøra, MQ 950897

Landskapsregion: 28. Dal- og fjellbygder i Sør-Trøndelag

Undersøkt: 3.9.94 (JB)

Områdeskildring: Sjå Jordal & Gaarder (1993). Dette har vore ein gard med fast busetnad fram til omkring 1720. Noko seinare vart han selt og delt til mange partar for å bli brukt til seterhamn og markeng (Ansok 1977). Vollen er grasdominert og har eit brukbart beitetrykk.

Kommentarar til funn: Det vart ikkje teke fullstendig planteliste på lokaliteten, men ingen spesielle planteartar vart funne. Etter to besøk i to ulike sesongar er det kjent 12 artar av beitemarkssopp, noko som gjev 15 artspoeng. Av desse står fiolettgrå vokssopp, skjeljordtunge og lutvokssopp som hensynskrevande på den norske raudlista.

Konklusjon: Lokaliteten synest ikkje å vera av dei mest verdfulle, men har nokre biologiske kvalitetar som det er verd å ta vare på. Vi har ingen forslag til endringar i skjøtselen.

## Tellesbøsetra

Kartblad, UTM-koordinatar: 1421 II Vinjeøra, MQ 919889

Landskapsregion: 28. Dal- og fjellbygder i Sør-Trøndelag

Undersøkt: 3.9.94 (JB)

Områdeskildring: Sjå Jordal & Gaarder (1993).

Kommentarar til funn: Det vart ikkje teke fullstendig planteliste på lokaliteten, men ingen spesielle planteartar vart funne. Det er funne 6 artar av beitemarkssopp, av desse står fiolettgrå vokssopp på den norske raudlista.

Konklusjon: Lokaliteten er truleg ikkje av dei mest verdfulle. Vi har ingen forslag til endringar i skjøtselen.

Tabell 29. Planter funne på lokalitetar i Nordmarka, Surnadal kommune. <sup>1</sup>naturengplanter (sjå tabell 1).

1. Austergardssetra 28.7.94

2. Vaulen 28.7.94

Norsk namn	1	2	Norsk namn	1	2	Norsk namn	1	2	Norsk namn	1	2
beitesvæve-gr.	x	x	fjellfrøstjerne <sup>2</sup>	x		kvitmaure <sup>1</sup>	x		småengkall <sup>1</sup>	x	x
bjønnbrodd	x		fjelltimotei <sup>2</sup>	x	x	lækjeveronika <sup>1</sup>		x	småsyre <sup>1</sup>		x
bjønnkam	x		fuglevikke	x		marikåpe-art	x	x	snauperonika	x	x
bjørk		x	følblom		x	mjødurt	x		stjernestorr	x	
bleikstorr	x		grasstjerneblom	x	x	myraugnetrøst	x		stornesle		x
blåbær	x	x	grov nattfiol <sup>1</sup>		x	myrfiol		x	stortveblad	x	
blåklokke <sup>1</sup>	x	x	gulaks <sup>1</sup>	x	x	myrklegg	x		sumphaukeskjegg	x	
blåknapp	x		gulstorr	x		myrsnelle	x		sumpmaure <sup>1</sup>	x	x
blåkoll	x	x	harerug <sup>1</sup>	x	x	nysyrrlik		x	svarttopp <sup>2</sup>	x	
blåtopp	x		harestorr	x	x	paddesiv	x		sølvbunke	x	x
breiull	x		høymol		x	prestekrage <sup>1</sup>	x	x	tepperot <sup>1</sup>	x	x
bringebær		x	hårstorr <sup>2</sup>	x		raudkløver	x		tettegras	x	
bråtestorr <sup>1</sup>	x		hårvæve-gruppa		x	raudsvingel	x	x	trådsiv	x	x
einer		x	jåblom <sup>1</sup>	x		ryllik	x	x	tviskjeggveronika		x
engfrytle <sup>1</sup>	x	x	karve	x		ryllsiv	x		vanleg arve	x	
enghumleblom	x		kjertelaugnetrøst <sup>1</sup>		x	skogburkne	x		vassarve		x
engkvein	x	x	kornstorr <sup>1</sup>	x	x	skoggråurt		x	øyrevier		x
engrapp		x	krattmjølke		x	skogsiv	x		<b>Sum artar</b>	<b>57</b>	<b>52</b>
engsoleie	x	x	krypsoleie		x	skogstorkenebb		x	"Naturengartar"	12	15
engsyre		x	kvassdå		x	slåttestorr	x		"Seterartar"	4	1
finnskjegg <sup>1</sup>	x	x	kvitbladtistel	x		smalkjempe		x			
firkantperikum	x	x	kvitkløver	x	x	smyle		x			

Tabell 30. Beitemarkssopp funne på lokalitetar i Nordmarka, Surnadal kommune, med artspoeng for kvar art og for kvar lokalitet. For kvar lokalitet er det oppgjeve kva årstal artane er funne. Raudlistestatus (sjå tabell 2 s. 21): E = direkte truga, V = sårbar og V+ = hensynskrevande.

1 Vaulen

2 Austergardsetra

3 Erkgarden

4 Tellesbøsetra

Latinsk namn	Norsk namn	Raudliste status	Poeng	1	2	3	4
<i>Camarophyllum flavipes</i>	fiolettgrå vokssopp	V+	2	94	94	93,94	94
<i>Camarophyllum pratensis</i>	engvokssopp		1			93	93,94
<i>Clavaria zollingeri</i>	fiolett greinkøllesopp	V	4		93,94		
<i>Clavulinopsis helvola</i>	gul småkøllesopp		1			93	
<i>Entoloma fuscotomentosum</i>			1		93		
<i>Entoloma infula</i>	bleikskiva raudskivesopp		1		94	94	
<i>Entoloma sericeum</i>	beite-raudskivesopp		1			94	
<i>Entoloma sp.</i>			1	94			
<i>Geoglossum fallax</i>	skjeljordtunge	V+	2			93	
<i>Hygrocybe ceracea</i>	skjørvokssopp		1	94		94	94
<i>Hygrocybe chlorophana</i>	gul vokssopp		1				93
<i>Hygrocybe conica</i>	kjeglevokssopp		1			93	93
<i>Hygrocybe helobia</i>	brunfnokka vokssopp		1	94		94	
<i>Hygrocybe insipida</i>	liten vokssopp	V+	2	94			
<i>Hygrocybe nitrata</i>	lutvokssopp	V+	2			93	
<i>Hygrocybe ovina</i>	sauenvokssopp	E	8		93		
<i>Hygrocybe psittacina</i>	grøn vokssopp		1			93	
<i>Hygrocybe reidii</i>	honningvokssopp		1		93,94	93	93
<b>SUM ARTAR</b>		<b>6</b>	<b>18</b>	<b>5</b>	<b>6</b>	<b>12</b>	<b>6</b>
<b>SUM POENG</b>			<b>32</b>	<b>7</b>	<b>17</b>	<b>15</b>	<b>7</b>

# Sykylven, Velledalen

## Drotninghaug

Kartblad, UTM-koordinatar: 1219 I Stranda, LQ 828115

Landskapsregion: 22. Vestlandets midtre fjordbygder

Undersøkt: 14.9.94 (GGA & JBJ)

**Områdeskildring:** Lokaliteten er eit småbruk der ein eldre mann ifølgje Nils Drabløs har slått utan å gjødsla i lang tid. Tunet er også spesielt med samanbygd hus og fjøs, og er registrert av kulturvernstyresmaktene. Lokaliteten er prega av eit tjukt og dels mjukt moseteppe som er sjeldan å finna i dag, og som truleg kan tilskrivast driftsforma, med slått utan beiting og tunge maskiner. Ugjødsla slåttemark er eit svært sjeldan kulturlandskapselement.

**Kommentarar til funn:** Vi fann 30 planteartar, derav 10 "naturengplanter", og vidare berre 3 beitemarkssopp. Ein av desse var fiolettgrå vokssopp, som er hensynskrevande på raudlista. Det synest som at beiting er nødvendig i tillegg til slått for å laga sår i vegetasjonen og moseteppet slik at plantefrø av fleire artar kan etablera seg. Slåtteenger som ikkje blir beita er ofte mindre artsrike enn dei som blir beita litt i tillegg (Ekstam m. fl. 1988). Eit slikt tjukt moseteppe som her synest heller ikkje å vera heldig for beitemarkssoppane.

**Konklusjon:** Lite gjødselpåverka slåttemark som ikkje blir beita og utsett for jordpakking er i dag ein svært sjeldan kulturmarkstype. Lokaliteten var ikkje særlig artsrik ved besøket, men han har truleg stor verdi for forskning på vegetasjon i kulturmark. Skjøtselen bør derfor halda fram som før, gjerne med beiting i tillegg.

Tabell 31. Planter funne på Drotninghaug i Sykylven 14.9.94. <sup>1</sup>naturengplanter (sjå tabell 1).

bjønnkam	firkantperikum	kornstorr <sup>1</sup>	røsslyng
blåbær	føllblom	kvitbladtistel	skogstorkenebb
blåklokke <sup>1</sup>	gulaks <sup>1</sup>	løvetann	sløke
blåknapp	harerug <sup>1</sup>	marikåpe	smalkjempe
blåtopp	heiblåfjør	myrfiol	tepperot <sup>1</sup>
engkvein	hårvæve-gr. <sup>1</sup>	prestekrage <sup>1</sup>	trädsiv
engsyre	jonsokkoll <sup>1</sup>	ryllik	<b>Sum artar: 30</b>
finnskjegg <sup>1</sup>	knegras <sup>1</sup>	raudkløver	<b>Sum "naturengartar": 10</b>

Tabell 32. Sopp funne på Drotninghaug i Sykylven, med artspoeng for kvar art og for kvar lokalitet. Raudlistestatus (sjå tabell 2 s. 21): V+ = hensynskrevande.

Latinsk namn	Norsk namn	Raudliste-status	Poeng
<i>Camarophyllum flavipes</i>	fiolettgrå vokssopp	V+	2
<i>Cystoderma granulosum</i>	raudbrun grynhatt		0
<i>Galerina sp.</i>	klokkehatt-art		0
<i>Hygrocybe chlorophana</i>	gul vokssopp		1
<i>Hygrocybe reidi</i>	honningvokssopp		1
<b>SUM ARTAR BEITEMARKSSOPP</b>			<b>3</b>
<b>SUM POENG</b>			<b>4</b>

## Tingvoll, Tingvoll Gard og Tingvoll-lia

### Tingvoll gard: Saltkjelen

Kartblad, UTM-koordinatar: k. bl. 1320 I Tingvoll, MQ 5776-5876

Landskapsregion: 26. Fjordbygder i Møre og Trøndelag

Undersøkt: 17.9., 21.9., og 3.10.94 (GGa)

Områdeskildring: Sjå omtale hos Jordal & Gaarder (1995b) og Melbye & Mikkelsen (1994). Den mest artsrike staden er ei om lag 20 m brei stripe i kanten av eit større beite. Denne stripa har truleg vore lite gjødsla. Vegetasjonen er triviell med eit bra utval "naturengplanter", men ingen sjeldne.

Kommentarar til funn: Saltkjelen er ein artsrik lokalitet med i alt 28 artar beitemarkssopp (44 poeng), med m. a. ein jordtunge-art, 16 vokssopp-artar, 3 fingersoppartar og 8 raudskivesoppartar. Mest interessante er dei sårbare artane gulbrun narrevokssopp, *Camarophyllum colemaniianus* og raudnande lutvokssopp. Lokaliteten hadde 13 artar av "naturengplanter".

Konklusjon: Området synest ut frå talet på artspoeng for beitemarkssopp å ha nasjonal verdi. På Saltkjelen er det særleg viktig å ta vare på dei artsrike kantområda. Her bør ein ikkje bruka nokon form for gjødsel utover det beitande dyr sjølv tilfører. Ein bør også vera forsiktig med bruk av tunge maskiner. For å ta vare på dei biologiske kvalitetene i området bør beitettrykket bli hardare.

### Tingvoll-lia

Kartblad, UTM-koordinatar: 1320 I Tingvoll, MQ 588776

Landskapsregion: 26. Fjordbygder i Møre og Trøndelag

Undersøkt: 7.10.92 (JJB), 13.9.93 (GGa & JJJ), 20.9.94 (JJB)

Områdeskildring: Sjå Jordal & Sivertsen (1992) og Jordal & Gaarder (1993, 1995b). Beitet ligg ved Tingvoll bygdemuseum, og blir beita av sau frå Tingvoll Gard. Det er grunn til å sjå lokaliteten i samband med økomuseumsaktivitetane i Tingvoll-lia, med fjerning av skog og forsøk på gjenskaping av det gamle halvopne slatte- og beitelandskapet i området.

Kommentarar til funn: Lokaliteten er middels artsrik på sopp, med første norske funn av raudskivesoppen *Entoloma caeruleopolitum* i 1992, og dei hensynskrevande artane fiolettgrå vokssopp og liten vokssopp i 1994. Plantelivet er trivielt.

Konklusjon: Lokaliteten har middels (lokal til regional) verdi, og dagens bruk bør halda fram. Nokre tre på og inntil beitemarka kan fjernast, og deler av beitet kunne med fordel vore slått.

Tabell 33. Planter funne på på Saltkjelen, Tingvoll Gard i Tingvoll kommune. <sup>1</sup>naturengplanter (sjå tabell 1).

bleikstorr	engsoleie	jonsokkoll <sup>1</sup>	rødkløver
blåbær	engsyre	kornstorr <sup>1</sup>	skogstorkenebb
blåklokke <sup>1</sup>	finnskjegg <sup>1</sup>	kvitkløver	smalkjempe
blåknapp	firkantperikum	lækjeveronika <sup>1</sup>	sølvbunke
bråtestorr <sup>1</sup>	harerug <sup>1</sup>	marikåpe-art	tepperot <sup>1</sup>
einer	hassel	prestekrage <sup>1</sup>	tiriltunge <sup>1</sup>
engfiol <sup>1</sup>	hårfrytle	rose-art	<b>Sum artar: 30</b>
engfrytle <sup>1</sup>	hårsveve-gruppa <sup>1</sup>	ryllik	<b>Sum "naturengartar":13</b>

Tabell 34. Beitemarkssopp funne på lokalitetar i Tingvoll kommune, med artspoeng for kvar art og for kvar lokalitet. For kvar lokalitet er det oppgjeve kva årstal artane er funne. Raudlistestatus (sjå tabell 2 s. 21): V = sårbar og V+ = hensynskrevande.

1 Tingvoll Gard, Saltkjelen

2 Tingvoll-lia

Latinsk namn	Norsk namn	Raudliste status	Poeng	1	2
<i>Camarophyllopsis schulzeri</i>	gulbrun narrevokssopp	V	4	94	
<i>Camarophyllus colemannianus</i>	kantstripa vokssopp	V	4	94	
<i>Camarophyllus flavipes</i>	fiolettgrå vokssopp	V+	2		94
<i>Camarophyllus pratensis</i>	engvokssopp		1	94	
<i>Clavulinopsis corniculata</i>	gul småfingersopp		2	94	
<i>Clavulinopsis helvola</i>	gul småkøllesopp		1	94	
<i>Clavulinopsis pulchra</i>	raudgul småkøllesopp		2	94	
<i>Entoloma asprellum</i>	blåstilka raudskivesopp		1	94	cf. 94
<i>Entoloma caeruleopolitum</i>			1	94	92
<i>Entoloma exile</i>		V+	2	94	
<i>Entoloma infula</i>	bleikskiva raudskivesopp		1	94	
<i>Entoloma longistriatum</i>			1		cf. 93
<i>Entoloma poliopus</i>			1	94	
<i>Entoloma sericeum</i>	beite-raudskivesopp		1	94	
<i>Entoloma sp.</i>			1	94	
<i>Geoglossum fallax/umbratile*</i>		V+	2	94	
<i>Hygrocybe ceracea</i>	skjørvokssopp		1	94	94
<i>Hygrocybe chlorophana</i>	gul vokssopp		1	94	92,93,94
<i>Hygrocybe coccinea</i>	mønjevokssopp		1	94	92,93,94
<i>Hygrocybe conica</i>	kjeglevokssopp		1	94	
<i>Hygrocybe helobia</i>	brunfnokka vokssopp		1	94	
<i>Hygrocybe ingrata</i>	raudnande lutvokssopp	V	4	94	
<i>Hygrocybe insipida</i>	liten vokssopp	V+	2	94	93
<i>Hygrocybe laeta</i>	seig vokssopp		1		92,93,94
<i>Hygrocybe lepida</i>	kantarellvokssopp		1	94	
<i>Hygrocybe miniata</i>	liten mønjevokssopp		1		93
<i>Hygrocybe nitrata</i>	lutvokssopp	V+	2	94	
<i>Hygrocybe psittacina</i>	grøn vokssopp		1	94	
<i>Hygrocybe punicea</i>	skarlagenvokssopp		1	94	92
<i>Hygrocybe quieta</i>	raudskivevokssopp	V+	4		
<i>Hygrocybe reidii</i>	honningvokssopp		1	94	92,93,94
<i>Hygrocybe unguinosa</i>	grå vokssopp		2	94	
<i>Mycena flavoalba</i>	elfenbeinshette		1	94	93
<i>Mycena olivaceomarginata</i>	brunkanthette		1		94
<b>SUM ARTAR</b>		<b>9</b>	<b>34</b>	<b>28</b>	<b>14</b>
<b>SUM POENG</b>				<b>44</b>	<b>16</b>

\* materialet er bortkome, men tilhørte ein av dei to artane.

## Ørsta/Stranda, Norangsdalen

**Generelt:** Dette er ein trong dal med mektige fjell på begge sider. Heile området er prega av snøraspåverknad. Det er lite tre og busker som overlever under slike tilhøve, og store deler av dalføret består av gras- og urterik engvegetasjon med lite forveda planter. Vi har laga ei felles karplanteliste for dei tre lokalitetane som blir beskrivne. Lista omfattar 52 artar, og av desse er det 13 "naturengplanter". Av desse var det ingen uvanlege, heller ikkje nokon som indikerer kalkhaldig jordsmonn.

Beita rasmarker har i alle undersøkte tilfelle både her og andre stader vist seg å ha lite beitemarkssopp. Dette trur vi kan ha å gjera med ustabil jordsmonn. År om anna kan det gå ras som er så kraftige at dei riv opp eller forskyvar jordsmonnet. Det kan også tenkjast at jord med stor hellingsgrad sig ein del når ho er vassmetta, og truleg tek det da lang tid før beitemarkssoppene lagar fruktlekamar på nytt, om dei i det heile tatt trivst under slike tilhøve. Beitemarkssopp synest å trivast best på stader med stabile tilhøve.

I dette dalføret er det derfor truleg landskapet, historia og kulturminna som er dei mest verdfulle sidene ved kulturlandskapet.

## Dei nordlegaste setrene

Kartblad, UTM-koordinatar: 1219 II Geiranger, LP 825 937

Landskapsregion: 22. Vestlandets midtre fjordbygder

Undersøkt: 14.9.94 (GGa & JBJ)

**Områdeskildring:** Setrene ligg like ovafor veggen ved sørenden av Stavbergvatnet, men er utan namn på økonomisk kartverk og M711-kart. Området er heilt ope, med ein einerbakke nord for setrene. Husa er små og står bygd oppunder store steinar for å berga seg mot snørasa. Ved elva er det ei større slette der flommar sannsynlegvis gjer jordsmonnet like ustabil for beitemarkssopp som snørasa i hellingane.

**Kommentarar til funn:** Det vart funne 8 artar av beitemarkssopp, noko som gav 12 artspoeng. To hensynskrevande artar vart funne, raudskivevokssopp og *Entoloma exile*. Vegetasjonen var triviell, men med eit bra innslag av "naturengartar".

**Konklusjon:** Lokaliteten har truleg lokal biologisk verdi. På grunn av snørasa vil landskapet truleg ikkje gro så lett att slik som mange andre stader. Derfor vil beitet kunne halda seg sjølv om talet på beitedyr minkar i framtida.

## Urdasetra

Kartblad, UTM-koordinatar: 1219 II Geiranger, LP 825 922

Landskapsregion: 22. Vestlandets midtre fjordbygder

Undersøkt: 14.9.94 (GGa & JBJ)

**Områdeskildring:** Området er heilt ope med lite forveda planter, noko som kan tilskrivast ein kombinasjon av snøras og beiting. Seterhusa ligg i ly for snørasa av nokre bergknausar og store steinar som vernar mot det verste trykket.

**Kommentarar til funn:** Rundt Urdasetra var det ein del nitrofile (gjødselkrevande) planter, elles var vegetasjonen mykje som på førre lokaliteten. Beitemarksvegetasjonen var også her nokså triviell. Det vart berre funne 7 vanlege og vidt utbreidde artar av beitemarkssopp.

**Konklusjon:** Same som den førre lokaliteten.

## Rasmark Strandasida

Kartblad, UTM-koordinatar: 1219 II Geiranger, LP 820 898

Landskapsregion: 22. Vestlandets midtre fjordbygder

Undersøkt: 14.9.94 (GGa & JBJ)

Områdeskildring: Dette er eit stort snøraspåverka område med meir høgt gras enn på Ørstasida. Beitemarkket er lite her, og snørasa er dermed den viktigaste faktoren som held engvegetasjonen ved lag.

Kommentarar til funn: Vegetasjonen var relativt artsfattig og triviell, og det fanst omtrent ikkje beitemarkssopp.

Konklusjon: Som dei to føregåande lokalitetane.

Tabell 35. Planter funne i Norangsdalen 14.9.94. <sup>1</sup>naturengplanter (sjå tabell 1).

bjørk	engsyre	hengeveng	marikåpe-art	sølvbunke
blåbær	finnskjegg <sup>1</sup>	hestespreng	myrfiol	tepperot <sup>1</sup>
blåklokke <sup>1</sup>	firkantperikum	hårfrytle	myrtistel	timotei
blåkoll	fjellmarikåpe <sup>2</sup>	hårvæve-gr. <sup>1</sup>	raudsvingel	tiriltunge <sup>1</sup>
bringebær	fugletelg	jonsokkoll <sup>1</sup>	ryllik	tyttebær
einer	følblom	kattefot <sup>1</sup>	røsslyng	vanleg arve
engfrytle <sup>1</sup>	gaukesyre	kjertelaugnetrøst <sup>1</sup>	sauetelg	vanleg høymol
engkvein	geitsvingel <sup>1</sup>	krekling	skorstorkenebb	vassarve
engrapp	grasstjerneblom	krypsoleie	smyle	<b>Sum artar: 52</b>
engsoleie	gulaks <sup>1</sup>	kvitkløver	stornesle	"Naturengartar": 13
engsvingel	harerug <sup>1</sup>	lækjeveronika <sup>1</sup>	strutseveng	"Seterartar": 1

Tabell 36. Beitemarkssopp funne i Norangsdalen, med artspoeng for kvar art og for kvar lokalitet. For kvar lokalitet er det oppgjeve kva årstal artane er funne. Raudlistestatus (sjå tabell 2 s. 21): V+ = hensynskrevande.

1 Dei nordlegaste setrene

2 Urdasetra


3 Rasmark Strandasida

Latinsk namn	Norsk namn	Raudliste status	Poeng	1	2	3
<i>Bovista nigrescens</i>	stor eggrøyskopp		1		94	
<i>Camarophyllum flavipes</i>	fiolettgå vokssopp	V+	2		94	
<i>Camarophyllum pratensis</i>	engvokssopp		1	94		
<i>Clavulinopsis helvola</i>	gul småkøllesopp		1		94	
<i>Entoloma asprellum</i>	blåstilka raudskivesopp		1	94		
<i>Entoloma exile</i>		V+	2	94		
<i>Entoloma infula</i>	bleikskiva raudskivesopp		1		94	94
<i>Entoloma sericeum</i>	beite-raudskivesopp		1		94	
<i>Hygrocybe ceracea</i>	skjørvokssopp		1	94		
<i>Hygrocybe chlorophana</i>	gul vokssopp		1	94		
<i>Hygrocybe laeta</i>	seig vokssopp		1	94	94	
<i>Hygrocybe quieta</i>	raudskivevokssopp	V+	4	94		
<i>Hygrocybe reidii</i>	honningvokssopp		1	94	94	
<b>SUM ARTAR</b>		<b>3</b>	<b>13</b>	<b>8</b>	<b>7</b>	<b>1</b>
<b>SUM POENG</b>				<b>12</b>	<b>7</b>	<b>1</b>






Øyst: Storpa i Henøy var frøflytta tidlig på 1970-talet, men beita av sau til 1992. Trass i beiting av villgeit er dette eit godt eksempel på eit kystsentrulandskap i tillegg til at grøing. Den utryddingsruga vokssoppen *Camarophyllum canescens* vart funnen her i 1994 før første gang i Noreg. Den står i fare for å døy ut etter at sauene er borte.  
Neast: På Remmem i Rauma ligg eit stort område med ei rekke artar av beitemarksopp og "naturengplanter". Slike artsrike innmarksbeite tek til å bli sjeldne.

Øst: Skageflå i Geiranger har vore ute av drift i snart 80 år. Her fann vi berre tre "naturengplanter" og ingen beitemarksopp. Dette er eksempel på ein fjordgard i langt kommen attgrøing med høgt gras, buskars og skog.  
Nedst: Norangsdalen i Ørsta er eksempel på eit sterkt snøraspåverka utmarksbeite. Vi fann 13 "naturengplanter", men få beitemarksopp. Det siste kan truleg forklares med ustabilitet jordmonnen.



Øvst t. h.: Kopartunge er ein sjeldan, kalkrevande jordungeart, her funne for første gang i Møre og Romsdal. Mulevika, Herøy.  
Nedst t. h.: I Sandvika, Skuløyra, Haram finst også kalkrik skjelsand slik som i Mulevika. Dese to vokssoppartane er begge kalkrevande: t. v. brunøgd vokssopp, einaste funn i fylket til no, t. h. kanistripa vokssopp, eit av to funn i fylket.

Øvst t. v.: Entoloma dichroum, første funn i Noreg. Mulevika, Herøy.  
Øvst i midten: Gul smafingersopp vaks i store mengder i Mulevika, Herøy.  
Øvst t. v.: Engvokssopp forekjem i to fargevarianter. Til venstre den vanlege, til høgre ei bleik form (var. pallida) som er sjeldan og berre funne nokre få ganger i Noreg på kalkrik jord. Mulevika, Herøy.



Øyst t. v.: Parti frå Kabben i Brøstdalen, Rauma. Her gjorde vi flere interessante funn, m. a. 2. funn i fylket av haustmarinøkkel, og 3. funn i fylket av trolljordunge.  
Nedst t. v.: Geitådalen i øvre Sunndal er ein aristrisk seterdal med kalkholdig jordsmønster godt betenrykk av sau og storfe. Begge bildene viser eksempl på seterområde i ganske god hevd, ein kulturmarksype som vi framleis har ein del att av.

Øyst t. h.: Kalkhaldig natureng på Hafkjæsen i øvre Sunndal. Her er ein av få kjente vækststadler for sandfiol i fylket, og elles m. a. svarthodneunge og dvergnjølsopp. Tørrbakkar i god hevd er eit innlandsfenomen som er ganske uvanleg i fylket. Bakkesøe er ein karakterart for ytrehenda seterområde i kalkrike områder. Arten har gått sterkt attende i Norden. Gammelsetra, Lindalen, Sunndal. Nedst t. h.: Fjellmarinøkkel, ein typisk "seterart" fotografert i Brøstdalen, Rauma.



Øvst t.v.: Marinøkkel er ein god indikator på artsrike naturenger og naturbeitemarker, særleg i seterområda. Jordalsøra, Sunndal.

Øvst i midten: Engmarihand finst m. a. i kalkrike, tidlegare slåttemyrer på Nordmarka i Surnadal.

Nedst t. v.: Lite gjødselpåverka slåtteeng med blåklokke, harerug, småengkall, tepperot, gulaks m. m. Jordalsøra, Sunndal.

Øvst t. h.: Stortveblad er også ein orkidé som kan finnast i kalkrik eng og kalkrike myrkantar. Tidlegare slåttemyr ved Vaulen, Nordmarka, Surnadal.

Nedst t. h.: Grov nattfiol er ein eng- og kantart som er mindre vanleg i fylket. Jordalsøra, Sunndal.

# **DISKUSJON**

## **Spesielle problem med undersøkingar av sopp**

Vi har i tidlegare rapportar drøfta korleis soppfloraen varierer med veret, og at registrering på eit bestemt tidspunkt berre vil avdekkja ein brøkdel av dei soppartane som faktisk finst på staden (Jordal & Sivertsen 1992, Jordal & Gaarder 1993). Erfaringane våre tyder no på at eitt besøk kanskje avdekkjer rundt halvparten av dei artane som faktisk finst, og at tre sesongar kan avdekkja rundt tre fjerdedeler av artane. Av dei 55 undersøkte lokalitetane i 1994, er 34 lokalitetar besøkt for første gong, 15 lokalitetar for 2. gong, og 6 lokalitetar for minst 3. gong. Eit eksempel på kva fleire besøk har å seia, er Mulevika i Herøy. I 1993 fann vi her 14 artar beitemarkssopp. I 1994 fann vi att 11 av artane frå 1993, og i tillegg heile 26 nye artar, ialt 40 artar av beitemarkssopp. Dette viser klart kor stor variasjonane kan vera frå år til år. Potensialet for å finna mange nye artar er størst på lokalitetar som i utgangspunktet peikar seg ut som artsrike.

Undersøkingar av sopp gjev trass i dette mykje verdfull informasjon om lokalitetane når vi berre brukar resultata positivt og unngår negative konklusjonar om tilsynelatande artsfattige lokalitetar.

## **Verdisetting av lokalitetane**

Vi har i verdisettinga av ein del lokalitetar i denne rapporten prøvd å kombinera opplysningars om sopp og planter. Alle lokalitetar har data om sopp, men berre ein del av lokalitetane har data om planter. I tabell 8 (s. 28-29) er lokalitetane med meir enn 15 artspoeng for sopp sorterte etter talet på artspoeng. Av denne tabellen kan ein sjå at lokalitetar med høge artspoeng for sopp som i tillegg har data for planter, jamt over også har eit høgt tal "naturengplanter". Dette tyder på eit visst samsvar mellom sopp og planter i den gruppa av lokalitetar som har stort mangfold av sopp. Det er likevel slik at for mange lokalitetar med eit stort tal beitemarkssopp vil eit studium berre av plantelivet oftast ikkje gje grunnlag for å seia at lokaliteten er særleg verdfull. Mange lokalitetar, særleg på kalkfattig jord, har eit stort tal sjeldne beitemarkssopp men derimot berre eit trivielt utvalg planteartar. Det synest derfor som at beitemarkssopp skiljer ut dei verdfulle lokalitetane betre enn plantene.

I tabell 9 (s. 29) er lokalitetar med data for planter sorterte etter talet på "naturengplanter". I dette tilfellet ser vi at samvariasjonen mellom talet på "naturengplanter" og talet på artspoeng for beitemarkssopp ikkje blir like overbevisande. Ei forklaring på dette kan vera at dei aller fleste lokalitetane er besøkt berre ein gong, og at datagrunnlaget for sopp derfor er dårlig. Særleg gjeld dette ei rad lokalitetar i øvre Sunndal der det i 1994 vart funne svært lite sopp i det heile. Det er grunn til å tro at betre datagrunnlag for sopp ved undersøkingar gjennom fleire år vil gje ein betre samvariasjon, slik at lokalitetar med mange "naturengplanter" i mange av tilfella også vil ha mange artar og høgt tal artspoeng av beitemarkssopp. Det kan også tenkjast at somme lokalitetar med mange "naturengplanter" vil visa seg å ha få artspoeng for beitemarkssopp sjølv etter mange års undersøkingar. Dette trur vi mellom anna kan gjelda for tørrbakkar i indre strok.

Ein annan forventa samvariasjon kan illustrerast med data frå Skageflå i Geiranger: Ved attgroing finn vi både få "naturengplanter" og få beitemarkssopp. Vi meiner elles å ha observert at dei fleste "naturengplantene" toler meir attgroing og gjødsling enn beitemarkssoppene.

Ein interessant observasjon i tabell 9 er at det synest vera liten forskjell mellom seterområda og kysten når det gjeld talet på "naturengplanter". I tabellen, der lokalitetane altså er sorterte etter talet på "naturengartar", ser ein at lokalitetar på kysten, i midtre strok og i seterdalane kjem hulter til bulter. Dette tyder på at ein verdettingsmetode basert på "naturengplanter" kan nyttast for heile fylket. På kysten vil ein finna fleire kyststartar blant "naturengplantene", og i innlandet fleire innlandsartar, slik at det totale artstalet synest å bli mykje det same uansett.

Ein hovudkonklusjon frå erfaringane så langt er at ein kombinasjon av "naturengplanter" og beitemarkssopp gjev eit betre og breiare grunnlag for verdsetting av lokalitetar enn berre ei av gruppene åleine, og at verdsetting på grunnlag av ei gruppe lett kan gje ufullstendige og feilaktige konklusjonar.

## **Skjøtsel: ordinær drift eller kunstig anding?**

Vi meiner det finst klare parallellar mellom å ta vare på bygningar og reiskapar av kulturelle grunnar, og det å ta vare på gammalt kulturlandskap av biologiske grunnar.

Bygningane i jordbrukslandskapet er ein kombinasjon av nye og gamle våningshus og driftsbygningars. I nokre tilfelle har ein fjerna det gamle og skreddarsydd bygningane etter dei nye behova. I andre tilfelle har ein sett gamle hus i stand for å møta nye behov for bostandard og moderne drift, men på ein slik måte at det tradisjonelle preget blir tatt vare på. I etter andre tilfelle er gamle hus så spesielle at dei ikkje høver til noko av dei behova bonden har i dag (t. d. kvernhus og høylør). Nokre få av desse blir no tekne vare på sjølv om dei i dag ikkje fyller nokon annan funksjon enn å minna oss om kultur og arbeidsmåtar som høyrer fortida til. Somme gjer dette med statlege tilskot, andre utan, men det skjer alltid ut frå eit bestemt verdisyn.

På same måte er det med bevaring av naturtypar i kulturlandskapet, men vi har hittil hatt mindre forståing for desse verdiane. Mange gamle driftsformer var så arbeidskrevande og lågproduktive at vi har forlate dei heilt, og "bygd nytt" i form av åker og eng tilpassa maskinell drift. Enkelte tradisjonelle naturtypar som seterbeite og kystbeite har framleis økonomisk interesse, og blir tekne vare på til ein viss grad, men med mindre ryddeinnsats enn før. Enkelte naturtypar som artsrike, lite gjødselpåvirka slåtteenger er no på det nærmeste borte fordi effektivitetskrava har fråteke dei omtrent all økonomisk verdi.

Det er minst like viktig å spreia kunnskap og entusiasme for å ta vare på desse gamle kulturmarkstypane som det er å stimulera til restaurering av gamle høylør og kvernhus. Dei fyller ofte ikkje daglege behov for rasjonell drift, men nokre av dei inneheld ei rekke artar som no går sterkt attende. Dette er ikkje meir nostalгisk enn å ta vare på kulturminne. Tvert imot er det her tale om artar som er utvikla gjennom millionar av år, og som mellom anna inneheld arvemateriale som er heilt uerstatteleg. Talet på kjende, særleg verdfulle naturenger er mellom 5 og 10 både i Møre og Romsdal (eigne undersøkingar) og i Hordaland (M. Losvik pers. medd.), det burde derfor ha vore ei "vekking" om slåtteengene for 10-20 år sidan tilsvarande merksemda om "blommerna på ängen" hos svenskane på 1980-talet.

Ein representant for ei av dei mange "hembygdsföreningerna" i Sverige som har teke på seg slått av gamle naturenger uttalar i boka Ängar (Ekstam m. fl. 1988, s. 20): "Man har tagit itu med det största och viktigaste av minnena från den gamla bondekulturen: marken och dens

växtlighet. Föreningen har inte hamnat i den tragiska situasjonen, som råder på många håll med liar, räfsor, brynebyttor och andra slätterredskap hängande i hembygdsmuséet, men ingen äng att vårda."

